

bokselskap.no, 2014

Olav Duun: *Siste leveåre* (1933)

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1933. Digitaliseringen er basert på fil Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-195-0 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-196-7 (epub), 978-82-8319-197-4 (mobi)

Teksten er lastet ned fra [bokselskap.no](http://bokselskap.no)

---

Olav Duun

# Siste leveåre

1933

[I.](#)

[II.](#)

[III.](#)

[IV.](#)

[V.](#)

---

## I

[5] Ein dag fekk Håkon bud om døden. Han hadde eit lite år å leva i, så var det slut med det.

Det var ein dag frampå vårparten, ein vanlig og vakker dag. Han visste ikkje kvifor han valde seg ut denne dagen å gå til dokteren, men det vart no slik. Han kunde ha gått før, eller òg kunde han ha sett det ut ei tid enno. Det var lenge sia han kjente det, der hadde komme ein lagna over han, han var dømt både utanfrå og innanfrå.

Så ein vakker dag var han på veg til dokteren ja. Om han virkelig var sjuk? spurde han seg. Det er det eg vil vita, svara han. Heime hadde han ikkje sagt nokon ting. Dei såg ikkje ut som det skilde dem, ikkje Ragnhild nei, hans eige

kone, ikkje Hallvard heller, einaste sonen hans, vesle Tale vilde han ikkje snakke om, ho var berre ein 4–5 år ho. Dei åtte ikkje aning om anna enn sitt; som vel var no det.

Slik var det med dagen òg, han var så reint utan aning. Kvite nysnøen, han kom bort nær sagt med ein såg på han, fjorden blikka i mot ein så vassblankt han var mest ikkje til, kvitskyene stod still høgt oppe i himmelblånaen; så rann der [6] eit kaldt andedrag gjennom det heile. Ein kom visst til å minnst det all sin dag. Den stunda ein hadde att, burde ein vel heller seie.

Håkon syntes han hadde sove til no, i alle dei 5–6 åra etter Ragnhild kom heim, det hadde gått så stilt og lykkelig, til han merka her i vinter at han var sjuk. Men da vakna han og såg at han gjekk som ein tust på garen, ein tust for heile bygda. Slikt kom ventelig for ein når ein ikkje var frisk lenger, men dette var *sant*?

Ja visst var han sjuk, men han hadde ikkje gitt det nokon ans, han kjente det og glømte det: Hjarate var gale, og hovude med, stundomtil, det var aldri som det *skulde* vera. Heile kroppen var i grunnen ukjennelig. Det kunde da ikkje vera berre sjela i han som var skral?

Å nei da. Og i dag skulde han få vita det. Det var forunderlig, mest som noko nytt og stort venta på han. Han var rolig da han gjekk, enda han hadde det klårt for seg kor mykje der stod på spel for han. Der fanns mange som utan skade kunde vera sjuke, dei kunde ta seg fri og døy for den saks skyld, det vart ikkje ein gong ei skam, men slik var det ikkje for han. Av mange grunnar var det ikkje slik nei. Han vart nøydd til å sette seg opp mot sjukdommen. Det var et lite syn kor kaldt Ragnhild undrast over han i dag da han gjekk, som over tomsingen der han fer og rek og er ingenting til. Men kanskje ho iddest ikkje ein gong undre seg? Og Hallvard ja, han var berre [7] ein 13–14 år, men sjøl veit kva han tenkte om far sin.

Best han stod på dokterkontore, da merka han at dette hadde han opplevd før, kvar liten tingen auga fall på, og den vesle rørsle det skapte i han, seg sjøl og alt som var den stunda her, ja og så svare han kom til å få av dokteren. Slik og slik ja gjekk dokteren han over og røkte etter feilen, just slik var andletsdraga hans og blikke, med det stod på og da han var ferdig. Ja ha og jau.

Svare kom det òg ja, isi tid. Same orda og same tonelage, uendes vårhendt.

Resten sa han ikkje, for han sa minst mulig denne nydokteren, men Håkon las det i tankane hans, så tydelig som bokstavane på veggen der. Da spurde han like godt beint ut:

– Men eitt leveår må eg da ha att?

Dokteren såg på han. – Eitt? sa han. Hm! kremta han. Han sa meir òg, Håkon hørte det låge rustfengde måle hans, noko om korles han skulde leva og vera varsam, fleire gode doktorord. Han veit ikkje at eg veit det, tenkte Håkon.

Eitt år ja. Ikkje på dagen kanskje, han visste ikkje på ein prikk kva dag ein laut rekne tida i frå, men eit år var tida hans. Dokteren var lei for at andlete hans hadde fortald det.

Han gjorde seg ferdig hoss dokteren og gav seg til å gå heim.

Same lysmilde dagen ute. Himmelen tok alt til å kveldfarge seg vestpå. Så fredsamt er det [8] vi kallar naturen, når ein augefestar det, godt og kvardagslig, liksom live, kunde du seie. Ja ja, slik såg desse tingane ut, i dag, tenkte han og gjekk.

Ragnhild spurde om han hadde vore ute og gått.

– Ser så ut, svara han, og da kunde han ikkje anna, han smilte. Vilde ho vita meir, da fekk ho spørre meir. Men det gjorde ho ikkje, ho hadde anna å tenke på, i dag som elles. I dag som ein annan dag ja, han slo det fast og var fornøgd med det.

Og kvelden vart det, folk gjekk og la seg og gav seg sømnen i vald. Håkon gjorde det same. Han låg ikkje vaken stort lenger enn han pla gjera.

Midt på natta vakna han opp utor ein draum, og det var same draumen han hadde ei natta før. Han hadde set ein veg framfor seg, eit lite stykke bortgjennom bygda, og det var den vegstubben som var tilmåta åt han. Veggen sjøl fortalde han det, berre han såg på han, – og der borte ser du slutten, sa han. Sola lyste over vegen, men det var ei sol han aldri hadde set før, den hadde ingen set! Det var eit utrivelig vakkert lys; ein vart åleine i det, all verda hadde gått der i frå.

Dette var berre ein draum, berre vass som tankane fann på når ingen styrde med dem. Men, det var like vel sant nok, for han. Han såg eit par stjerner ute på himmelen, og fresta blunka til dem: jau da, han kom i hug korles det stod til. Han sovna i frå det att. Om morgonen låg han [9] ei stund vaken før han stod opp, låg med hendene under nakken og såg i take.

Sia om dagane såg han same sanninga, best han gjekk eller stod. Det var så *trulig* at han skulde døy i frå det som var i kring han; det var siste vegstubben sin han heldt på og gjekk, og mo åleine var han. Han visste at om han såg i kring seg etter råd eller hjelp, da vilde alle og all ting slå ned auga for han, slik dei gjer det for nøda, for hjelpeløysa. Da tok han heller til med arbeidet sitt. Det hendte han plystra seg ein tone eller to, lat det vera så barnslig det vilde.

\*

Han var meir sjuk enn han brydde seg om å vita. Det var særlig over veikryggen det var så rart, der i frå rann maktløysa ut i all kroppen, han kunde bli ståande og svimre best det var. Nå, men datt gjorde han ikkje. Og hjarte kom att om det var aldri så borte tak og anna.

Arbeide og maten hadde dokteren nemnt. Håkon for rådelig fram med båe delene, når han da kom i hug det. Oftast tenkte han på andre ting, tenkte nærmare over eitt eller anna som han hadde snudd tankeløysa til før.

Det var for seint no, men han vilde gjera det like vel, sjå tilstande sitt i auga, det han var eller hadde vore. For no var han da vaken nok til det.

Det var det først og fremst, at han hadde gått her og trødd og vilde vera bonde, vera heilt ut det han var skapt til. Bonde ja, bonde-mann.

[10] Dei lo gjerne til han nokon kvar, for han hadde virkelig trudd han var det. For dei hadde set det all tida, at det var just det han ikkje var.

Det var han som sendte kona si på tukthuse. Ho hadde komme i skade for å slå i hel eit menneske, og det var far hans, men kva slag menneske var han? Han var ikkje eit menneske. Og han, Håkon Dale, dømte henne og sendte henne i veg. Enten det var rett eller gale, som dei kallar det, ein virkelig bonde hadde aldri gjort det. Kunde umulig ha gjort seg så mykje mindre enn henne nei, så rettferdig.

Først han synte seg så såg dei det. Om dei var stort friskare innvendes dei, var eit spørsmål for seg, eit spørsmål for *dem*. Men der var dei. Og der var Ragnhild sjøl. Ho lest som ho ikkje hadde set nokon ting enno.

Og der var Periander Henningstad, som han kom til å svike ein gong. Periander tilgav det, men Håkon ikkje. Han hadde gått og hata han og vilde vera ansles enn han. Ein bonde vilde ha funne seg einkvart anna å bale med. Og ein

bonde sat ikkje og åtte eit mølnbruk som han mól seg til armodsmann på, ned og ned for kvart åre, så jorda måtte skjøtte seg sjøl mykje godt. Han hadde set det før no, men han åtte ikkje hjarte til å gjera ein ende på det. Han var ikkje mann til å kreve inn mølnleiga ein gong.

Ragnhild sa ikkje noko om det heller. Så lite av von såg ho framfor dem. Ho tykte heller [11] vondt om han. Det var ingen konst å sjå det no.

Ein dagen såg han det same i auga til Hallvard.

Han vart nøydd til å snakke åt han for einkvart lite. Han gjorde det mildt, for det var rettaste måten med Hallvard, når ein berre kom i hug det. Hallvard, den skarvnaaken, ein vart huga på å rishy han somtid. Først fór han med all slag som ulovlig var her i garen. Etterpå stod han og såg ned og umaka seg ikkje med å nekte, kunde enda dra på smilen når han fekk høre om streka sine. Først såg han ned ja, men så kunde han sjå beint i auga på ein, på sin eigen far.

Det kom for Håkon somme gonger, at denne gutknekten var opfunnen av ein fiendsmann, til eit pek for foreldra sine. Men i same stunda tykte han det òg, at han var skapt av Gud sjøl i ei ledig stund, det fall seg slik, – så kunde dei sjå kva der vart av han.

Denne gongen hadde han og ein annan gut-tosk vore borti ein av grannegarane om natta, hadde sett bjølle på grisen, sett dombjøllkransen på den store galten og slept han ut. Grisen til å renne og ringe alle husa rundt, midnattes tid, han sprang seg tvert galen. Kvifor Hallvard fór med slikt? Berre idelig synd og kåtskap. Eller om der var eit gryn med hemn i det denne gongen? Den gjenta det gjekk ut over hadde ein gong tukta han på ein slik måte at han vart uverdigg framfor kammeratane, han var så liten enda at ho kunde handsama. [12] han som ho lysta. Det var vondt oppfunne, og det sat kanskje i den dag i dag.

No var ho slik ei stasgjente, og ho var høgt forlova, med ingen ringare enn prestsonen, og han var snart prest sjøl. Men gjenta ho stal seg ut i lag med simpelt folk, og denne gongen kom ho heim frå dans samen med ein vanlig gutslamp, just da galterenne tok til. Folke på gåren fór opp og ut, far hennes føre dei andre, og sprang seg beint på parfolke som hadde komme til gars, – det var lyse vårnatta, og dei to syndarane var så forstøkte dei fresta ikkje komma seg i skjul ein gong. Det vart inga lita stund ute i tune, kan ein vita.

Men einkvan kom vanvares til å sjå bort under stabure, og der låg dei to

skarvane som hadde fått stasen i stand. Juling slapp dei, men foreldra vart vårskudde om sønene sine. Og Håkon tok for seg sin.

Da var det han såg dette i auga hans. Dei tok som ein takst på han; dei skjønna ikkje at *han* sa nokon ting. Det var ikkje vondskap, berre undring: han kjem og er far min, han står og tuktar meg, men garen har han vanstelt, og kvennbruke har han vanstyrd, han let seg snyta av kvar den som berre vil, kor lenge kjem vi til å finne oss i han, tru? Men *eg* kan tie og ta i mot, ikkje farlig med det. Alt dette syntes Håkon dei fortalde han i ein blunk.

Eg bør vera mild tvert igjenom no, tenkte han. Eg som er sett utanfor. Men hardt var det. Han [13] vart maktlaus, han laut gå og sette seg. Bak i ryggen dunka det tungt, dunka og minte han om tilstande. Hjarnte tok til med konstene sine det òg.

Han vart sittande og sjå eitt og anna. Det tok han seg tida til oftare etter kvart. Kvifor ikkje? Eit år er bra langt til det bruke. Sjå over det ein er ferdig med lyt ein gjera, same korles det ser ut.

– Men han innerlig fortære! sette han i. Det hadde han gjort eit par gonger før òg, etter dødsdommen fall over han. Ja, for dei andre skulde leva dei, og han skulde *døy*! Det er ein skilna det, godt folk. Har de røynt det, nokon av dykk? Har de lese dommen dykkar i dokterauga? Nei. Det er meg det gjeld. Meg personlig, eg skal lide *døden* eg. De kan tenke på andre ting.

Det hendte han vart huga på å snakke med eit menneske. Det vart han no òg. Da kom han til å tenke på Lea. Ikkje for det at ho var søstra hans, halvsøstra hans, men ho var eit dumt og forunderlig menneske. Einkvan kalla henne ei gjeit ein gong. Den gongen kjente han på seg kva blodhemn var for noko.

Eit dumt og forunderlig menneske ja. Det var Ragnhild òg, men det var på eit anna vis. Henne var det umulig å snakke med, for han; – det er eg ventelig for liten til, tenkte han og hadde det vondt. Ho skal leva og sjå det, meir og meir, at eg var eit ingenting på jorda. Fattigdommen blir einaste minne etter meg, skyld og gjeld og [14] småmanns-kår. Han og far hans, tenker ho, og så slepper ho det utor tankane att.

Var det ikkje så sant som det er, sa han og reiste seg, da skulde eg vera like blid.

Men ein dagen såg han sanninga i det, sjølvve meininga med det.

Det var ei vakker stund da det gjekk opp for han, jorda vart fager under himmelen.

Han såg at han hadde fått eit år til å *fullbyrde* seg i. Eit nådensår. Rundt i kring deg er jorderike, og det er fullt av verdiar, av store og små ting som ventar på deg, at du ser dem og eignar dem til deg og er herre over dem. Verre er det ikkje nei, menneske er sett ned i verda og skal vera herre der, over verda og over lagnaen sin.

Og når ein har vorte Håkon Dale på Stavsund, slik og slik innvendes og utvendes, da er ein det. Da er du det ja, du er han og ingen annan. Resten lyt du ordne sjøl, med hovud og hender.

Og eit år, ser du, det er mykje levetid det. Du kan arbeide deg opp utor elende og døy med æra.

Han gjekk lenge i kring og såg og undra seg. Det vart meir og meir sant. Han måtte sette seg og kvile og vera rolig mann. Det hasta ikkje, det stod ikkje om ein dag eller to.

Der såg han Ragnhild, ho gjekk over tune, gjekk vegen sin frå stabure til kjøkene med veslegjenta etter seg, såg ein gong hit og ein gong dit. Ho vilde kanskje ha ropt han inn til måls. Ho [15] visste ikkje at han sat der, og slett ikkje kvifor han sat der, tenkte ventelig ikkje på det heller.

\*

Ragnhild gjorde det. Der var eit par ting ho skulde ha snakka med han om, men det var lite å sjå til han i det siste. Der måtte vera eitt eller anna som plaga han. Han burde aldri ha havt så mykje styr for seg, så mange planer og slikt. No var det dette med Hallvard òg, – ho måtte le, best ho gjekk, enda ho var hjartans harm på gutungen: gjenta kom vel knapt til å smake fleske av den grisen, veit eg? Ja visst var det stygt gjort, Håkon fekk jamenn kviste etter knekten litt ålvorlig. Men så uhuglig lett som det var å skjønne gutungen: Kvifor skulde der ikkje vera litt musikk når der kom folk til gars?

Men Håkon hadde ho undrast litt på i det siste. Han kom heim så merkelig i andlete her ein dagen, enten han var glad eller nedfor visste ho ikkje, men noko *var* det, og sia vart han for det meste gåande slik. Som Lea sa, det var all denne økonomien hans som åt han opp. I det siste var han til med redd at ho skulde få vita om all skylda dei stod i. Ja ja, hadde ho tenkt, når så var, da vilde ho heller



ikkje vita om det.

Med kvart kom det for henne, han hadde kanskje fått seg eit vondt ord av einkvan. Det kunde vera om henne for den saks skyld; det var no så at han hadde ein tukthuslem til kjerring. I grunn og botn tok han seg ikkje nær av det, dei hadde [16] talast ved om det mange gonger. Men det var før. No om dagane såg han hårsår ut.

No ja, litt skal ein ha for det ein fekk bli menneske, han billte seg da ikkje inn at han var frikar i verda? Det var ikkje farlig med han. Der var bra med liv i han.

Ho la merke til det seinare om dagane, der vart meir og meir liv i han; – liksom der har komme ei stor guds lykke over han att, tenkte ho. Stort meir hadde ho ikkje tid til å tenke, det var så godt med det.

Han fortalde henne sjølmint ein dagen, berre i farten slik, kva han hadde for seg.

Det var dette lakshalde vesti øyane, det han leigde i fjor. Han vilde freste i år òg. Det var Paul som kom over det i fjor, han var ungar og fartykar og fór allstads og rak. Der sat det ei enke med ein ungeskroll på ein garfleck, dei hadde jamgodt med ingenting å leva av. Han og Håkon leigde lakshalde, dei vilde freste lykka. Håkon rusta ut ekspedisjonen, og Paul vart utnemnt til ekspedisjons-sjef.

Det gjekk bra. Men så fann dei på å gjera ei hærferd ut i Ertenvære. Det er nokre småøyar vest i ville have, ingen hamn der, og eit stygghol med sjø og vêr. At dei våga live sitt var no ei sak for seg. Håkon var med der ute den veka. Dei våga alt i hop.

Og der var laksen. Dei lasta båten første dagen, og andre dagen slikt slag, men så kom sjøen, nett [17] slik vettugt folk hadde spådd, og han gjorde snaut kring skjæra, tok kvar ein smitter og smule av raske deres. Ragnhild hadde ikkje fått høre noko om kor nær på det var for karane.

Dei fresta ikkje ein gong til. Håkon var gudskjelov så pass skyldig før, han kjente seg ikkje helse for å rå til nye laksnøter. Alt i alt kom dei frå ekspedisjonen sin til øyane utan tap, og Håkon hadde tinga på lakshalde eit år til.

No var han huga på å freste for alvor, hørte ho. Heime her hadde det gått litt att og ned med laksen etter kvart, bra eitt år og dårlig i både eitt og to; det slo ikkje til. Rusta ein seg ut med bruk som *heldt*, sa han, da skulde Ertenvære få ut



med skatten sin. Det var synd det ikkje var gjort før. – Det kunde vera listig å tene litt pengar òg ein gong, påstod han, det er uvisst kor mange leveåra ein får til det bruke.

Det kunde ho ikkje legge i mot han i, men det var heller ikkje noko å svara på.

Da lo han og sa: – Om ein skulde finne på å døy, da er det tungsamnt å døy midt i armoda. Det er svart å gå i frå det på den måten, det er ærelaus gjerning det. Det har du knapt tenkt på.

– Vi har skyld og gjeld nok før, det har eg tenkt på, svara ho. Spekulasjonar! bles ho.

Ho såg på han, stod visst og undra seg over han, kom liksom ikkje på i farten kven han var for ein. Ein gutladd som vilde ut og ruinere seg, – det er no ikkje berre deg sjøl du vil gjera ruin på, [18] syntes han ho sa. Ja visst, no tenkte ho på far hans att, det var spekulasjonsdevelen som regjorde i han òg.

Han vilde gå, men bia lite grand.

– Når du enda kunde slå i frå deg vågspele uti Ertenvære, sa ho.

– Det er der pengane held til, sukka han og såg lystig på henne.

– Eg var tilfreds eg. Det blir ikkje du som får tak i dem; så mykje kjenner eg på meg.

– Lat oss kjenne etter litt nærmare enno. Han smilte, og da gjorde ho det same. Så gjekk han sin veg.

Han var ti år yngre enn i går, tykte ho. Men at det skulde falle han så tungt å gi seg på ein ting? At det skulde formørke verda for ein, om ein laut vike til sides einkvan gongen? Ho vart gåande og tenke på han og planene hans stund og anna heile dagen utover.

Ho var meint på å snakke meir med han om dette, ho var ikkje så fin at ho skvatt for ein liten tanke slik. Paul vilde ho òg snakke med, han var truverdig som skjære i sjøen han, når han ikkje hadde ei av riene sine. Framtida ja, sa ho med seg sjøl. Det er just den vi lyt tenke på. Og framtida for oss, det er garen det. Garen og borna. Over det streke kjem ikkje vi. Så her skal du ikkje komma dragande heim med enno meir skyld og gjeld, – det er kork forpligga! som Lea seier.

[19] Håkon visste ikkje kva han skulde gjera. Det var moro det òg, for så fekk

ein sjå kva ein kunde komma på. Der hadde fare ein lystig mann i han, den dagen han såg rådløysa i auga og såg alle rådene i kring seg, da han såg alle levedagane sine. Dette var berre ein av utvegane det. Der fanns fleir, det vanta berre at han skapte dem. Han plystra og likte seg ikkje kleint. Ragnhild var mjuk i måle da ho snakka med han. Ho var så nær han med auga. Tok han det rett og vislig no, da var ho han ein kammerat for live.

Sola stod bakom vårskyene og lyste. Ho gjorde det bra vakkert for folk, same kva veg dei såg.

– Dette er ein av dagane mine, sa han. Det er berre ein liten brøkk av dem. I morgo er det òg ein dag, sa ein som hadde set det. Ja, slik er det.

Dagen etter fekk han uventande pengebrev. Det var frå Johannes, frå bror Johannes i Australia, berre eit par hundre kroners peng godt og vel, men det var rart nok. Der er slikt verd i uventa pengar, smilte han, dei er langt over pari kurs. Rettelig ei hands hjelp, og takk for den!

Han lånte Johannes nokre skillingar her eine åre. Der kom telegram frå han, eit rop utanfrå verda, eg må ha 200 kr. straks, elles – –. Håkon synte ikkje Ragnhild telegramme, Johannes den tullvallen var vanakta nok før, og Håkon tenkte ikkje å svara, for det var eit skamlaustr krav, av *han*. Men eit nødrop er ein ting for seg, for den [20] som hører det. Han sendte pengane, stal dem frå seg sjøl og frå huslyden sin og let dem fara. Ragnhild kunde han ikkje fortele det til, når han ikkje hadde nemnt telegramme for henne, så fint kan ein snyte seg sjøl.

No kom dei att. Dei kom med ein budskap til han, ei maning: han fekk sjå til å komma seg i gang no. Ragnhild kunde han ikkje fortele om dem, ho som ikkje visste om låne, så fint kan ein òg snyte seg sjøl! Og same dagen hendte noko som sette han i gang.

Han såg i eit blad at banken var ute og lyste til auksjons i grannebygda; det var over mangt og mykje, men mest sjøbørenskap, og *der* var det laksnøter, han kjente bruke, det var just det slage han skulde ha. Og no skulde han ha det ja, auksjonen var i morgo. I guds namn, det fekk skje. No hadde han pengane, eit stykke på veg; og Ragnhild var ikkje stort meir enn eit kvinnemenneske, når ein først herda seg til og tenkte over det. Særlig om ein snakka vakkert med henne.

Morgonen etter gjorde han seg i stand og skulde av stad. Han fortalde kva han hadde for seg, og venta ein augeblink, vilde høre korles ho tok det. Ho svara ikkje

eit ord; slik tok ho det. Ja ja. Men da han vilde gå, steig ho i vegen for han. Ho såg han i auga.

Ja visst lo ho, og bad for seg, – kan du ikkje bli heime! bad ho, men han hørte einkvart bakom, [21] det var harde meininga hennes at på auksjonen kom han ikkje, da måtte han gå over eit lik. Dei var toeina i stua, og det kom for han at det hadde dei ikkje vore før.

– Du veit ikkje kva du snakkar om, sa han.

– Men når eg bed deg om det?

– Ja det er så, men. Da bed eg deg! Kva svarar du *da*?

Ho vart steins ålvorsam: – Denne gongen skal du høre på meg, Håkon! For dette går aldri vel, det kjenner eg på meg, du låner og kjøper og gir deg vågspele i vald, skjønner du ikkje kva veg det ber?

Han stod still og tenkte på det. Ja det var ingen ting å tenke på, i grunnen, der var tusen andre ting å tenke på, men han stod og gjorde seg mild. Han strauk seg over panna og sa:

– Eg trur eg skjønner det ja, kva veg det ber med heile stelle; visst eg ikkje mannar meg opp og gjer ein utveg snart. Eg har andsvar.

– Eg er så redd!

– Eg ser det der. Det er 'n far du kjem i hug. Ja eg er ikkje redd å nemne han. Eg er ingen spekulant, kan eg fortelle deg. Du treng ikkje bli så bleik. Men eg lyt sjå meg om etter berginga, elles går det til botns, slik står det til, og no veit du det. Og der med blir eg nøydd til å gå.

– Du blir heime.

– Du trur det?

– Ja, Håkon.

[22] Han ler og vil opne døra: – Men gå unda vegen da, kjerring.

– Nei. Det er ålvor i dag. Du skal ikkje vera den mannen at du farkar deg fram – ja eg kallar det slik. Det fortener ikkje anna namn.

Ho ser han blir slik og slik. No er han eit mannfolk i alle fall, så sint og stri som ho kunde ønske seg han.

– Du blir heime, hører du. Om eg så skal bruke handmakt på deg! ler ho.

– Du vil ikkje bruke handfeng da?

Litt rar vart ho med det same, men ho blunka like friskt i mot han: – Øks, meiner du? Da vart *han* still. Smått i senn gråna han i andlete. Han såg sjuk ut.

– Ja ha, heldt ho fram, eg sa eit ord for mykje no, men det får våge seg, det var auksjonen vi skulde snakke om. Det var framtida her i huse vi skulde snakke om.

Best det er snur ho seg frå han og går over golve, bort til vindauge, med hendene på ryggen.

– Du kan gjera som du vil for meg, sa ho, utan å snu seg.

Han gjekk ut.

Ho hadde venta han kom til å nemne øksa ein dag, at han brukte den mot henne, så å seie, så gale kunde det gå; ho var budd på å spørre kor han hadde gjort av henne, den øksa han tenkte på. Ho burde ha snakka med han om alt i hop.

[23] Men no gråna han bort først orde vart nemnt. Ja ja, det var da nifst nok.

Litt var det, så kom han inn att. Han såg ublid ut, ferdig til å gjera einkvart mektig, – han veit visst ikkje enten han skal banne eller sverje, fór det i henne. Ho venta rolig, ho formana seg sjøl til det, og lat det for resten hende som hende vil. Det var ei trøst på ein måte at han var Håkon enno, han var ikkje ein sjukling borti ei krå. Og ikkje nokon far sin heller nei, for det såg ho han ikkje var.

– Jaså? sa han og sette auga i henne

– Ja! svara ho.

Den eine tviheldt blikke åt den andre. Ingen gav seg på sitt, nei, før datt månen ned. Den eine var ikkje mindre til menneske enn den andre. Men dei kom til å sjå andletsdraga åt einannan: dei var så nye ein måtte mest handfara dem, herre gud, er det slik du er! kunde dei ha sagt.

Ingen lo først, men best det var lo dei bae to. Der hadde rørt seg noko i munnvika hoss den eine, noko i auga hoss den andre, og der med brast spaninga, der fanns ikkje verje i eit einaste drag, andlete gav seg over, og menneske med.

Men ålvore hadde ikkje fare sin veg for det.

– Nei nei da, sa Håkon. Han fresta å le litt att, så snudde han seg, gjekk ein sving over golve og sia gjekk han ut.

[24] Ja ha. Han gjekk ut. Han gav seg, til så lenge; så fekk ho sjøl tenke seg om.

Det høvde så at han gjekk seg på Kasper Kiran og ein til, dei kom og skulde over fjorden, på auksjonen. Ragnhild stod kanskje ved vindauge, men ho kunde ikkje sjå dem der i frå. Det gjekk opp for han som ei djup sanning. Han bad Kasper med seg bort om bursveggen. K. K., som dei kalla han, var spiritist og fiskejobbar i ein person, og ein truverdig person enda så tynn og nervøs han var. Håkon er ikkje rolig i tankane, der er ein heil sjau der inne, sjøl veit kva han finn på når han får områ seg litt, han lyt gjera einkvart gale; – lat oss sjå, lat oss sjå, formanar han seg.

Trasse Ragnhild vil han ikkje, ho er ikkje slik, har ikkje fortent det av han. Det er små ting å sette hardt i mot hardt, det kan stuten gjera, og vettlausingen. Nei det er for henne han strir, for henne og borna; han *ser* det, det må gjerast. Det må gjerast no.

Kasper står og ser på han og ventar, han har desse unaturlege auga sine, som han står og sørger over ein fortapt ein og enda må le. Håkon synes han gjer det same, på sin måte.

Han forteler kva han vil ha K. K. til å utrette for seg på auksjonen, han bed han kjøpe alle laksnøtene, dei skal brukast der og der. – Du får gjera meg den tenesta, bed han. Det står ørlite grand på spel for meg i år, Som sagt, det er rådlaut [25] for meg å fara heimafrå i dag. Du er ikkje den som kjøper katta i sekken du.

K. K. ristar på hovude

– Du seier ikkje nei?

– Eg råder deg berre i frå det.

– Du òg? slepp det ut av Håkon. Så ler han litt til seg sjøl, at han står her så heitt oppi det, reint sveittlagt av berre ihuga.

– Du er for god til det, seier K. K. Du er ikkje skapt til spekulant eller for sjørøvarlive.

Men auga hans seier: Eg undres ikkje på deg, ein lyt freste lykka når det knip. Dei seier visst det òg, at du er utanfor live snart du.

– Du er ein fåne no, K. K. Ein fåne og ein fiende er du. Spekulasjon seier de alle samen. He! nokre laksnøter som eg nødvendig treng. Skapt til det! Trur du

verkelig eg kan gi meg på det? Da måtte eg vera vanskapt da. Eg kunde fortelle deg eitt og anna.

– Er det kona som stører deg til dette her?

Der kom *det*. Verste orde han kunde høre no. Kasper lest som han sa det på erting, men: det var visst så at dei fresta å drepa noko i han no etter kvart? Noko som dei ikkje unte han? Nå, fullt så farlig var det no vel ikkje, men, men.

– Eg må hive arbeide og sette i veg sjøl da, sa han.

– Ja, svara K. K., så var ikkje eg med i den synda. Men eg kan da gjera deg det skarvstykke du ønskjar. Men kor høgt skal eg gå?

[26] – Eg må ha nøtene.

–Ja ja. Da så.

– Men du må ikkje kunngjera at det er eg som kjøper. Denne mågen på Henningstad, får han høre det er eg som byd, da gjer han meg eit pek. Han spekulerer i laksvald sjøl han, ser du.

K. K. såg allvitande og sorgsamt på han, vilde ikkje ein gong smile.

Dei la over litt nærmare før dei skildest. Ja ha, og så var *det* gjort.

Håkon var til freds. Der var ikkje grunn til anna. Lat oss vera litt meir letthjarta, tykte han, ein mon yngre. Her er nok av dykk, godt folk, som har levetida i det endelause framfor dykk, det får bli dykkar sak. Dykkar sak ja. Ragnhild si sak. Eg har mitt å syte for.

Han undrast over at han kom til å nemne mågen hans Periander Henningstad. Men det var sant nok, han hadde verkelig moro av å gjera ein eit lite strek i rekninga. Der fanns ikkje vondt i han, og oftast gjorde han Periander tvert i mot. Borgny ho såg visst ned på alt slikt. På nokon kvar.

Han måtte undrast litt over det òg, at Lea tente hoss Periander no. Ho hadde tent ymse stader etter ho flytta her i frå, langt borti andre bygder; så visste dei ikkje ord av før ho var *der*. Men det var no det. Han for sin part var her. Han var dømt til å lide live her ja. Sia vart det [27] å lide døden, det var kanskje eit stykke av same veven det.

Det høvde ikkje kleinare enn at han var nede ved sjøen om kvelden da dei to karane kom att frå auksjonen. Jau da, nøtene vart hans. Eit par av dem vart dyre, men jamt over måtte ein seie prisen var rimelig, K. K. hadde snudd

forretningssida si ut. – Du må slite dem med helsa da, sa han. Ingen ting å takke for, tvert i mot; det blir å betale dem, når tida kjem. For det gjer ikkje eg, ser du.

Når rett var burde han gått og fortald Ragnhild det med det var nytt. – Under andre omstende vilde eg ha gjort det, tenkte han.

Ho såg på han da han kom heim. Enno var ho like vakker og ung, berre ungdommen all i gjenom, litt tynnare i kjakane kanskje, ein mon høgare opp til hårgaren, andlete vart visst meir og meir som det skulde vera, ja heile gjenta med. Ho skulde leva lenge enno, ho. Der var einkvart ho vilde sagt han, men ho kom ikkje med det.

Dagane gjekk, og Ragnhild vart spara for å høre om notkjøpe. Slik gjekk det mildast for seg. Det var underlig å sjå kor like vis ho var på det, kor utan aning ho gjekk der i arbeide sitt.

\*

Det var Lea som kom med den tidna til gars, men det var lenge etter. Ho hadde det frå husbonden sin, frå Periander sjøl. Det var ikkje mange som hadde nokon ting frå den mannen.

[28] Det høvde slik til ein kvelden, at dei vart toeina heime på garen ho og husbonden. Ho hadde vore der mest heile vinteren, og hadde snakka ikkje så lite med han. Det er ikkje større synda å snakke med ein enkemann enn med ein annan mannsperson, og slett ikkje når du berre benglar og legg i mot han, og gir han inn. Ho hadde gitt han inn sanninga med store skjeier, det hadde ho Vårherre til vitne på. Ho hadde fortald han kva ho heldt både han og mange andre mannfolk for, dei var dyrede ikkje stort likare dei enn kvinnfolka, i somme ting da. Men Periander han var like blid, ja blidare, der var eit menneskehjarte i han! Stundom likte ho han som ei snild ku, ho kunde ha klådd han i nakkegropa. Nei, det kunde ho no ikkje da, det er måte med all ting, men ho var just som ikkje huga til å slå han heller.

Ja, der var ho no, på Henningstad, hoss sjølve gubben. Han var ikkje den første ho levde budeielive under, men han var størsten av dem.

Så var det den kvelden. Ho hadde reila eine foten sin, vridt han litt avbaklig berre, – trutnar han så opp, tosken, og det var berre med nød og pine ho fekk kveldstelt i fjøse. Nei ho vilde ikkje ha klara det heller, hadde ikkje husbonden komme og hjelpt henne, kork umulig!



Som sagt, dei andre var borte på kvar sin kant, heile garen var godt som rømt for folk, det hadde funne på å bli slik. Periander og ho måtte jamvel finne fram kveldsmat til seg sjøl. Og det gjekk, [29] gruv ikkje for det. Periander gjekk der så stor og rund som du ser han, gjekk og smått lo og tykte det var trøysamt dette; – du skulde berre ha set andlete hans! sa ho da ho fortalde Ragnhild om den kvelden.

Etter maten sat dei ei lita kvilestund og godprata. Det hadde dei gjort før, dei hadde havt seg mang ei åndelig samtale, helst om politikken hans. For politikkar var han, det nytta ikkje å nekte for det. Når du synte han dumheita hans, da kom han fram med slugskapen sin, men straks du fann åt han for slugskapen, da viste han til kor dum han var; – dei to ting til sammen måtte da bli fin musikk, trudde han. Ho vilde ikkje nemne moralen hans, denne ugreia med lære og liv og slikt, han kunde ikkje svara eit ærlig ord om ho spurde han.

Nei, Periander Henningstad var ein tosk, han som dei andre og vel så det. No vilde han enda fortele henne at bibelen burde ein lesa med vett og kritikk og slik bortetter, ein måtte vera ein fuling til å skjønna seg på han, for når der står det og det, da er der sjølsagt meint noko langt anna, det er det nøydd til å vera. Ho fekk nåden til å fortele han *presis* kva slag kristenmenneske han var. Og så bad ho han skrive sin eigen bibel, til heimebruk, ein som stemte både med live og lystane hans.

Periander smålo berre og såg ned: – Lat no det vera godt. Du må ikkje vera så streng med meg, [30] bad han. Han såg brydd ut, våga seg mest ikkje til å sjå på henne. – Så skal eg kurere foten din, sa han.

– Er det foten du sitt og siklar etter? Ho måtte skratte opp i andlete på han.

Det tok han seg nær av, og så vart det til at han fekk komma med blyvatne sitt og klutar og stell. Han var utrulig letthendt, det kjentes som han gjorde foten god med ein gong. Ja han fekk enda til komma fram med flaske og glas, han måtte få lov å styrke henne. Han tok seg til med eit glas sjøl. – Eitt glas kan eg ta, sa han. Eit einaste eitt. – Eg undres ikkje på at du tek det, svara ho. Eg undres berre på at du *snakkar* om det. Det burde ikkje du gjera som har gjort den hellige lovnaen. – Nå, meinte han, så hellig var han no vel ikkje. – Nei mi tru om det, han var da vanhellig nok. – Du held meg visst for ein hyklar du? – Pytt san, du er ikkje stort verre du enn dei andre hyklarane – ja nei trø i golve åt meg, for no snakka eg

stygt! bad ho.

– Trø i golve ja, forklara ho, det måtte første matmora mi gjera, da eg kom ut millom folk. Kjære deg, ban, eg kom da ut og skulde lære å bli menneske, den lovnaen hadde *eg* gjort; på Stavsund der gjekk eg berre og var Lea som eg hadde vore. Eg held på og blir menneske ja, for eiga rekning, du hører eg forteler deg det. Når eg snakka umenneskelig, og det gjorde eg med full kraft, da steig ho til og sette høgrefoten sin i golve [31] åt meg, så det *hørtes*. Det var eg som hadde lært henne det. Det var eit under kor det hjelpte. Var du snild, da trampa du til meg du òg, når eg er på det verste.

Periander sat og såg på henne og glømte seg bort. Så lo han til henne, så godslig som det gjerast kan.

– Å ja, eg har vore både der og der! sukka ho. Og no er eg her. Men det eg tenker på, det er korles det står og går på Stavsund. Det står liksom så mykje på spell der, synes eg. Det burde gå *bra*.

Det gjorde det, trudde Periander. Kvifor skulde det ikkje gå bra der? Og så var det at han kom i skade og fortalde det: Håkon slo til seg ein brøyt med laksnøter på auksjonen, han tenkte seg ventelig vest i havskjæra i år òg. – Der er eit stort mot i han, la han til, og tenkte tungt over det. – Det blir mann av han, skal du sjå! Han sa det i fullt ålvor, og trudde det han sa.

Da visste Lea der var fare på ferd. Ho visste det med ein gong. Ho spurde ikkje meir. Ei stund etter sa ho: – Eg veit du er fienden hans. Eg bed til Gud om at du må tape i mot han!

Periander Henningstad gjorde eit tramp i kjøkengolve. Han lo da Lea spratt opp. Ho takka han så vakkert ho kunde, for det han tukta henne. Ho gjorde det så alt for vakkert: Han kom og vilde hjelpe henne opp troppa da ho skulde gå og legge seg!

Ho såg forfæld på han, men ho tagg han berre [32] om å vera fin hund. Da tok han rundt i kring henne, med båe armane.

– Nei men vera ikkje enkemann da! sa ho, og litt etter vart ho harm: – Du må da vita du er for god til det. He! skal no eg til å lære nokon å vera menneske! Ikkje så *hardt* da, gå vekk, bad ho.

Ja ja, ho fekk hinke vegen sin i fred. Da var ho glad. Men ho var ikkje så storglad heller, berre så midt i lage. Som ho sa til Ragnhild da ho nemnte det for

henne: – Han såg meg så drepen ut der han vart ståande att; gamle tullingen, han stod og småsvor over seg sjøl. Kan hende han trur så kleint om meg òg, at han er redd eg forteler det til nokon?

Så det vart til det at ho jaga han ikkje ut da han kom tuslande inn på romme hennes ei stund etter. Det var no det òg, at da hadde ho lagt seg, det var ikkje godt å få noko jag på han.

Nei, han vilde berre snakke to ord med henne. Han bad for seg: Ho måtte ikkje tru alt for gale om han! Kom i hug han var eit einslig menneske, ein einamann på livshave, hadde så vore i ein mannsalder no snart. Han var hundig lei seg, det kunde ho sjå, han stirde på fingrane sine, torde knapt glytte opp på henne.

Ja visst flytta han seg nærmare, han var ikkje tosk utan det. Det gjekk så vidt at ho laut seie han enno eit sannings ord. – Du, Periander Henningstad, sa ho, du som er ein Guds tenar i jordlive, [33] du som er ein fedrelandets tenar i bygda di, du har ikkje lov å sjå åt den kanten der eg går, der eg ligg. Og sia sa ho: – Skal du endelig synde, da lat det skje med eit verdig menneske, med ein verdig trengende, som det heiter, og ikkje med ei sål som eg. Ho sa ymse ting til han.

Endelig reiste han seg og gjekk, tok og slarka der i frå, 65 år gammal, raudlett og vakker som ein enkemanns-brurgom, men så hjartelig skjemt å sjå til attanfrå. Ho unte han at Gud vilde vera god med han og la han få leva lenge i lande.

Og det hadde ho fått ut av han, det var som ein liten gave: At mågen hans, skulde bli, denne Nyborg-karen, han var ute og spekulerte i laksvald han òg, det kunde bli trongt vesti skjæra for Håkon, den arme halvbroren hennes. Kor Periander sjøl var å finne i den fanskapen, det måtte Periander og Svarten ha greie på, men herre min kor truskyldig han var da han sa godnatt og vada ut gjennom døra.

Han skulde komma til å fortele henne litt meir, vona ho. Lat Håkon vera tosk, og lat han bli tukta, *men*, min gode Periander – –

Det vart ikkje rettelig likt seg på Henningstad etter dette. Periander var den same som før, og Lea var den same, ho visste ikkje anna, og kvar tingen slik, for seg, men alt i alt så var det bort i mot ein annan gar.

Ein merka det best da Borgny kom heim, dotra på garen. Eller kan hende det

var Borgny som [34] merka at einkvart var ansles, ho var einaste barne hans Periander. Ho gjekk der liksom ho visste alt om verda og det som pla hende der, ho trong ikkje ein gong undrast. Ja visst var ho klok nok, frøkena, det hadde Lea òg forstått, men kva visste ho om verda, om det som hender der?

For det første kom ikkje Lea i veg til Stavsund. Ho visste heller ikkje enno kva ho vilde der.

\*

Det laga seg det eine etter det andre for Håkon. Ta det rolig, så går det fortare, sa han til seg sjøl, og med kvart sa han det til andre òg. Han fekk seg ein stø kar til å passe laksbruke heime, og der med fór han sjøl og Paul vestover. Dei hadde motorskøyta hans Paul, og henta med seg laksnøtene han kjøpte. Vesti øyane hyra han seg ein mann til, som skulde passe nøtene i lag med Paul. Alt andre dagen dei var der la dei i veg ut til Ertenvære.

Men der råkete dei på noko. Der stod laksnotilar før. Ved det eine skjære og ved det andre, og der og der, alle stader der ei not kunde stå. Dei stod der som svarte nei i sjøen, her hadde ingen Håkon Dale nokon rett. Øyværingen som var med kom til å tenke på, at ein dei kalla Nyborg hadde kjøpt seg ein garfleck i nærheita, og til den garen hørte Ertenvære frå gammalt.

Håkon fór dit og snakka med Nyborg. Roland Nyborg var ein ung mann, men ein klok og vettug kar, Håkon måtte like han enten han vilde det [35] eller ei. Ja ja, slik stod det til no, Nyborg var eigaren der ute og hadde rusta seg til med bruk i dyre dommar, det var just Ertenvære han hadde mea på. Han fortalde det slik det var, at *han* vilde ikkje komma tomhendt til Henningstad, han vilde skape levebrøde sitt sjøl seg; – eg trur De skjønner meg, sa han til Håkon. – Eg trur knapt nokon skjønner Dykk, svara Håkon, og denne eigedomsretten trur eg berre så passlig på. Men ein svimling var eg, at eg ikkje spurde meg for om revstreka Dykkar. Dei lo baa to.

Da baud Nyborg til at dei skulde slå seg i lag, og gå halvt om både Ertenvære og det andre laksvalde. Det var ei skam å ta i mot det tilbude, men Håkon hadde ikkje råd til å kjenne for vel etter slikt. Periander? undrast han, men viste det frå seg att. Dei snakka seg einige om vilkåra; så var det òg i stand, på ein måte. Det kom for han litt naturstridig at han og Nyborg skulde ha nokon ting i hop, men der fanns ingen grunn til å synast slik. Det er naturstridig at ein skal døy òg, men

ein får finne seg i det. Det får eg i alle fall, tenkte han og såg seg i kring.

Dei fekk ut nøtene fint i Ertenvære. Det var sjøstilt i denne tida, slik det kan vera om våren somtid, ein kunde lende på yttaste havskjære som i eit fjellvatn. Dei hadde alt set så mykje til laksen da Håkon fór heim, at dei hadde store voner.

Det tegna bra til heime òg, men det sa liksom mindre. Han var med i våronna stund og anna, [36] så ingen skulde merke der var noko i vegen med han. Hallvard var ein heil kar når han først gjekk laus.

Så var det mølnbruke. Håkon hadde tenkt å skille seg av med det. Men når det bar til så kunde han det ikkje. Det hørte Stavsund til. Dit hadde folk komme med korne sitt før, og slik skulde det vera. Ein frammand ein kunde ødelegge heile stelle. Han vilde sette det i forsvarlig stand før han vart liggande. Det skulde bli Hallvard sitt verk å tene pengar på det. Ein kunde få i stand mangt breiddmed det, var så ein vilde lite grand.

Det kunde bli uventa levande alt Håkon såg på no, det vart innbitande verkeleg og sant. Ting for ting kom og gjekk han til hjarte, så det svara ja frå inste sjæla i han. Andre hadde òg opplevd det, dei eigna til seg verda og herska over henne, kvar for seg, kvar i si lykke. Det er ingen konst å vera menneske, i grunnen, når ein berre får auga opp.

Sjukdommen minte seg. Han var der, best Håkon gjekk eller stod. Ja ja, det òg har andre opplevd, det har mange opplevd. Stunda var i kring ein og sa at dette her, alt det du ser og sansar, det har ikkje du noko med. Det var ei still og grå sanning. Ja. Men andre kunde gå og legge seg dei, kunde ta pina og døden og få det overstått. For han var det nekta og forsvore, han hadde gud skje pris litt å ordne enno, ein skal skipa i stand huse sitt før ein går bort, står det.

[37] Så var han inni galenskapen sin att, inni gleda si, det vart vårvinden og sola og regne, åkrane og laksbruke, hus og heim, skiftande dagar all vegen framover. Kvart eit menneske har sitt å gjera, og somme har som ein livsgjerning å gjera. Håkon hadde ikkje tenkt større på det før no. Og no var der ikkje større verke att for han, ikkje anna nei enn å berge Stavsund for dem som skulde leva der etter han. Der var da gjerning nok i det.

Kvar helg fór han vestover, han måtte vita korles det bar i veg der. Ragnhild gledde seg ikkje større over desse ferdene hans, men så lenge ho tagde fekk *det* vera det same. I førstninga fiska dei storveges, men sia vart det mest berre tap i

tap, stormvêr og storsjø, dei var snart renska for bruk. Dei vart einige om å freste i lengste lage.

For Håkon var motgangen ei kjærkommen fornærming. Han hadde ikkje noko å hemne, det var ikkje det, men han vart lysare innvendig, han vart vissare på å vinne til slut; – berre vent til eg får ut sveitten, lo det i han. Ein dagen sansa han på at han spytta i nevane før han tok verktye. Det hadde han ikkje gjort før, det var han i mot, men slik kan ein bli. Vent til eg bnr arg, sa han.

Det vart han da uvêre ikkje berre tok nøtene i Ertenvære frå dem, men ødela storparten av dei andre òg der vest. Han vart naturleg og godt sint. [38] Han svor seg bort til striden, han vilde røyne ut korles dette her var meint.

Han overtala Roland Nyborg så han vart med på den store vrakauksjonen. Nyborg var for resten ikkje tung i vendingen slik, han var ein mann som såg fram for seg.

Det var ein stor trelastbåt, ein arkangelskfarar, som hadde vorte vrak vest i have og drive inn, folk fann han på rak utan mannskap, fekk i ein dampbåt og berga han i hamn. Dekkslasten kom same vegen som skuta og vart sankka i hop. Det var den dei to karane tenkte å kjøpe, og det gjorde dei med friskt mot. Men da dei var ute i det kor som var, så let dei gale vera godt, og kjøpte heile skuta, i lag med ein bymann dei kjente. Det var røvarkjøp. Auksjonsstyraren banna over det: Det var sjørøvarkjøp!

Ragnhild visste ikkje om det. Det hadde ho best av. Ho skulde leva ho og hadde for god tid, ho vilde bli redd, kunde umulig få seg til å sjå kva dette *var*. Spekulasjon, vilde ho seie, og det var jamgodt med ran eller svik i hennes munn. Jobbing kalla dei det, dei som var fagfolk i handel, det vilde seie våg vinst og våg tap, ikkje ein halv tanke meir.

Kva det var ja, det såg ventelig ikkje dei to kompanjongane hans heller. Dei vart berre huga på å tene pengar dei. Nei, skal du leva, da må du vita at du skal døy. Du har eit år å gå på, ein elleve eller ti månar, dit og ikkje lenger er det [39] *di* tid. Kva får du så undagjort? Det spørers kven du er.

Det var så si sak å komma heim til Ragnhild etter det som no hadde hendt. Komma heim til Ragnhild, han syntes det var nokon som sa dei orda, og da vart der stilt rundt i kring. No ja, slikt bryd ein seg ikkje om, neigu ei, da kunde du like snart gi deg til å lye etter kva stjernene seier, kva gudsenglane syng, nei, han

gjekk inn liksom han hadde vore i veg og set til nøtene heime. Namne hans var ikkje nemnt i lag med skipskjøpe; ein tente seg nokre tusen kroner med mindre enn det, reint namnlaust.

Det var blanke vestavindsdagen, lyse fall så sterkt inn i stua. Slik var Ragnhild og, så lys og stri i blikke. Når ho såg på han, da smilte det i han: Du er meir til menneske enn eg har fortent å ha, det er eit tak berre å sjå deg i auga – det er derfor eg har reist meg opp og teke striden. Det er for di skyld alt i hop. Han fresta å seie seg det sjøl, det var eit heilt liv han hadde på hjarte. Men det fekk vera usagt, og utenkt med.

Dagen sette lyse sitt på andlete hennes enno ein gong, frå ein annan kant. Ja vel, Gud måtte få syne henne fram, men det var det han skulde ha sagt, at enno var der von om fisk der vest; dei fekk tru at være folka seg til no her etter. Og korles hadde det gått her heime?

Ho svara og fortalde, men ein ting stod skamlaust klårt i mot han: At du skal vera med og [40] gjera i stand denne verda, så skal vi sjå om der kan bli husvære for deg i den andre! Det vart nokre leie dagar for det første, han måtte ut og skaffe pengar. Han måtte gå og spørre gamle kjenningar, ein for ein, om dei heldt han for *god mann*, som dei kalla det i gamle dagar, i så fall laut dei låne han namne sitt til eit lite kjeltringstrek; og da måtte han fortele om dette skipskjøpe han var med i. Sjøl hadde han skrive på for dei to andre, og dei for han, det var berre eit par tusen om å gjera no. – Men nemn ikkje at eg er med, bad han. Da skal du heller seie nei.

Ja visst vart der nei å høre, han laut le og årsake dem før dei hadde fått årsaka seg nok sjøl, men han fiska i eit ja i millom, så det klara seg da han kom i banken med namna.

Der var ein som såg på han og sa til han: – Kva er det for ein Belsebub som har fare i deg no? Det svimra ikkje så lite for Håkon da, og hjarte glømte arbeide sitt, men han var like lykkelig først han kom seg litt. – Ser eg sjuk ut? spurde han.

– Ja, når du seier det, så. Nei men eg tykte du såg ut som du hadde seld sjæla di.

– Ikkje verre? Nei den kan *du* få, i pant, lo han. Berre du vil ut med namne ditt.

Alt anna hadde han panta bort, det visste han da han var ferdig med sjauen.



Den natta sov han lenge og godt, ein velfortent sømn.

## II

[41] Sommaren gjekk, ein vanlig sommar, vêre vart reint rimelig. Eng og åker var det vakkert å sjå på. – Det er milde gaver, sa Håkon. – Ragnhild var einig i det. – Rettelig til å få forstand av, smilte han.

Dei var ute og gjekk ein sundagskveld og såg på det, gjekk frammed åkerreinane og tvert gjennom ekrane, det burde eit bondeparfolk gjera, tykte dei. Så stana dei og stod, ein gong her og ein gong der; så gjekk den eine, og da gjekk den andre, i djupe stille godvêrskvelden.

Ragnhild skjønna ikkje stort av kor Håkon heldt til no for tida. Han var heime ja, vanta ikkje det, men halve mannen var borte like vel, han var liksom, ikkje til lenger. Og enda hadde han aldri vore mindre ålvorsam enn no, det var det som var så underlig. Sa han noko, da var der gjerne ei lita moro i det, ofte var det skire galne gutungen som kom fram. Men det var da ikkje han, det var ikkje Håkon det?

Ho sa det, der dei stod ved byggåkeren. Det tok alt til å gulna i aksa, Håkon gjekk åkeren over med auga, såg lykkelig hit og dit og opplevde [42] det, for første gongen i live, kunde ein tru. Kvelden var utan sol, men han var djup i letene, og så still at det song ute i lufta. Da snudde ho seg til Håkon og sa:

– Det ser ut som du er nykommen her.

Han vak til og såg på henne. Låtten tok til og tira i auga på han, ein liten skyldlausing til lått.

– Ja, sa ho, rolig som vanen hennes var. For elles ser det da ikkje ut til at du er her meir.

– Kor er eg da, tru? undrast han.

– På vidvanken. Borti mammonstankane eller kor det er. På Amerika-ferd, trur eg.

Det beit han så andlete vart forandra. Men straks etter smilte han:

– Du skal ikkje gå slik og tjuvstirre på eit mannfolk, det er usømmelig det.

Ho kosta han med eit byggaks kring nasen:

- Du er ein liten tulling er du!
- Ja?
- Var du berre så lystig som du let til.
- Kva slag galenskap vilde du narre meg med deg på da?
- Somtid ser du ut som du blir pint av tanndokteren, først ein snakkar til deg.
- Au da! Nei da trur eg heller, lo han, at det er du som *ønskar* du var tanndokteren. He?

Ho rista på hovude og såg ned. Ho såg på ugrase, linbenda og dåen og ein og annan røllikken, dei blømde vakkert dei òg, på sitt vis, heile åkerkanten frammed. Om ei stund såg ho ut i vêre og sa:

[43] – Vi står her og snakkar vi. Men sjøl veit om vi snakkar; det høres ikkje slik.

- Hopp når det blir bekk, kjerring, formana han.

Ho tok til og gjekk så smått, og han kom etter.

Det hadde fare i henne med ein liten kulde nokonstad i frå, at no var der ikkje meir enn dette att av Håkon, ein unggut som ikkje visste rettare enn at han gapflirte når du vilde snakke med han. Nei visst var det ikkje slik; dess verre, hadde ho nær sagt. Men kva er der att av eit menneske når tankane hans ikkje er til stades?

Ja og gong på gong hadde ho kjent kor det sveid i han for minste tingen, slikt som at ho sette Hallvard til einkvart småarbeide eller ho viste gutkvelpen til rettes for noko. Så tynnsliten var Håkon no. Men det kunde da ikkje pine han at guten lystra henne?

Ho stana og bia han. – Eg går og tenker på 'n Hallvard, fortalde ho.

- Det same gjer eg, svara han da han hadde områdd seg litt.

Der med lo dei, for Hallvard den utangen hadde vore fram med gapen sin att.

I dag kom ein av grannane, Karl Albert, og lo og fortalde, – han hadde møtt ein kar som var ute og kjørte seg, og det til gagns òg, ei sundags føremiddags lystferd. Jau da, her austmed Bjørholtan kom Hallvard i mot han med *trillbåra*, midt på breie ålmannvegen. Kor han skulde av?

[44] – Å, let han, det var så fint vêr, så vart han huga på å kjøre seg ein tur han òg. Og kjørte gjorde han, bort gjennom bygda, som det var med hest og karjol. –

Den guten må der bli noko av, trudde Karl Albert og lo. – Når han får presthanda av seg, la han til.

– Og det var så det, at Hallvard gjekk for presten i sommar.

– Der kan du få ein å kappkjøre med ja, hadde Håkon svara.

No stod dei her og var ferdig med å le til det.

– Ja, kva vil du gjera med han? spurde Håkon.

– Enn du?

– Ja vel. Eg burde ventelig ha vore slik at ikkje han vart slik.

– Det er no *vel* så mykje til høgtid det da, lo Ragnhild. Slå av 50 prosent, vil du få folk med deg, sa mannen til prekaren.

– Sa 'n far min til presten ja. Nå ja, her er mangt som skulde vore ansles, eg lyt snart ta meg på tak og gjera eit overk. Ikkje sant?

Han var i gonga att. Hallvard sytte han ikkje for. Det vart folk av han, visst han ikkje kom til å bli for fattig. Men her var ikkje lite å legge til rettes. Som no med grøftinga nedetter ekra her. Den skulde snart komma i gang; så vart knekten nøydd til å fullføre det. Han vart nøydd til å bli glad i det.

Ragnhild gjekk eit stykke bakom.

[45] Som all snarast fór namne Borgny gjennom henne, Borgny Henningstad, gud veit kor det kom i frå. Det var ikkje namne ein gong, berre susen av det, nei det *var* berre eit vinddrag som anda på åkeren, men i det same såg ho andlete hennes, det smilte ovmodig men vakkert til henne, slik det hadde gjort nokon gong. Da kom ho på at det var noko tøv ho hadde drømt ein gong, drømt det og glømt det for lenge sia. – Vås, vås! sa ho høgt best ho gjekk.

– Sei ikkje det du, åtvvara Håkon.

Men han plystra og stana, stod og augefor ekra nedetter. Ragnhild såg det ho òg: det skulde ha gått ei grøft der, med all som først, det var berre armoda med grase der eit stykke.

– Alt skal ikkje gjerast på eitt år, sa ho.

– Kor har du det i frå? Ja ja, gamle kjerringar og almanakken skal ein tru på. Kom no, gammalmor, så går vi heim.

Men dei stod litt enda. Vest over have ein staden vart skyene forgylte i kanten, dei vart reint vakre å sjå på. Blågrå skyer som seglde oppunder himmelen, med

gull på vengene.

– Dei såg meg ut farlig likt til englevenger dei der, gapsnakka han.

– Jaså, er det slik *dei* er.

– – – Men sia var denne stunda ei underlig stund, når dei kom i hug henne.

Dei hadde stått og set same skyene, i same lyse, med same augepare, syntes dei.

[46] Sommaren gjekk sin gang ja. Slåttonna gjekk sin gang ho med, i godt og vondt, men mest godt. Der var ei mengd med godt vêr, tykte Håkon, kanskje han hadde levd i godvêre heile sitt liv, utan han ansa på det. Arbeide fór han rådelig med; han klaga seg over eit lite ryggflog. Laksfiske hadde ikkje vore verst det heller, her heime.

Det var desse auksjonspengane som gnog han stund og anna, det store notkjøpe. Det burde vore betalt no, fann lensmannen ut. Og det skulde bli gjort, først dei fekk seld dekkslasten der ute.

Bymannen var den som stod for det, han forhørte seg og tinga og dreiv seg, var stadig nær på å gjera ein handel. Men det drog ut. Nyborg vart forarga av å vente: – Der er ikkje redelig svar å få av han, det spakar for tap dette her, – rettno *tvilar* eg! svor han. – Tvilen er sjuande dødssynda det, svara Håkon.

Endelig fekk dei brev om at dekkslasten var seld, på best mulig vilkår, med *avance*, heitte det. No ja, det synte seg at den åt rentetape og provisjonen opp, bymannen gjorde ærlig greie for seg. – Tap, slo Nyborg fast. – Beste slag! tykte Håkon. Det var skuta og lasten i den dei skulde ta seg opp på.

Håkon kom i hug, kvar gong han møtte nokon av kausjonistane sine, at han hadde snakka mindre sant enn han burde for dem. Det vil seie, slik hørtes det på dem: Dei hadde da forstått han slik og slik? Ja vel, han måtte stava og legge i hop for dem. Og *enno* venta dei da ikkje at skipe [47] skulde vera seld? Ein handel, ser de, må mognast som eit aks på åkeren, som bæra i skogen, elles barkar det helgammess i vald. Det hadde aldri falle seg så lett for han å snakke som no. – Ja og ha, mumla dei; han kunde ha rett, kanskje; men korles gjekk det med plankelasten i skuta, ho stod full av sjø? Og sjøen var svart av kol; og lasten svall ut så dekke bogna i vêre, fortaldes det?

– Trur du trelasten druknar? spurde Håkon.

Dei tagde og trudde sitt. Beste slag! lo han med seg sjøl. Nei, det var

fortærande, var det. Å stå still og utan verje i mot det, i mot både dumheita og dauen. Spekulantane i byen vilde ikkje by på skuta ein gong. Dei trudde dei hadde tida i si tenest, at ho arbeidde for dem med dei sov. Nei. No skulde lasten opp, dei hadde pengane til det no, og så kunde dei talast ved. Lykkehjule er ein vidunders ting for menneske, – enn om ikkje det var til? Da vart det ku av deg – – har du døydd som ku nokon gong? Han smilte: han skulde sleppe kudauen, kor det så bar i veg.

Og no bar det i veg med grøftinga på Stavsund. Dei såg leia for seg no, dei som skulde styre med det her etter. Lat dem så gløkke at det var han som sette det i gang.

Ja ja, der var mange slike tankar å bale med. Jordiske tankar kalla dei dem, men dei var da himmelske nok for den som hadde dem. Det var ei ventetid, og det er ingen dårlig ting. Menneske må ha noko å vente seg, det lever ikkje utan. [48] Ja, ein kunde vente seg døden, men det er liksom ikkje det rette, ein er ikkje slik skapt.

Da kom krigen. Først var det berre ei lita rulling langt unda, slik vi hører godvêrs-tora sommars tid, men litt etter braka det laust, og det for ålvor òg, skrell på skrell, gamle mannvonde *krigen*. Der var han. Folk stod som torskræmte gjeita. Andre trudde ikkje på det. Ragnhild såg på Håkon, ho venta han sa eit sant ord. Han smilte innvendes, – han visste ikkje at han var nokon Vårherre som dei skulde tru på.

Og krigen tok til og gjekk sin gang, som sommaren, som hausten. Folk fall til ro att. Krigen vart ein naturleg ting. Da sa Håkon med seg sjøl: – Rettno treng verda jarn. Rettno treng dei skuta vår. Klem på og skyt, godt folk, så blir eg berga. Visst kunde han ha tenkt ein verdigare tanke, men det fekk stå ut til sia. For det var ikkje han som styrde verda. Det var ikkje han som fann opp krigen. Han hadde vorte piska til å tenke på seg sjøl.

Han fekk det til givings, at han såg ei mengd med ting som der kunde bli pengar å tene på no ei tid. Der var vakkert med berging rundt i kring; så sant vettløysa vara ei tid der ute i verda. Og berre at helsa heldt, men det gav han seg ikkje om å tenke på no.

\*

Ragnhild undrast ikkje på at Håkon tok krigen så rolig som han gjorde. Lite

grand meir til menneske [49] og mann enn folk flest var han da, trass i alt, korles skulde det elles ha vore å vera bortgifta til han? Nå ja ja, tenkte ho og smilte så halvveges til seg sjøl og tankane sine.

Men endelig ein dagen kom Lea til Stavsund. Lea hadde vorte eit anna menneske etter kvart, ein såg det kvar gong ein møtte henne, men enda var ho Lea nok, som ho sjøl sa. Håkon møtte henne ute da ho kom. Av ein eller annan grunnen vart der ikkje nokon prat millom dem, mest som ingen av dem tykte det hasta med det. Ho gjekk inn.

Eit lite erend austover hadde ho, til skomakaren med kirkeskone sine, og slikt, men sanninga var at no tok ho og gjekk til Stavsund, lat oss sjå korles dei ser ut som bur der. Periander hadde slept frå seg ord og anna som plaga henne, einkvart lite hadde ho fått ut av Borgny òg. Ein kan bli listig som øla om ein er aldri så dum fødd.

Ein kvelden seint sat ho i kjøkene og fresta lesa litt, det var i eit kristelig blad. Ho vart sømning av det, enda så sant og godt det var skrive, for ho hadde lese nøgda av slikt før, det var same guten og same slåtten frå mannsalder til mannsalder. Dei andre i huse hadde kreka seg til sengs. Ho vilde gjera det same, men først måtte ho åt fjøse og sjå til ei ku.

Da kom Periander, med vassmugga i handa, skulde ha med seg drikkevatn for natta. Han vart undren over at ho sat oppe enno. Det vart til det at han sette seg og prata litt. Einkvan måtte vel [50] han òg snakke med. Det vart ei hyggelig lita stund, for det første. Det var no òg lenge sia sist. Ho hadde snakka minst mulig med han etter den kvelden da han stelte med foten hennes.

Han sat slik til i mot lampelyse, at ho såg mest ikkje auga hans, men dess bedre såg ho kor loden han var på øyra. Kvart øyre hadde ei glorie kring kanten, ei heimevokse ullglorie som lyste så fint. Nei, Lea lo ikkje til det.

Han var overlag lite for seg, det vart mest for mykje av ein god ting. Ein mann treng ikkje vera for blyg heller. Når han da ikkje er ute og skal fri.

Nei men det var Borgny, dotra si, han ikkje vart klok på. Ho var han ei plage. Ho var forlova ja, og Roland Nyborg var bra nok, og alt var på rett veg slik. Men det vart aldri så dei gifta seg. Først vilde den eine vente, og sia vilde den andre vente, og no var dei visst einige om å vente baa to. Og Borgny ho gjekk her og var som ei mor over både far sin og kjærersten sin. – Eg tenkte ein gong eg skulde gi

frå meg garen til dem, men rettno veit eg ikkje kva eg skal gjera?

Han måtte ikkje spørre henne. Slikt var mate matikkfor henne, let ho.

– Eg kan da ikkje tru ho har forset seg på nokon annan? undrast han.

– Nei kven skulde det vera?

– Nei. Periander sukka med seg sjøl.

Litt etter reiste han seg, men da var han ein [51] annan Periander. Han knippa med fingrane og smått plystra, la hendene på ryggen og gjorde seg ein sving over golve, – litt etter stod han og såg på henne, på budeia si.

– Veit du kva eg gjer, Lea? spurde han.

Ho såg opp på han og la bort blade.

– Når ikkje ungt folk giftar seg, da får eldre folk til. Han var streng å sjå til da han sa det.

Ho såg litt på han enno; så sa ho: – Jaså. Er det der du held til.

– Ler du til det, Lea?

– Eg heiter ikkje Lea for det gode si skyld. Men berre gift deg du, gift deg alt med hjarte lystar. Berre ikkje eg glømmar å sjå åt fjøse før eg somnar.

Ho var alt på vegen til døra. Han kom etter, og laga seg til å bli med.

– Nei, sa ho, eg vil gå åleine. Kom i hug det er nattens tid. Ho måtte ta hardare i, for han lest ikkje høre: – Har du glømt du har ei dotter?

Han vart tryneslegen da, dugelig òg, men kva skulde ho trive til?

Periander sat i kjøkene da ho kom inn att, sat og såg på henne. Han hadde eit eige lag med å sjå på folk, når han vilde dem noko. Da gav ho seg til å snakke om det som først fall henne inn. Ho spurde om det var så at Håkon og Nyborg hadde gått samem om noko slag spekulasjon; ho hadde hørt Borgny ymta om det ein dagen her.

Periander fekk rukker millom auga. Litt om [52] senn vart han raudlett. – Ymta ho om det? Jaså? Jaså. Han mumla einkvart med seg sjøl som ho ikkje hørte.

– Det hørtes som ho ikkje likte det?

– Jaså. Periander vart sittande og spela så smått med fingrane på bordplata.

Best det var såg han opp og godsmilte til henne: – Det skil i alle fall ikkje oss, Lea. Om dei gjer seg både til narrar og kjeltringar.



– Håkon skil meg ørande lite grand, svara ho.

Han rista på det vise hovude sitt: – Da synes eg synd på deg, Lea. Men lat no det vera godt.

Det vart så han måtte ut med det han visste, slik og slik stod det til; det stod elendig til. Lea skjønna det ikkje sjøl, men ho vart harm på han som fortalde det. Det var ingen konst å vera *han*. Ho såg han ikkje, da han reiste seg og stod og smilte til henne. Ho bles kaldt åt han, da han spurde om ho verkelig hadde hjarte til å sende han mo åleine åt kammerse.

– Vårherre burde ha spara Ragnhild for dette, sa ho.

Ho smilte ein ørliten smil til han like vel, da ho sa godnatt og gjekk, for ho vilde vera menneske i lengste lage, no da ho hadde komme seg så bra i gang med det.

– Men gud veit kva han meiner og ikkje, sa ho da ho var oppe hoss seg sjøl. – Og kan du fortele meg kva han *ser*? undrast ho da ho stod framfor spegelen og skulde stelle håre for natta.

[53] Ho måtte for resten augefara dette jålportrette i spegelen litt nærmare. Jau jau, der var da nøgda med hår på det. Og det er bra å ha ei krone over stasen, veit du. – Men tvi kor toskut du ser ut! sa ho og gjorde eit nifst gjeip til seg sjøl. Du burde havt eit par rukker i andlete, det såg vel så bra ut i din alder. Og fullt så smalt skal ikkje eit menneskeandlet vera; det nærmar seg gjeit da.

– Ja ja, sukka ho, eg har no ikkje spegla meg for ofte, i levetida mi.

Folk fortalde henne at der beit ikkje alder på henne. – Nei, svara ho, eg har vore like gammal all min dag. Ho mintes ein galning sa til henne ein gong, det var han Jorg det: – De er no ikkje så vakker, sa han. – Nei eg synes ikkje det sjøl heller, svara ho, men eg tenkte kanskje *De* vilde vera så snild å synast det, for kjennskaps skyld. Herren måtte vita kor Jorg hadde gjort av seg no. Han var for dum, vilde gifte seg med henne, bokstavelig. Det var han som fann ut ho var så vakker i auga.

Men kva Periander meinte og ikkje meinte, så var det uvettig snakk. Da fekk ho vera den som hadde vette. Så han ikkje rodde seg og folke sitt borti uverdigeita.

– Kork forpligga! sa ho og kraup i seng. – Amen! la ho til, og gjeispa; det vart

kveldbønna i kveld.

Dagen etter tok ho seg mot og snakka til Borgny. – Fortel meg det du som veit det, bad ho, er [54] det mannen din som har narra Håkon med seg, eller er det Håkon som –

– Kva for ein Håkon er det De snakkar om? undrast Borgny.

Lea sette auga i gjenta, og da var det ikkje fritt for ho raudna, så høgmodig ho var.

– For resten har eg ingen mann, enno da, sa Borgny og retta på nakken.

– Ja det er no di sak og ikkje mi, men eg spurde berre for di det skil meg. Eg vilde banke opp syndaren, same kven han var. For galenskapen må vi ikkje sleppe laus.

– Det blir ikkje mi sak.

– Jau da, ban. Du burde heller gifte deg og ta andsvare enn å gå slik.

– Slik? Eg vil seie Dykk ein ting: at korles eg skal gå eller ikkje, det må ikkje 'n gamle far min ta seg nokon tæring over. Hels han med det!

Lea sette foten i golve så den andre hoppa.

– Ja ha, slik gjorde matmora der før eg var, når eg glømte munnen min.

– Ja men er De alt matmor her i huse?

Borgny lo sjelden; ho vart berre småøygd og drog på eine munnvika. Det gjorde ho no.

– Du snakkar som du har hjartelage til, sukka Lea. Nei da måtte du arge meg opp tålig *hardt*, Borgny, skulde eg tenke på å gjera den vondskapen. Lat meg snakke reint ut: Eg vilde ikkje ta faren frå dotra, om der var råd å få gjort det, om eg var aldri så nødig. Ikkje meir enn du vilde ta mannen [55] frå eit stakars konemenneske. Kork umulig, det står eg her og svær!

Borgny hørte ikkje meir av skvaldre, ho mulla ein liten stubb for seg sjøl og passa sitt. Men Borgny, så klok ho var, og slikt eit stort menneske ho vilde vera, Borgny ho ropte etter henne da ho gjekk til Stavsund same dagen. – Du må helse frå meg òg! ropte ho tvert over tune. – Kven meinte du å narra no? flirte Lea og gjekk.

Og no kom ho her, budeia frå Henningstad, ho kom og vilde sjå Stavsundfolke. Ho vilde gjerne ha lyst fred over garen deres, så sant det hadde

vore mulig.

Håkon ja, der var no *han*. Han såg henne ut som den fånen han var, ein rolig smil og ein urolig tankegang, farvel med deg til så lenge. Deg skal eg vel snakke med ein dag.

Og der sat Ragnhild og hadde gullbarne sitt attmed seg. Der sitt ho liksom ingen verdige tingen stod på; liksom det er ho, ståkaren, som styrer verda. – God dag, Ragnhild. Guds fred! sa dei i gamle dagar.

\*

Lea hadde sett seg yttest på stolkanten, slik vise hennes var. Auga gjekk stua rundt, frå Ragnhild og til henne att. Ragnhild var glad ho fekk sjå henne. Det gjekk ikkje lang stunda, så var dei i snakk med einannan. Lea var litt urolig, men ingen hadde set henne ansles.

[56] Jau da, ho var på Henningstad enno; ho styrde huse for kyrne der.

Ragnhild spurde om ho likte seg der.

Jøss da, i haugevis. Ho likte seg same kor ho kom. Ho kom dettande dit ein dag, kva det no skulde vera godt for eller ikkje. – Men korles likar *du* deg, på Stavsund? Fortel meg det du.

Ragnhild hadde reist seg og vilde gjera litt stell for Lea; det var lenge no sia sist.

– Nei eg måtte ut og prøve denne nyvegen dykkar, sa Lea. Så fann eg på eg skulde høre innom her òg, i same vase, om de levde og slik bortetter.

Litt lenger ute i snakke sa ho: – Du har kanskje undra deg over at eg flytta her i frå? Det same spurde Borgny meg om her ein dagen.

– Jaså? Kva svara du henne da?

– Det same som eg har svara meg sjøl: At eg vart lei av å sjå på denne idelige lykka her; eg kvavna av det.

– Du er som ei lykke over heile kroppen du, sa Ragnhild. Enn om du såg til og fann deg litt lykke sjøl, meiner du?

– Seier du òg det? Veit du at det har komme for meg sjøl stundom. Ja det har komme for meg det eine dummare enn det andre. Ho reiste seg og gjekk med Ragnhild, millom kjøkene og stua eller kammerse.

Det skulde ikkje ansles gå, enn at ho kom til å fortele eitt om senn, av slikt

som aldri burde vore [57] nemnt, ho kunde knapt tru det sjøl etterpå. Ragnhild såg på henne gong og annan, ho syntes Lea hadde vorte tjuge år yngre sia sist ho såg henne, unge giftande gjenta.

–Men at du hører på slikt! klaga Lea seg best det var. Du skulde heller trø i golve åt meg, du burde ha gått din veg! Det er da berre det at 'n Periander er ein tosk han som dei andre karane, han ser ikkje smøre på veggen, som dei seier. Det verste er det: han er gjerne så dum at han fryktar for eg forteler dette. Han såg så bedande på meg i dag her da eg gjekk. Men det gjer eg ikkje, lat han berre tru at eg er så simpelt menneske. Til deg ja, det er berre som eg forteler meg sjøl det, det.

Nei da, Ragnhild, eg skal ikkje narra så staut ein mann bort i vanæra. Ikkje fullt det nei.

Ragnhild spurde kva Borgny sa til dette. Skjønnna ho ikkje noko?

– Lat meg ikkje snakke om henne. Det er mykje til gjente det. Men ho er eit bisn, er ho. Eit billete. Der går ho og er dauen nærast, ho vil ha denne Nyborgaren. Ny-borg-Borg-ny, trur eg ho går og syng, men når ho så kan få han? Da vil ho ikkje ha han. Ikkje enno! seier ho. Og det er no så, han er ein *laus-kar*, som eg kallar det, vil berre fuske og handle og vri til seg annanmanns pengar, skal vera over dei andre krokane, ser du, dei som, må *arbeide* for føda si. Han vil bli henne verdig, tenker eg meg. Men det er ikkje vette som vantar henne. Vårherre veit kva det er.

[58] Håkon vart bedt inn til kaffen han òg. Der var mange gode ting framme, og han smilte og gledde seg som barne. – Berre han ikkje lyg det òg, tenkte Lea. Dei som lid av stormanns-sykja, dei trur ikkje eg på. Armingen, han var da skapt til eit menneske han òg ein gong. Til eit lite eit, om ikkje meir.

Det vart ikkje så ho sa noko større med han var inne, anna enn litt vanlig prat om vøre og om laksen, ja og så om krigen. – Men krigen og mannfolka skjønner eg meg ikkje på, sa ho. Noko anna enn litt godprat vart det ikkje millom henne og Ragnhild<sup>n1</sup> heller etter det. Lea måtte få sjå over Stavsund ute og inne. Dei gjekk frå loft til bur og småsnakka, og Ragnhild hørtas rolig og fornøgd. Ragnhild stana og såg på henne. – Men det var noko du vilde meg da du kom her? sa ho.<sup>n2</sup>

Lea lo: – Eg har da letta hjarte mitt ikkje så lite no lei?

Men ho vart ståande. Ho hadde det vondt. Eit par gonger rista ho på hovude;

tok seg så på tak att.

– Du må ikkje bli sint på meg! bad ho. Eg kom her som eit vondt varsel. Du såg da det.

Ragnhild bia, med auga på henne. Og Lea såg på henne. Dei kunde ha ledd til det båe to.

– Du, Ragnhild, du er lykkelig både på kropp og sjæl du. Der er straff for det.

– Straff skvett ikkje eg for, veit du.

– Snakk ikkje slik da, tak ikkje etter meg i [59] nokon ting. Eg trur mest eg unner deg det godt. Men veit du kor du har 'n Håkon din?

– Er han bortkommen da?

Ragnhild sa det rolig, litt kald i måle, men ho vart heit all i gjenom.

– Veit du, spør eg, at han har sett heile Stavsund på spell? Ja ja, eg ser du veit det. Men er du einig med han? Er du medskyldig, Ragnhild?

Ragnhild samla seg så vidt ho kunde spørre. Ho undrast om ho hadde visst noko slikt. Ho spurde og fekk høre ting for ting.

– Og det forstod eg på 'n Periander, sa Lea, at dei er galne menneske desse karane, dei let att auga for både lov og rett. Dei gjer seg både til narrar og kjeltringar, sa han. Heile bygda, heile lande kjem til å dømme dem. For dei taper, kan du vita. Men skjønner *du* at 'n Håkon er slik?

Dei var oppe på det nye staburslofte. Lea hadde sett seg på ei gammal kiste. Ragnhild stod.

– Eg skjønner det visst mindre enn du, sa ho.

Der stod den eine, og der sat den andre. To låttelige skapningar, for dei visste seg inga råd.

– Eg kunde ha gifta meg med kongen sjøl, berre eg vart til hjelp for dykk, mumla Lea.

– Det kan du gjera like vel, svara Ragnhild. Det unner eg både deg og kongen.

– Han er meg for før, eg kunde ikkje femne om kring han på noko vis.

– Men når vi tenker oss om, sa Ragnhild, – dei har da ikkje gjort noko ulovlig? Kva er det for [60] slag snakk av 'n Periander? Kan hende dei ikkje har vore dumme ein gong.

– Så er da du dum nok, hører eg. Du er ei gås. Ei kjuklinghøne. He! du burde ha sett foten i golve åt han, *før* han tenkte på slikt.

– Det var ikkje dumt sagt det, Lea.

Lea reiste seg og gjekk. Ragnhild kom etter. Ute på vollen klaga Lea seg, halvt for seg sjøl:

– Det er ei skam at eg er berre Lea. Ei skam for Gud er det. For elles kunde eg ha snakka gutskiten til rettes. Å, eg skulde ha rifla opp han, skulde eg, eg skulde ha *drege* han ut or develskapen!

– Prøv å dra 'n Periander du, smålo Ragnhild.

– Eg skulde aldri ha gått hit.

– Skulde eg ha sitte her enno lenger og vore like vis?

– Når eg berre kunde ha gjort nokon ting!

– Ja. Eg seier det same eg.

Meir nytta det ikkje å seie for nokon av dem. Litt etter sa Lea farvel og gjekk; – eg får heller tulle meg vestover, sa ho. – Gud gi eg kunde gjera det same, tenkte Ragnhild.

\*

Med ho gjekk og stelte til kvelds, kom ho heile tida i hug noko ho hadde sagt eller tenkt ein gong, for lenge sia, visst: At litt meir til mann enn folk flest er da Håkon. Ja visst var det frå før, men det var da like sant for det; det måtte det vera!

Når han kom inn til kvelds, da vilde ho sjå det, [61] alt anna fekk bli små ting i mot det at han var den han var. Sia, når dei vart to-samen, skulde ho snakke ut med han. Ho heldt på å gå Tale over ende eit par gonger, gjentungen var så alt for hjelpsam og i vegen, som ei veninne når du har det vondt.

Lea og dei andre på Henningstad hadde ingen ting med dette. At eg ikkje laug menneske fullt! angra ho seg. Lea kunde gått heim med det at dei var eitt menneske i denne handelen, Håkon og Ragnhild, eit ektepar. For det er vi trass i alt, sa ho der ho gjekk og sette fram på borde. Men det hjelppte ikkje stort. Det var som det var. Hadde enda Håkon komme inn ein gong.

Håkon kom inn i lag med dei andre. Kjøkenborde var fullsett med folk no veka lang, det var skuronna og det var grøfting og sjøl veit kva det var. Han såg

på henne med han stod og tørka nevane sine, såg lognt og kvardagslig på henne – det var ein unaturleg ting at det eine menneske kunde sjå så tomt på det andre. Det var ei løgn midt opp i opne auga på henne.

Da merka ho noko etter kvart. Det måtte vera det dei kalla missmot. Det kom og la seg over henne, ei grå tyngd, ein vond trøytt, ho åtte ikkje makt til å vise det frå seg, – det var visst blode i folk som heldt på og vilde døy? Om ho snakka til Håkon no, om dei var aldri så to-eina, da vart det slik at det heller burde vore ugjort. Han hadde latt henne gå her og vera nar for seg. Det var [62] umulig å snu på det. Han hadde vore i stand til det.

Men var det nødvendig å fara fram slik mot henne? Ho syntes det svara ja nokon stads.

Håkon skulde åt kvennhuse den natta, Hallvard måtte få sova ut. Det var enda godt. Ho sov ikkje dårleg, tak og anna utover natta. Ein gong tenkte ho på å stå opp og koke kaffe, bera nattkaffe ned til mølnaren, slik ho ofte gjorde det før i tida. Men i det siste vilde ikkje Håkon ha kaffe. Det var bra det òg, – ho måtte mest le når ho såg seg sjøl komma stigande med traktering, ei makelaus kjerring til å ha omsut for mannen sin: når ho kom og skulde rifle opp han, som Lea sa. Han visste kva ærend ho kom i, det hadde ho set på han før han gjekk, enda han ikkje lest vita nokon ting. Eg finn han tids nok, trøsta ho seg.

Morgonen etter var han sømnig å sjå til. Ho fekk vente til han hadde sove.

Da høvde det som det skulde vera skapt for dem. Dei vart åleine i huse. Det var utpå ettermiddagen, før folk kom inn til nóns. Det hadde regna heilt til da, jamt og tett, men no lettna det i vére, regne sina opp, og takrenna tagde mest som ho lya etter det. Ein kunde kjenne på seg kor grøn grasvollen lyste, kor det gulna på åkeren. Dei hadde fått denne stunda til givande.

Håkon tok eit blad og stod og såg i det. Ragnhild stod bortved døra til kjøkene. Den eine venta på at den andre sa nokon ting.

[63] Da la han bort blade og såg på henne. Men det var eit sløkt menneske som såg på henne, så godt som. ikkje noko menneske. Ser han slik på meg *no*? tenkte ho.

Ho ser ut som ho ikkje vil tru eitt ord av meg, kom det for han. Ho veit alt, og ho veit det rett og visst, ho krev berre at eg skriv under på det. Han smilte, men det visste han ikkje om.



Den smilen tykte ho var det vondaste ho hadde møtt. Det gjekk ei klage gjennom all hennes kropp og sjæl, at rettno *veit* eg ikkje – –

Men der stod dei. Kven skulde ta til seg auga først? Det får kanskje bli eg like vel, sa det i Håkon. Ragnhild tenkte ikkje, ho stod der berre og var seg sjøl og borna og heimen. Det var vettlaust at dei stod slik, der måtte da bli ein ende på det?

Endelig såg Ragnhild ned. Da manna Håkon seg opp, kremta eit par gonger og sa:

– Det er så det. Det har skjedd som skjedd har. Da ho ikkje svara, la han til: – Eg burde visst heller sjå ut til arbeide mitt.

Men det han vilde sagt, var at der står du og Periander og heile menigheita, og her går eg.

Ragnhild såg i golve enda. Ho kunde tydelig høre han smilte, som ein godfjott til kar: det var seg sjøl han smilte seg bort frå. I det same tok ho etter vøre, for no rømte han, ho fekk aldri tak i Håkon meir; ho stod att her åleine. Ja ja, da er det ikkje noko meir å stridast om, trøsta ho seg. [64] Ho visste det var sjølv elende i henne som treiv etter den trøsta, men det fekk vera det same. Enno ein gong såg ho på han, og der med gjekk ho ut.

Han såg på døra ei stund, ho hadde gått så stilt i lås. Han burde ha hindra at det gjekk slik, sa han seg. Og var han berre ein mon friskare, da tok han striden no straks. Alle korta på borde, og neven i borde visst det måtte til. Han tok til og synte henne det i tankane: No går det i land med heile handelen, vi har alt eit bud som bergar oss, som byd oss velstand. Eg *såg* det måtte bli forteneast der. Eg er åtalslaus mann, *slik*. Resten bed eg om tilgiving for. Elles veit du det, lite grand urett lyt ein tåle, når det rettaste berre får skje.

Det var i alle fall ikkje Ragnhild som skulde døy om ein 8-9 månar. Han unte henne både liv og lagna, det torde han påstå. Det var ikkje seg sjøl han fekta for. – Eg må sette huse i stand, sa han, det har eg fått meg pålagt; det kan eg ikkje la nokon Periander hindre meg i.

Døden er noko av det viktigaste vi har for oss.

Ragnhild stelte i stand nónsmaten. Så kom dei inn, kvar frå sitt arbeid og kvar på sitt vis. Det hadde all tida vore ein hugna i folk som kom inn og vilde ha mat av henne. Dei ser så mildt på borde med dei leitar fram til sessen sin, eller dei

lest ikkje ha tanke for slikt. Somme er reint lykkelige å sjå til når dei får seg mat. Andre har anna å tenke på.

[65] Det var ikkje ansles i dag. Ho stod bortved komfyren og såg dem, glømte seg mest ei blink. Håkon såg opp som snarast og bort på henne, han var gjerne redd ho nekta å ta føda til seg. Nei da, no kom ho og sette seg til bords.

Etter kvart ansa ho på at ho hadde tukta han i hardaste lage. Det hadde vore lettare for han å bera om ho hadde skjent på han. Han var mangt og mykje, han var mange menneske i grunnen, men han var eit *barn*. Det er vi kanskje alle samene, men var nokon det så hjartelig som han?

\*

Før veka var slut hadde Håkon fare heimafrå.

Han skulde eit erend vest i øyane, fortalde han, der var eitt og anna å ordne opp etter i sommar. Men sanninga var at han vilde slå seg ned der ute og døy der. Han merka han hadde mindre levetid att enn han først trudde. Mindre makt hadde han òg, dei vart han for dryge dei han hadde i mot seg. Han braut av tilvære sitt og sa farvel med tid var til.

Det kom over han ein dagen med han gjekk og tenkte ut som ein slagplan mot somme vanskane, spørsmåle stakk tvert i gjenom han: – Er eg far min? Han stana og vilde verje seg mot det. Han hadde set det i auga til Ragnhild, her om dagen, ho stod og tagde og stirde på han. No såg han det tydelig: det var redd ho var; ho såg som ein Didrik i han. Javisst hadde han set det hoss andre òg, dei var ikkje for visse på kven han var. Periander [66] Henningstad, tenkte han. Eg ser deg. Du har fått mange med deg no.

Han augefór det med ein rolig smil. Var han ein som leid urett først det bar i mot for han? – Det er ei løgn som held på og skal bli sanning, svara han seg.

Det òg stakk han i denne stunda: Ragnhild hadde ein angst i seg, at han gjekk og drømte om andre kvinner, om Borgny Henningstad, rett ut sagt. Det òg var ei løgn som kunde bli sanning ein gong. Men Ragnhild kunde da ikkje vera så fiendsk i mot han at ho ønska ho fekk rett?

Sia om dagen hadde han eit lite tak med Hallvard. Guten tok det så rart. Han gav seg og var snild, såg på far sin og tok til vettes, ein vaksen og mild liten mann. Som han sjøl gjorde ei tid, i mot *sin* far. Kan hende merka Hallvard at denne

farkrypen hans var ikkje frisk lenger? Eller han kjente på seg at mor hadde fresta å trø han ned? Lat gale vera godt, – eg går ikkje her lenger! sa han.

Der med var det avgjort.

Om kvelden møtte han Kasper Kiran. Han hadde ymse å fortele, ting som Håkon burde tenkt over og gjort av med all som først. Men i auga til K. K. såg han det same, ei sorgsam lita undring over at Håkon heldt på og gjekk *den* vegen.

Det gjorde ikkje vondt, tvert i mot. Det sa han berre at denne striden skulde han ta seg fri frå. [67] Der var sagt nei til han, helsa og levedagane var han ikkje forunt; han var utan andsvar.

Om natta låg han vaken. Det var ei langvarig natt, og ei underlig natt å leva i. Avgjerdsla var over han. Det var ei høgtid å kalle. Eit farvel med alt i hop.

Først vilde han gå heimafrå, og gå seg sør og sør gjennom lande, som den ingenmannen han var, vandre og vanke, i aust eller vest, bli borte for både Gud og verda. Men etter kvart visna den tanken for han. Ein såg litt for tuslen ut når ein fór slik og bad seg fram, ein vart hund av det. Og minst av alt vilde han vera til plage for folk, det var just det han rømte for. Nei men han såg øyverda for seg, Ursvågen, der han leigde laksvald. Dit ut vilde han, ut i yttaste einsemda. Utanfor live. Der var romme hans.

Ragnhild sov. Ho sov så stilt, ein kunde tru ho låg død borti senga si. Gong og annan var ho vaken. Ho var i pakt med dei andre. Det var det som var døden for han! Det var ikkje spekulasjonen ho hata, det var personen ho vanakta. Ho kjente på seg han var sjuk, men ho visste det ikkje, ho tykte berre ho måtte vende seg frå han. Der var ingen ting å seie på det.

Morgonen kom. Han kunde stå opp og gå i gang med avferda.

Ja visst var det galen manns ferd. Dei var alle mot ein i det. Men kva har eit menneske rett til, [68] visst det ikkje har rett til å rå over døden sin? For dette er min eigen død, sa han.

Han såg dagen i åsyna. Det var live han såg, tykte han, ei lys og truverdig sanning. Store skyhausar kom opp utor have, mørke andlet som steig og stirde, men under dem låg lyse over fjorden og haugane og gjorde all ting så vidunderlig kjent for ein; og stilt var der så det tok etter ein stakar.

Nei, ein lever berre ein gong, dei har sagt det dei som ikkje veit det, så det skulde da vera sant nok.

Vinden spela vårhendt over vassflata og dei gule ospene, han gjorde seg særlig umak i dag; han vilde visst gjera det enda meir trivelig i verda, det skulde vera godt for menneske å bu der. Ei religiøs sjæl, tykte Håkon, ho vilde ha hørt at no vandra Gud Herren over jorda, han trødde lint på henne, han gjekk i tankar, men han steig varlig for det. Han var ute og signa lande.

Håkon var ikkje av det folkslage. Men han hadde denne resten av live sitt, ein ørliten skatt i ei øskje, syntes han, og den vilde han berge. Han vilde eiga det, sjøl seg, i dag og nokre dagar til.

Eg er ingen slave, sa han. Han vart varm i sjæla av det. Han tilgav ingen, for der var ikkje noko å tilgi. Han bad heller ikkje om tilgiving, for der var ingen å be om det. Einsemda der ute var det han vilde ha. Resten skulde dei andre ha. Dei andre. Det var ikkje fint gjort, men han smilte [69] åt dem. Ikkje for det at dei var urettvise mot han, dei kom berre for han så rare, dei vart sittande att.

Måsen hang i lufta, steig litt og fall litt, steig og fall. Tankeløysa vår, tykte Håkon. Eller tankane våre, om ein heller vilde seie det slik.

\*

Han gjekk inn til Ragnhild og fortalde han kom til å reise bort, dit og dit. Budeia og eit anna kvinnfolk var òg i kjøkene. Det skulde vel så vera, det.

Ragnhild vart litt undren. Ja ja, han snudde andlete mot henne, og forklara: Det var noko skrót han skulde ha greidd opp der vest; han vilde sjå til å bli ferdig med denne ekspedisjonen sin ein gong. Som sagt, han kom til å bli borte nokre dagar ja.

Ho spurde om han skulde fara no i dag. – Det var meininga det. Han tenkte å få Paul til å skyss seg utover med skjøyta. Heim kom han alltid på eitt eller anna vise, la han til. Der sa eg *det*, smilte han innvendes. Ragnhild undra seg, kva i all vide verda det var som plaga stakallen, treivst han slett ikkje her heime? Eller tru om det var ei ny fekt han skulde ut i?

Ho lo, for ho hadde nøgda av mot enno: – Eg veit ikkje om eg slepper deg i veg.

Han la hovude på skakke, og smålo han òg: – Eg undres ikkje på deg.

– Eg burde ha vore med og halde i hempa på deg.

[70] – Ja ha, svara han og såg henne i auga att. Det burde du. Men: Du kan

komma og hente meg heim.

Slik skulde ektefolk bitast ein gong i millom, så visste dei som hørte på at det var fred og forlik der i huse.

Ragnhild var ikkje større urolig enda. Vilde han så endelig ut å fekte med vase sitt, så lat han fara. Var han såra eller ulykkelig, da lettna det kan hende når han kom ut i lufta. Det var berre litt utrulig at det skulde vera han, dette, – det var eit frammandmenneske som stod der og lest som han fortalde henne nokon ting.

Håkon gjekk ned til sjøen og fann Paul, fortalde han om ferda og bad han skyss seg utover. Vêre var fint, Paul hadde slikt å gjera, og skjøyta låg der i stand og ferdig; der var pengar å tene med henne i dag.

Paul tok til å tygge og såg på han.

Ja ja, meinte Håkon, dei kunde vel legge i veg da, om eit par timers tid?

Paul tygg og ser bort, tygg og ser på han att.

Der med spyttar han og seier:

– Skal du dit ut?

Javisst skulde han det ja, eit nødvendig erend. Eit vrialt erend, han hadde ikkje stunda no til å fortele om det. – Du skyssar meg da?

– Hm! sa Paul. Litt etter sa han: – Eg skyssa deg ein gong før. Den gongen gjorde eg rett. Du fekk heim kjerringa di i den sjauen.

[71] Håkon vart harm, vart huga på å snu seg frå denne fånen og ro i veg åleine på ein småbåt, tenkte for ålvor på å gjera det; men han vann over seg og snakka vakkert: – Du gjer meg da den beina, Paul? Det kan snart bli den siste eg bed deg om, sa han.

Paul vart meir og meir snild der han stod. Han leid vondt, sistpå, han vilde så nødig ha sagt nei til Håkon, han visste ikkje kva han skulde trive til. Og Håkon var ikkje frakare karen no, han vart glad berre han såg det, sorgsam og glad på sjuk manns vis, ein kunde bli så ubøtelig åleine når ein var sjuk.

Da fortalde han heile saga til Paul, til ein forherda einstøring, at han var helselaus og måtte døy no, at han rømte frå verda si her før sjukdommen fekk vanæra han enno meir. Han laut ut med det heilt ned til minste tingen, for han vilde bli trudd, der måtte vera ei sjæl som trudde han, lat henne vera aldri så lita.

Ja slik var det. Siste reis kunde han seie. Han snakka seg mest full.

– Kva seier a Ragnhild? braut Paul han av.

Håkon rista på hovude. – Du skjønner ikkje orde av det eg har sagt, sukka han. Fortalde eg henne korles det står til, da vart eg skikka frå dokter til dokter lande rundt, ein skal ikkje ha lov til å døy, om ein er aldri så stor ei plage for folk.

Paul tok til å tygge på ny frisk. Så bar det i spytinga med han.

[72] – Du er ein trase, sa han.

– Det er da det eg står her og forteler deg. Men det må du komma i hug, at *du* har ikkje vorte granska i hjarte og nyrer og dømt frå live, har du det? Ikkje du nei, men eg; og ikkje dei andre heller. Eg skal skrive det til henne. Eg skal bruke resten av tida mi til det.

Dei såg på einannan. Dei tykte det var langt millom dem. Austpå fjorden glittra småbåra i sol, ørfint som eit auga dirrar når dagen blir det for lys. Men strendene var blinde dei, dei stod der i eit slag lykkelig sømn, kvar odden og kvar vika med sitt andlet. Paul såg det kanskje han òg.

– Nei, sa Håkon, eg furtar ikkje. Same kva de seier. Men vi må vera brukande i verda. Mange ting er fine nok der dei ligg, og mangt eit menneske veg *tungt* i Vårherre si hand, men jordlive vrakar dem, dei er ubrukande her; dei blir sendt vest i gløymsla, dei får døy i nåde, er ikkje det vakkert nok? Ja dette skjønner ikkje du, enno da, det er finnfadervåre for deg, eg seier det berre for meg sjøl.

Der kom ein blunk i auga til Paul, han var syndfri nok, men smådevelklok: vi kan vente oss mangt slag av den som er sjuk, det kjem *fram* da.

Håkon spurde om det var avgjort da. Så fór dei om to timar?

– Kan vel gjera den gjerningen òg, eg, mumla Paul. Men synd og skam er det.

– Å bryte av tilvære sitt, det er synd det ja. [73] Og skam. Det blir da dømt der etter òg. Men eg gjer det like vel. Kanskje eg er den siste av dem som gjer slikt. Dei andre har sin lov å gå etter, eg vil kalle det småmannsloven eg, ja nei lat meg få vera ærlig og snakke ut! Av menneske har eg berre deg å snakke med no.

Eg vil berre seie deg det, at for meg er det himmeriks rike å rå meg sjøl i visse ting. Far min, veit du, han var tilskoren etter same galnemønstra han. Det har seg slik med somme. Men no, i denne dag, skyssar du meg unda vegen, Paul. Det er ikkje nokon liten gjerning du da gjer. Men jamenn er det rart, gut!

Ja ja, så kjem eg klokka eitt da. Mat har eg med for oss baa to, eg trur eg bad

Ragnhild om det. – Men *du!* sa han, han kjente i lommene og vart blank i auga, kom så fram med pipa og stod og sette pekefingen ned i tomme hovude på henne. Har du tobakk på deg?

Paul langa han posen, det skulde vera røykande vare, trudde han. Håkon sette seg beint ned på vollen og stoppa pipa, han smilte heilt for seg sjøl og var lykkelig mann. – No er det snart halvåre sia eg unte meg den her gleda, fortalde han. Ein har plikter mot andre, veit du. I dag har eg teke meg fri. Han røykte og såg djupt ut i vêre. Dette var ei *stund!*

Men han skulde heim att, var sant. Eit stykke opp i vegen kommen stana han og banka utor pipa, ho var halvroykt. Han vart ståande still og [74] sjuk. Tobakken gjorde han svimren og kald, no som sist han fresta han, han vart elendig all igjenom, hjarte var det ikkje verdt å legge merke til. – Å ja men det går over, trøsta han seg; det er berre døden som ikkje går over. Han går over med eit belj, sa guten, men det var no han det; han sa noko anna sia, er eg redd.

Men Ragnhild ho held meg truande til alt.

\*

Hallvard kom ut i matkammerse da mora heldt på og la i ferdaskrine. Han spurde kva som stod på, skulde far ut å reise?

Ho fortalde han det ho visste om det, utan å sjå opp.

Han stod litt og fikla med brødkniven, kjente på egga, såg på skafte, la han frå seg og laga seg til å gå. – Lat han reise, sa han.

Ja kvifor ikkje, meinte ho.

– Eg skjønner snart ikkje nokon ting eg, mumla Hallvard. Mora svara ikkje. Da retta han eine armen i vêre, strekte seg og gjeispa likesælt, men let neven falle mot veggen med ein dunk: – Eg tenkte meg ikkje til å gå heime all min dag eg heller.

Ragnhild svara ikkje. Ho hadde venta det lenge nok. Ho fraus der ho stod, kom ikkje på kva meir ho skulde gjera, ja kva *var* det? Nei, skrine var ferdig det. Men Hallvard ønska seg her i frå. Han òg ja. Tida hadde gått så mildt her, åra dei hadde fare som du berre sat på toge og fór, men kor hadde det bore av? Ho manna seg opp og [75] sa seg, at no er vi her, og gutungar i den alderen dei trår ut i verda – Stavsund-garen kunde da ikkje jaga folk i frå seg? Tøv!



– Nei du veit, eg får sjå i det litt. Det hastar ikkje med meg. Men ikkje som eg skjønner han.

– Nei nei. Men det hastar det no heller ikkje med.

Hallvard la litt på hovude, liksom han fresta å sjå saka frå ein annan kant. Men han kom snart i hug at det var ein matbete han skulde ha, ein liten tjuvbit millom måla. – Får eg det, sa han, da kan verda gjerne stå på hovude om ho vil.

Ragnhild levna til og bad han forsyne seg, der, og der! – eller var det noko anna han vilde ha? Det hadde aldri vore lett å få noko hold på han. Ho såg hjartelig på han med han åt.

Ho visste lite om kva som budde i denne gutladden, men det fekk vera det same. Det skulde bli årti å sjå kva han voks opp til, det sveiv for henne at det var det ho var her for. Nå, men der stod matskrine, ho fekk sjå etter om ho hadde glømt noko.

Nei Hallvard var det ikkje farlig med. Men over Håkon måtte der ha komme ei ulykke av eitt eller anna slage. Der måtte vera ei vond makt som hadde fått klo i han. Kan hende han berre skulde i veg og range seg utor desse spekulasjonane. Han pla alltid seie nokre ord til henne, når der var einkvart i vegen, ho hadde da visst alt om han heilt til no? Nytt ikkje å spørre heller, det [76] kjente ho på seg. Men var han på Didrik-vegen da, som Lea sa ein gong? Det kunde ikkje vera til.

Hallvard sa med det same han skulde ut: – Veit du at 'n far har vore med og kjøpt eit skip, – det som forliste i sommar?

Ragnhild visste det ja.

– Å, du veit om det? Ja men det var ikkje dumt handla, det seier alle.

– Alle?

– Alle som snakkar om det ja. Hadde ikkje krigen komme, da kunde det ha blitt pengar å tene på det, veldig.

– Det kan der vel bli enno, *det*, svara ho over arbeide sitt.

– At han ikkje klemte til og kjøpte det åleine!

Det fekk han ikkje noko svar på, og slong sin veg.

[77] Håkon bar ferdaskrine ut på kjøkenrammen. Ragnhild kom etter og gav han nøkkelen.

– Blir du lenge? spurde ho.

Han såg på henne, vilde til å seie noko, men tok seg i det; han flytta nøkkelen over frå den eine vestlomma til den andre. – Å nei da, sa han endelig. Eg har eitt og anna å gjera opp, og slik. Best det er ler han og viser med skotåa bort på bomma: – Lenge, seier du? Det ser da ut til at du har tenkt det. Der er mat for to mann i tre veker. Men du: i dag vil eg ha kaffe.

Der tendtes ein lysna i auga hoss Ragnhild, noko som ei fattigmannsglede, ei husvill lita von. Håkon såg kor stor synd det var at han reiste, han såg det og skjemdest, men dess vissare var det at han måtte komma seg vekk. Mindre mann for henne enn han var no, det måtte han ikkje bli. Dess utan: Dei hadde sjøl dømt han.

Dei drakk kaffen to-eina i kjøkene. Vesle Tale heldt til bortved døra med ballen sin. Kaffe var godt, over all pris, det er godt å vera menneske mange gonger, men elles var dette ei tungvore stund.

[78] Rettno spør ho meg for ålvor om erende mitt, tenkte han. Da lyt eg ut med det. Å nei, for resten – nei! Det blir billigare for henne å få det sia. Eg kan ikkje fortele, kor som er, at ho har svike meg. Det vart å bruke kvast mot ein verjelausing det. Det vart ei løgn, same kor sant det er.

Han såg ikkje så overlag glad ut heller, til det at han skulde få reise bort, tykte Ragnhild. Men i Jesu namn, *er* han så skrinn? Kanskje vi burde ha seld rubb og stubb her, klara skylda og flytta langt bort nokonstads? Ja her måtte einkvart gjerast; det nytta ikkje å gå og vera blind lenger.

Andlete hennes vart levande i kvart drage, det smilte av styrke mot han, enda så ålvorsamt det var. Ein verdig motstandar, hadde han hørt dei sa. Dei var no meir enn ein, for resten.

Så var han ferdig ved borde. Dei fekk leva så vel da, og ha det bra. – No må du vekse da! sa han til Tale. Ho lova det.

Ragnhild følgde med ut. Ho såg på vêre, og spådde det vart fint. Litt etter spurde ho for andre gongen om han vart lenge borte.

Han svara at det visste han ikkje, men særlig lenge trudde han ikkje det vart.

Der var ting som måtte ordnast, det var det; – det leggs alltid ei vise til, veit du.

Men han tok seg på tak og såg henne i auga. Han let blikka tilstå alt som var å tilstå. Han fresta å seie det med ord òg. – Eg har prøvd å tene litt, sa han. Eg tenkte, her kan komma ei [79] hardtid etter krigen. Ja for *eg* trur ikkje dei blir ferdig med han så snart, at dei får han undagjort til jul, som Lea seier. Ja. Og vi sat dårligare i det enn du trur. Tida er slik. Og ingen veit kor lenge ein lever og har helsa, har du tenkt over den vesle tingen? Ja. Men no trur eg mest båten skal bera, med guds og godmanns hjelp.

Han får tru for oss båe, sa Ragnhild med seg sjøl.

Håkon fekk dette i veikryggen att, det banka så tungt at han måtte stå still til det linna eit grand. I det same kom Hallvard, han baud seg til å bera einkvart ned åt sjøen. Han bia på svar, tok så nistebomma på nakken og gjekk.

– Ja ja, friska Håkon seg opp og sa, – de må leva så vel da, som sagt.

No såg han Ragnhild siste gongen. *Henne*, som det har vore sagt av så mang ein mann. Han kunde ha smilt, for det var berre han i heile verda som hadde vore gift med henne. Dei drømte visst ikkje ein gong om at ho var til. Ikkje hadde dei røynt å miste henne heller nei.

Kva ho tenker eller tykkjer om oss no her etter, lat oss sjå bort frå det, formana han seg.

Veslegjenta stod breiddmed henne. Ho smilte aldri til han, men ho såg på han, på ymse vis, med blanke brune auga, – hans eige barn. Han måtte gjera krus for henne og seie henne farvel i handa. Ho neia det finaste ho hadde lært.

– Så! sa han og gav Ragnhild eit lite klem, og der med gjekk han.

[80] Nedetter den gamle kjente sjøvegen, over bekken og kring haugenden. Der vart ein borte for dem som heime stod. Skulde han snu seg, tru, og seie fager er lia? Men her var inga li, berre vanlig natur, berre tankelause kvardagen alt i hop. Enda kunde det vera rart å gi det frå seg.

– Å, det er *brutalt!* sa han. For det var det ja, det var visst umulig å vinne seg ned til sjøen. Det var denne vegen dei laut gå dei som vart fordømte.

Med det same såg han det: Det var denne vegen Ragnhild gjekk da ho skulde på tukthuse. Han stana med det same det råkta han, men han kom seg i gonga att. Og der såg han Hallvard nede på sjøvollen. Han visste ikkje minste grande om at han var med og jaga far sin utor garen. Han var utan skyld i det òg.

Men Hallvard skulde minnst far sin som ein for seg sjøl, ein som var mann til å komma seg unda vegen i rette tid. Han skulde skjønna det etter kvart, at til byrde og skam i heimen vilde ikkje han ligge, millom folk som såg ned på han før. I alle fall, han skulde ha ein far som ikkje var kvarmann.

Skjøyta låg ved brygga. Han sa eit lystig farvel til Hallvard. Så fór dei.

Ragnhild såg skjøyta da ho svinga om Fagernesodden. Vinden var i mot, det vesle som var, men skjøyta let seg ikkje hefte, mastertoppen gjekk så det susa etter, syntes ho, så lenge han var [81] å sjå over nese. Ho hadde mange tankar i den stunda, men midt imillom dem dukka der fram eit ord som Tale, værmora hennes, sa i si tid, at menneske er eit særstyn på jorda. Tøv og tull, men kvifor var det så sant like vel?

\*

Dei fór.

Det var frisk vestavind da dei nådde ut fjorden, men tålig sjøstilt, så dei heldt same farten. Da dei fekk meir nordlig kurs kunde dei ta storsegle til hjelp. Små elingar laga seg til vest i havhimmelen, ørfine lysgrå vêrbillete med strimer av væte i; dei kom og kom, hitover himmelen og hitover øylande, men dei nådde aldri fram. Dei var kanskje ikkje til, det var vøre som drømte at det var ute og gjekk.

Men elles var da verda til, det vanta ikkje det, og ein sjøl med. Skjøyta kjørte for tvert framgjenom småsjøen, så drivse stod ein i andlete, motoren dundra som ein prest i ei tom kirke, fann Håkon ut, dei skyssa rømlingen med full musikk. Rettno var dei halvveges. Og no *var* dei det. Dei kjente havbåra under seg.

– Du kjem til å høre mangt om denne ferda, sa Håkon til Paul. Både om den og om meg ja; dei får stry å spinne av, når det lid om litt.

Paul togg og såg på han, sikta litt med eine auge før han spytta ut. – Hm! sa han.

– Har du lagt merke til det, Paul, kor folk lyg på kvarandre no i krigen? Verre og verre, dei lyg [82] og hatar meir enn dei drep, dei drep æra først og fremst. Men trur du vi er slik? Langt i frå, det er noko dei har funne opp. Far var ikkje slik han heller, – ja eg er rett så frimodig no at eg nemner han. Nei så gu om han var, det var berre noko han trudde. Som han sa om eine motmannen sin ein

gong: Han *innbiller* seg han er slik ein svart kjeltring, så må han skape seg til der etter. He?

Paul spytta med full kraft. – Feilen med deg er den, sa han, at du er for *optimystisk*. Om du veit kva det er for noko.

Håkon lo.

– Jau, forklara Paul, du tenker for mykje på deg sjøl, og på anna folk. Du får uro i kompassen din; det er det du får. Og så tenker du for lite på både deg sjøl og på dei andre. Du gir deg sytten om korles det *går*. Eg vågar meg til å fortele det slik det er.

Men Håkon ropa i det same: – Sjå i lande og styr rett, din fåne!

Paul glytta så vidt aust i land, men heldt same kursen.

– Skal du kjøre beint på Flygrunn-falle da?

– Er du livredd? spurde Paul. Han var hjartelig god i måle.

– Ne-hei, Paul. Men eg vil ikkje døy som fjellfinn på sjøen.

Paul bar rore over, så usynlig han kunde gjera det, han hadde æra si å berge. Det var no hans [83] ære. Andre frestar å berge si, armodskapingane, æra og live og mest mulig av mangt anna; – det er det som kalles å leva, avgjorde Håkon.

Straks vestom dem gjekk Flygrunnen til falls. Der skapte seg til ein sjødal så djup og ein vasshaug så bratt at det løfta i magen på dem, der med braka vassmengda i veg mot dem, himmelhøgt, tre veldige gonger og den tredje verst, det vilde ha teke glisen utor tennene på kven det var. Det nådde dem ikkje. – Det vart ikkje i dag, sa Håkon. – Det vilde klara seg om vi hadde halde bein kurs, meinte Paul. Det gjorde eg for resten, la han til.

Håkon såg i nisteskrine. Han vart mjo kring hjarte da han såg all den godmaten Ragnhild hadde laga i stand og sendt med dem. Det der hadde ho komme i hug, og det, og det; slik og slik hadde ho lagt det ned, – der var det jamenn ei flaske av den dyrverdige bærvinen hennes òg. – Den er eg så redd for som for mitt eige blod, sa ho ein gong.

Det vart Paul som åt. Håkon var ikkje hissen på mat enno, fekk heller styre eit tak.

I kveldinga nådde dei fram. Dei kjørte i svartstille sund millom svartstille

øyar, leita seg fram over valar og grunnflak og gjennom den siste renna; så var dei der.

Håkon var i land, skræmte vette av kjerring og ungar som snarast, og tinga seg hus i den stua der laksfiskarane hadde halde til, for ei veker tid eller [84] to. Der etter gjekk han om bord att, dei skulde ligge der baa to den natta.

Han sat oppe på dekke stund og anna før dei kraup til køys. – Får du noko tal på stjernene? spurde Paul frå lukekarmen. – No *er* eg her, svara Håkon. – Ja har du helse til å sitte her no, da skal du ikkje klaga. – Nei nei.

Det var eventyrs ting å sjå att dette lande i haustmørkre. Så vidt og audt var det, så reint landsforvist som han såg det no, dagslyse er ein diktar og ein skrønemakar. Det lo i han, ein kaldvoren fysna: Dette var no òg ein stad i verda! Umenneskelig kor stygt det er skapt her, du kan aldri tru det.

Åt eine leia var det lågt, lågt, fanns ikkje form på det. Åt andre leia var Hesten, beint til vêts, så bratt og ulystelig som fjell kunde bli, eit svart gap å sjå i mot, og der var Oternakken og der Ørnflaugnakken og elles nakk i nakk, meiningslause bergnakkar all veg nord i have, så gripande uferdig. Skaparen kunde aldri ha vore her?

Håkon hadde lese om at den eller den var ferdig med ein part av live sitt, no gjekk han inn i ein ny; han hadde set det på prent. Der var virkelig noko i det, som der er i eit gammalt segn.

Men det var noko mykje sannare at han var her no, og at det var her han burde og skulde vera. – Om så ikkje Vårherre sjøl skjønner det enno.

Dagen etter sa Paul: – Eg skal komma og hente deg når du vil heim att.

[85] – Ja *da* kan du komma, Paul. Håkon smilte utan han vilde det.

Paul såg skræmt på han. Tygginga gjekk i stå for han. Men han sa ikkje noko, anna enn farvel med det same han fór. Skjøyta la i veg til Stavsund att.

\*

Da skjøyta hadde fare, gjekk Ragnhild inn i arbeide sitt som elles. Ein lyt halde seg rolig, det er første plikten du har. Det var gammalt og grunnfast i henne, ho trong ikkje tenke over det: at menneskesjæla er ei uro, men den er du sett til å herske over; du får da herske over di eiga sjæl, kan du vita.

Men hadde der vore nokon å snakke med, da vilde ho fortald dem, at om ein

mann ikkje kan finne seg i å gå heime dagandes dag, om han vil ut og slåss med einkvart, da er han i sin manndoms rett. Lat han fara, om han så fer vill.

Ho kom til å minnst med ho gjekk der ein lystig hending frå for lenge sia, det var eit par år etter ho kom heim frå tukthusferda si.

Det var kvitaste vinteren, og snøfokke, og slikt snøfokk: heile himmelromme var blinda av snø, all verda kring dem forgjekk av snø. Håkon lo best han stod og såg ut: – Dette er tullut vêr, det må eg ut og slåss med! – Eg òg! svara ho. Og med det same det var sagt, da var det så sant at det var ikkje å snu på, ho skulde ut og slåss.

[86] Håkon snudde seg og drog på smilen, slik mannfolk smiler til den som ikkje er mannfolk.

Dei hadde levd i husvarme lykka sia ho kom heim. Det hadde dei trudd i alle fall. Da stod dei der før dei vardest og las krig utor auga på einannan. Den eine måtte berre ikkje tru han kjente den andre, for da skulde han snart få lære nytt.

Da sa Håkon at han måtte sjå opp til dammen. – Dammen! bles ho, der hadde han ikkje det spytt å gjera i det vêre her. – Jaså, svara han, og tok til å uvêrsklæ seg. Det same gjorde ho. – Men kva var det ho fann på? – Ja det var no det, smålo ho. Ho tenkte seg for resten sør i Svee, for der sat det ein sjukling til mann og to gjentungar, dei klara aldri å bera heim vatn til krøtera i dette vêre. Ho måtte ikkje snakke uvettig, bad han, ho tulla seg bort før ho kom halvveges. – Jaså, svara ho.

Håkon snudde seg i døra, og da var han kaldmælt: – Du held deg heime, har eg sagt.

Ho svara i same tonelage: – No snakkar du som eit barn.

Han vart vill i andlete, bort i mot stygg, ho hadde komme i hug det andlete ofte. Det verste var at slik snudde han seg og gjekk. Gjekk gjorde ho òg, vanta ikkje det, men der var ikkje rette smaken på det.

Ho kom fram til plassen, enda det var no så som så med det, og der var det bruk nok for henne, men i heimvegen bar det gale av. Det var berre [87] eit mirakel at ho tulla seg fram til ein gar, langt av lei. Dei tok henne millom seg, to vaksne karar, og fekk henne heim, men da var det kvelden òg.

Og da var Håkon borte. Tausa visste ikkje anna å fortele enn at han var heime ein sving og tok i veg att, utan han sa eit ord. Ho visste han hadde sett av stad og



skulde leite etter henne. Første tanken hennes var at da laut dei i veg og finne han. Men det burde ikkje skje. Så vondt var det synd å gjera han. Vêre gav seg ein mon, og langt om lenge kom han stintande heim. Da var han mest klar.

Dei vart da forlikte att. Dei kunde til med le åt dårskapen sin. – Eg trudde ikkje du skulde få så stor ein rett, sa ho. – Det var eg ikkje større glad for, eitt tak, smålo han.

Det undra henne i dag som den gongen, å sjå ein mann vart glad heilt inn i sjæla for det han fekk ein liten rett. Dess hardare måtte det vera for han, at han skapte seg slik ein urett med dette notkjøpe sitt. Og at han gjorde det *slik*.

For resten var det ikkje rådelig å tenke for djupt for det første. Lat han fara om han så fer vill.

Ho gjekk ned til sjøen og snakka med Paul da han kom att. Han fekk vera velkommen heim, men kom han no alt? – Han gjorde da det ja. – Eg trudde, sa ho, at du vart der ute til de kom att båe to?

Paul greidde med ymse ting om bord. – Nei, [88] svara han. Nei. Ei stund etter la han til: – Nei det hadde eg beint ikkje tida til no!

– Nei nei.

– Han kjem att like god, skal du sjå.

– Ja det må vi da tru.

Paul kom på at her nytta det lite å snakke ålvor; det kunde ein dum ein ha gjort.

– Du får han att spilder ny, sa han. Berre vent du.

Ho kjente Paul for godt. Når han òg, kroken, skulde fram og trøste ein, gud veit kva som da stod på. Ho gav seg til å gå oppover att, heim til sitt.

\*

Om kveldane kunde det falle over Ragnhild at ho var mørkredd. Ho hadde aldri visst kva det var, men dette måtte vera sneven av det? Helst kom det når ho satt inne og lampen var tendt, det vart uhuglig tomt og utrygt i kring henne, og aldri før hadde ho ansa på at det var så mørkt ute. Her kunde skje einkvart gale, i denne stunda, og her sat ho vernlaus i mot det.

Det var ikkje anna det, visste ho, enn at husbonden var borte utor garen. Ein gong reiste ho seg og gjekk ut i mørkre, gjekk det i møte i fullaste ålvore, ho

gjorde seg enda erend bort i uthusa. Nei, da fanns der ikkje reddhug i henne meir.

Håkon ja, kunde det svive for henne, han var tukta til døden. Meir tålte ikkje han. Nei ikkje til døden, å nei da, men kva var det som hefta han [89] at han ikkje kom heim? Han såg da ikkje vond ut da han fór, tvert i mot. Ho skjønna det ikkje. Men han måtte vel snart dra seg heim, stakallen? Ja ja, lykke på heile reisa hans! Det vil seie, at var det ein annan enn han, da *meinte* ho det òg.

Hallvard lest ikkje bli vår at faren var borte. Han arbeidde berre litt villigare. Men når ho nemnte for han at faren tok på og vart lenge borte no, da syntes ho sjå han vanakta far sin. Det stod ho ikkje ut, om det var aldri så lite. Ikkje *det* nei, dei fekk halde henne undskyltd. Der fór ein kaldgrøss i henne: enn om du sjøl vart nøydd til å sjå ned på han?

Veka gjekk til endes, og da først tok ho til og venta Håkon for ålvor. Dei skreid dag for dag utgjenom andre veka, utan ho hørte ord frå han. Ho var ikkje anna godtil, ho snakka til Paul enno ein gong.

Ho bad han seie henne beint fram det han visste, om grunnen til at Håkon vart så lenge borte. Ho spurde hardt til slut: – Kva sa han til deg?

Men der var berre ord og undavik i han: ho skulde ikkje gruve, Håkon fekk ho att når tida kom, han hadde litt å stå i, som sagt.

Ho vart harm og sa: – Eg trudde du Paul var meir rettfram kar enn slik.

Han flytta blikke bort på henne. Så sa han: – Eg veit ikkje om 'n Håkon er særlig frisk i det siste? Han såg meg ut for noko av kvart.

Ho tenkte sitt om den ting. Frisk er vel aldri [90] den som vil snike seg fram, som vil vinne over verda attanfrå, ho skjønna ikkje kva ho stod her og grov etter. Dei måtte vel sjå det alle som vilde sjå, at det er stutt veg millom lån og løgn, og oftast er det ingen veg. Dette her pekte snart Didrik i vald!

– Men her er noko du ikkje veit, sa Paul og kom nærmare.

Ho svara at det var mangt som ho ikkje visste.

– Ja men det er 'n Hallvard eg meiner på. Du skulde halde han meir inne om natta.

Ho retta seg bein i rygg og nakke og såg på han.

Paul heldt på og budde seg til sildvåg-ferd, det var derfor ho tok han for seg i

dag. No kom skipparlage hans frammed stranda, så han laut skynde seg å fortele.

Nei det var berre det, at nokre ungdommar hadde halde styggsjau i Langmøstua eit par netter. Stua stod øde, men ho var læst, og dei hadde bryte seg inn. Dei dansa og dundra så det var grovt, og kor hadde dei fått drikkevarene og alle sigarane frå? Det verste var at det skulde vera denne fordervelige byfrøkena som stod for verke, ho fekk gut-toskane til å gjera som ho vilde, – dei sa ho hadde vore på straff før, for stulder. Kanskje ho hadde stole det dei trong hoss dokteren, hoss husbonden sin. Det kunde bli leit for alle som var med. Berre det ikkje var dem som hadde vore oppi marka òg, i Engelskmannsbua, og forsynt seg her i sommar? – Det er no eg redd, sa han.

[91] Ragnhild spurde om han visste at Hallvard var med.

– Namne hans var oppskrive ja, i lag med dei andre. Dei kom tre mann sterk her i førnatt og tok dem på fersk gjerning. Ja no veit du det som det er. Eg fer min veg no, eg. De må elles ha det så bra her da. Du snakkar bedre med guten du enn 'n Håkon kunde ha gjort.

Det var stilt i vøre, fanns ikkje levande drag i det. Fjorden var gråblank det stykke ein såg av han, men elles kom sjø og land bort i regnskodda, det vart gjømt unda så stilt og mjukt liksom sømnen eller glømsla tok det vekk for ein. Det regnte ikkje, men Ragnhild gjekk i skire væta.

Ho kjente seg ikkje sterk nok til å gå på Hallvard den dagen. Dagen etter var ho seg sjøl att, og bad han med seg på tomannshand. Litt skalv ho innvendig, for der stod mykje på spell. Vann ho ikkje over han denne gongen, da kunde ho gi opp vona. Da var det slut. Men ho tok det frå den lystige leia, mest som ho hadde hørt noko morosamt om han, men var det sant?

Hallvard tagde. Han såg ein gong i golve og ein gong på henne. Det tegna bra vonlaust til; det nytta knapt om ho tok etter ålvore òg, denne gongen. Da retta han på seg, smilte, og tilstod alt i hop. Han fortalde stødig og omtenkamt, heile tida med blikke mot hennes, ho skulde få høre kvart eit grand. Det var mykje meir enn ho hadde hørt av Paul.

[92] Men var han verkelig med og braut seg inn i Engelskmannsbua i sommar? vilde ho vita. Han rista på hovude: – Nei det hadde han vitne på at han ikkje var. Han hadde sytt for at truverdige folk såg han den dagen det gjekk for

seg, på ein heilt annan kant. – Var det den sundagen han fór tulling med trillbåra innetter vegen? – Ja visst. Dei som møtte han kom nok i hug det. For resten, han fór i erend, han skulde låne dragspele hans Ludvik til om kvelden, han hadde det i ein sekk da han skyssa det heim. Folk fekk vita det var amunisjon til skyttarlage, og det var sant, han utretta det i same renne; formannen hadde bedt han om det.

– Men du visste dei vilde bryte inn og stela? – Dei vilde ha meg med. Braut seg inn gjorde dei ikkje, dei opna berre vindauge og gjekk inn. Og så var det ikkje anna enn brennvín dei tok. – At du ikkje fortalde det, så einkvan kunde ha forhindra det? – Ja, sa han og såg henne djupt i auga: *skulde* eg det, tykkjer du? – Men at du vilde vera med og drikke det opp? – Eg smakte det ikkje. Ikkje, hører du – dei vart da sint nok for det. – Ja ja ja, sukka ho. Eg skjønner berre ikkje at du vilde vera i lag med dem. – Ja det er det. Det er det eg hatar meg sjøl for! Han snudde seg tvert om.

Det vermte i henne, at slik såg han ut, heile guten tvert i gjenom, det trongs ikkje at nokon skjente på han. Ikkje trong ho nemne denne [93] frøkona frå doktergaren heller; tanken hadde sitte som ein pligg i bringa til no, merka ho. Dei stod litt og sa ikkje noko; to jamgamle menneske, som hadde rådført seg med einannan.

Da seier han: – No har eg tilstått det for deg. Men skal eg tilstå det for andre? Alt samen? Ho var nær på å svara at det skulde han slett ikkje, det vilde vera synd. Han var sonen hennes, sonen til *Ragnhild*, det var bør nok det, her i bygda, han var godtsom utleita til å kaste stein på.

Men det stemte mot anddråtten for henne. Just det at han var hennes barn fekk avgjera det.

– Tilstå alt i hop, sa ho. Lat dem få kvart eit grand, visst du blir spurd. Ta så dasken som han fell. Du tåler da den?

–Ja vel. Som du synes. Men: Eg kunde ikkje vita at dei virkelig *gjorde* det?

Nei, det var så. Det kjølde i henne kor uhuglig klok han var, all vegen, kor farlig eit folkvett der sat i han. Det snørde seg til kring hjarte på henne. Ja visst var han hennes gut, det såg du i auga hans og i heile andlete, det hadde inga nød slik, men korles skulde ho berge han? Hadde ho så sant kunna lagt handa bortpå aksla hans, tykte ho, men det tålte han ikkje, det var berre å tie og gå. Kanskje Vårherre såg ein veg for han? Det var mange som tykte mon i den trøsta.

Når enda ikkje far din fekk vita om det, heldt ho på å seie. Men da såg ho det, såg det men snudde seg frå det med all si makt, at Håkon [94] skilde det ikkje, han fekk i gudsnamn fara der han fór, og tusle med sitt, ho var åleine no som ein gong før. Nei det var ikkje sant, gudskjelov, men det var vondt nok med det same det skar i henne.

\*

Håkon gjekk i gang med å leva der ute. Kvar morgonen måtte han undrast på kor han var og korles han hadde komme hit. Kona i huse undrast ho òg, gjekk rundt i kring han og fekk det ikkje til å rime at han var her. Han fortalde han var sjuk og vilde freste sjølufta, og da vart ho meir til freds. Sia fekk ho husleiga og kostpengane i forskott, det tykte ho enda bedre om. Han sa mange gapord til henne, nifske ting somtid, for da grøssa ho og heldt seg litt meir unda.

Dei fødde ei ku på garen, kva dei no fødde henne med eller ikkje. Nokre sauer hadde dei òg, men dei fødde seg sjøl. Kona og borna fór med litt fising kring lande, sette garn eller line når vøre var godt. Når dei var leie av å leva av fisk og poteter, levde dei av poteter og fisk.

Håkon hjelpte dem med eitt og anna. Han gjekk og såg at her skulde mangt vore ansles, han vart huga på å snu opp ned på heile stelle deres og få det i folkelig stand, slik der og slik der. Da måtte han smile, for noko slikt hadde han havt for seg mest all sin dag, og det førte han hit.

Somtid smilte han til lande i kring seg. At nokon ting kunde bli så steinaudt og steindaudt; [95] der måtte ha vore ein bitsk fantasi i han som skapte det. Ein dagen sa Håkon han vilde klive opp på Hesten, – eg vil opp og ride ei stund, sa han. Kjerringa vart forfæld, ho stod så stutt og rund ho var og stirde på han, men ho var spelande full av liv i armoda si. – Nei, ålvors snakk, eg skal opp til Vårherre eit erend, sa han. Ho tykte det var vondt om så bra ein mann at vette skulde ha fare i frå han. På eit vis hadde ho rett, men han kunde ikkje gå med på at det stod bedre til med vette hoss dei andre.

Han kom seg opp på Hesten. Og der var ein da oppe hoss mannen sjøl ja, fekk ein seie. Slik stod Moses ein gong med hovude oppunder skya, på tomannshand med same mannen. Da leid det mot slutten med Moses òg. Han umaka seg ikkje med å gå ned att. Håkon kom visst til å kara seg ned att, for slik var han. Men først *var* han her ei stund, han herda seg til det. Han stod tålig bein òg.

Der såg han havsletta utover, all vegen utover, i nord og i vest og i sør. Ho var skræmelig majestetisk i åsyna. Mot have var det inga vanære for ein mann å tape.

Eit stykke utover var sjøen strødd med holmar og skjær. Det var som skurv på havandlete. Djupt nedunder seg såg han dei to lange vågane som gjekk inn i breidd frå nordvest. Der fanns ikkje anna enn berg kring dem, nakne stygge steinstrendene, der hadde aldri ein menneskekrok [96] tenkt på å bu. Men utanfor dem såg han Ertenvære. Han var ein annan mann første gongen han såg det. Da skulde han til å leva da.

Austetter såg han ned på låglande, der stigen gjekk gjennom lyngmarka som ei reik i brungrått hår; han gjekk og gjekk, så armodslig som nokon ting kan krype framfor eit menneskeauge. Ein kunde til med sjå i nokre hus ein staden millom snauhaugane.

Næste dagen Håkon var der oppe såg han røyken av eit skip vesti have. Han kom i tankar om at han var med og kjøpte eit slikt skip, ein gong i tida. Tru korles det gjekk med det no? Ja ja. Gjekk det ikkje på det eine vise så gjekk det på eit anna vis, med slike ting. Han sat her, han for sin part.

Men det var det han vilde ha sagt, at visst døden hadde etla seg til å komma hastig, da burde han komma til han her oppe. Langt unda var han ikkje, det kunde ein kjenne, men det var kanskje ikkje tida hans enno.

Somme dagane gjekk Håkon austover, bortetter stigen, over myrane og sandmoane, innerter ei endelaus halvøy på ei enda meir endelaus øy. Der var hjartelig øde og stygt, og fuglane skreik så det svara til landslage i kring. Ein staden var der ein tørvskjå og andre merke etter folk. Til slut kom han tvert på ein kjøreveg, skulde vera, der hadde dei fare med hest og hjuldoning. Dette var vegen til Sandbogen, til poststaden, dømte han. [97] Han var ikkje friskare no enn at han laut sette seg rett som det var. Men da fraus han snart, lufta her saug han ut for varme. Mange dagar kom han seg ikkje opp før ut i mot middagsleite.

Sjøen mol dag og natt. Lange stunder måtte han høre på han. Men verst var skodda. Da hadde ein gråblinde vanvette rundt i kring seg, der var ikkje dag og der var ikkje natt lenger, der fanns ikkje levande tanke til. Var det så ufyselig å ligge dau, da hasta det ikkje med det. Å bu her var daue god nok.

Men ein dagen møtte han eit menneske innpå vegen, eit kvinnemenneske. Det kom og kom i mot han. Det saktna på gonga framfor han. Han såg opp og tok det

i augesyn. Da stod Borgny Henningstad framfor han. Langt i frå! var første tanken hans, og straks etter tenkte han at slikt tøv burde fan ikkje få hende seg.

Ho var ikkje fullt så hoven som vanlig. Ho spurde om dette var vegen til Sandbogen, ho hadde visst gått gale? Ho såg mest brydd ut.

– Spør ikkje meg, sa han.

Da først drog ho opp brunene og spurde: – Men er De her?

– Ser så ut ja. Og De er i Svanøya kanskje, hoss kjæresten?

Ho drog på eine munnvika, fortalde så at ho skulde til Sandbogen og hente post.

Han fekk ein kvekk i seg. Post burde vel han og ha hørt om. Det fekk stå ut til ein annan gong.

[98] Borgny sa farvel og gjekk, med blikke høgt ovom både han og vegen ho gjekk.

Det var ei hending å møte eit menneske her i audna, under all denne himmelen og med all denne vidda i kring seg. Han hadde set eit par gutungar her ein dagen, og ei gammal kjerring ein annan dag. Borgny gjekk utan stans bortetter sandvegen.

Det var det. Straks etter gjekk han og skreiv til Ragnhild, skreiv og strauk ut att i tankane. Det hadde han elles gjort før om dagane òg. Papire låg i skrine og venta.

Men den natta sat han oppe og blekka ut eit stort ark med brevskrift til henne; blått blekk på kvitt papir, line for line, ord i ord. Det såg høgtidelig og dumt ut. Kanskje Ragnhild las det, og kanskje ikkje. Det var umulig å få det til. Det vart usant same korles han sa det. Like så usant som at han var her og skulde døy. For det var umulig å fortele henne kor urettvist ho hadde tenkt om han.

Umulig ja, det var orde han fekk skrive og sende henne ein gong. Ingen kan komma over frå oss til dykk, eller frå dykk til oss, var det sagt. Det skjønna ho kan hende.

Det var månenatt ute. Lande fekk eit levande og vilt andlet, det var verre enn have. Månen kom bort, og da var der ikkje noko land meir. Han kom att, og da steig det fram på nytt, med åsyn ved åsyn, dei reiste seg og smilte til han så steindaue dei var, forherda i natt og einsemd. [99] Dei smilte ein evig smil over



vonløysa si. Men han sette seg opp i mot det. Så ring som eg er, sa han, så er eg da eit menneske. Eg let meg ikkje mane i stein. Eg smiler *min* smil.

Han måtte smile til seg sjøl for slike ord. Men rett tenkt, så kunde dei stå.

\*

Ein dag hadde han ferdig nokre ord på eit papir, som han tykte han kunde sende Ragnhild.

Han fortalde han var sjuk og skulde døy snart, og at han hadde sagt live farvel. Han hadde ikkje vore nokon meister til å leva, skreiv han, og no tykte vel ho, som andre, at han var ein krake til å døy. Ja vel, men han skulde døy på sin måte. Den retten tok han seg. Og live på Stavsund og i bygda, det klara dei like godt her etter utan han var med. Elles fekk dei ta dette som det fall dem inn. Han sa henne farvel med dette breve, og takk for *alt*, og så måtte ho undskylde at han hadde vore som han var.

Han las det over, og avgjorde at det laut gå i veg slik det såg ut.

Han tenkte å gå til Sandbogen med det, men det sette inn med slikt vestavêr, det vart umulig for ein sjukling å komma seg heim att. Om natta bar det til med bert uvêr. Kona hadde sett lemmane for vindauga i god tid. Det sov ho på. Han låg vaken og ottast stormen fór med huse. Han var virkelig redd. Lat så vera at du skal døy like vel, og det snart, men på den måten? Nei. [100] Han stod opp og klædde på seg. Han vart litt modigare da, han vona han skulde komma i gjennom det utan å bli religiøs. Men det leita på.

Dagen etter var det berre sjøen som brukte seg, men det gjorde han med full røst. Elementenes raseri tala dei om. Naturen er sjølv vettløysa, derfor kan ingen rase som han, det var ein hugna å vera vitne til det, å sjå kor sant det var. – Så er du da menneske den stunda, lo det i han.

Døden tenkte han minst mulig på. Og det var ingen konst, når ein først tok seg til med det. Det er det vi har halde på med all vår dag, å ikkje tenke større på det; litt visdom finns der da i oss.

Ja, så skulde han austover og finne det dei kalla Sandbogen, han gledde seg på det. Han tok på seg dugelig med klæa, tok breve på barmen, ved hjarte så å seie, no fekk det i gudsnamn *fara*, og no fór han òg. Han tendte seg ei pipe.

Vêre hadde blidka seg så det var eit syn. Vinden gjekk berre og susa om

overke sitt i natt. Skyene var vidunders vårfløygde. Sola kom opp og såg på verda. Kjerringa og ungane hadde ein av dei gilde dagane sine, dei fór frammed strendene og leita rak.

Just da han hadde pipa tendt kom Borgny dit.

– Ja, det er mannen min, det er 'n Roland som har sendt meg hit, tok ho til ords og såg sterkt på han.

– Ja vel. Håkon venta på meir. – Kva godt fører De i skjolde i dag da? spurde han så.

[101] – Tøv! bles ho. Ho sette seg utan han bad henne, og såg seg i kring i stua hans.

– Det bles i natt, syntes han at han måtte seie.

– Ja blås og blås, for meg! Men no er dette skipsvrake dykkar seld. Det var det eg skulde fortele.

Håkon venta.

– Det vart seld til ein mekanisk verkstad, no ein dagen her. Ja Roland han fór sin veg like bratt for det, skulde ut å kjøpe sild. Men kva han tenker å betale med, no, det veit ikkje eg.

– Hm. Det blir Dykkar sak det, frøken.

– Ja ha. Og nei. Men tape på handelen, det var det eg skulde fortele om. De får halvparten av det de gav, jamt og rundt rekna.

– Rundt og rått rekna ja. Jaså. Halvparten.

Men han vart gravkald i klæane. Ho såg på han. Ho var stort til menneske no, men kven var ho for ei? Det vil seie, kvifor kom ho hit i dag? Måtte ho hit og sjå ein mann når han gjekk i kne?

– Eg er i kne før eg, sa han.

– Ja eg veit det.

– Det veit De slett ikkje.

– Pø, det veit all bygda, det. De har latt det gå ned og ned. Har De ikkje det, kanskje?

– Jau, svara han.

– De er den raraste, den uslaste karen eg veit om!

– Den usælaste, kunde De òg seie. Men det var det.

[102] Han fekk så vondt av pipa, han kjente seg ikkje helse for å stå lenger, men sette seg vilde han ikkje.

- Kvifor er De her no? spurde ho.
- Sei meg først: Visste De at eg var her?
- Roland hadde hørt det.

Auga hennes opna seg, det var utruglig kva lag dei hadde til det; ho vart eit vanlig menneske, og eit mildt og rikt menneske, ei god gåte for ein manns-stakar.

Han såg på henne. Han visste med ein gong alt om henne, alt og ingenting, slik vi synes kjenne kvarandre. Ja ha, frøken, la han over med seg sjøl. De vil ikkje ha meg, takk som byd. Nei, men det burde stått skrive i auga og andlet på meg, at får eg ikkje Dykk, da drep eg meg, med blodig død og fullt stell. Gudskjelov, henne fall det ikkje tungt å snu ryggen til. Den gleda skulde ikkje Ragnhild ha, at han gjekk på nasen slik, den skamma hadde ho ikkje fortent av han, same kven han elles hadde vore i mot henne. Nei. Og same kva ho misstenkte han for.

– Det blir verst for Ragnhild dette, sa han. Eg hadde unt henne litt bedre dagar enn som så. Fattigdommen er ein uverdigg lagna; den vilde eg ha spara henne for.

- Kvifor har De reist hit? Kvifor seier De De til meg, for resten?
- De spør ja, men trur De eg svarar? Eg er her for moro skyld. Eg likar meg her.
- Eg trur Dykk ikkje.

[103] – Nei trur meg? Kven gjer det? Kven trudde 'n far min, sei meg det.

– Ja, sa ho og såg fram for seg. – Nei, sa ho litt etter og reiste seg. Eg vilde berre fortele deg dette med handelen. Det var synd det skulde gå slik. Det er krigen si skyld. Men du: Veit du at vi held på og skal bli i slekt med einannan? Ja, vår deg du. Enn om Lea og far fann på å gifte seg?

– Hm. Da kunde ikkje vi to gifte oss, med einannan, meiner eg.

Ho lo. Det hadde han knapt set ho gjorde før, men det var ein naturlegg og god liten lått, slik ein ler kammeratar i millom. Andlete hennes vart klokare enn vanlig, auga vart djupe av berre liv. Det vara ein augeblink, der med var ho seg sjøl att, eller kven ho no var, med den allvitande og nådigg smilen sin.

– Vi får dra ut den tanna da, sa ho, og gjeispa bak hanskehande si.

– Om det gjer aldri så vondt ja, stemte han i.

Ho vørte ikkje gapsnakke hans, ho sa farvel. Han takka henne for budskapen ho kom med, og følgde henne utom døra.

– Huff, denne sjøen og desse berga! sa ho.

– Det er no så, sanna han med.

Ja ja, han fekk leva da, let ho og gjekk sin veg.

Der gjekk ho. Tidna si la ho att. Der fanns den vesle utvegen enno, at han trudde ikkje det ho fór og vasa om. Ho vasa og fjasa. Ho kom her berre og skulde trø lite grand på han. Enno [104] drog det i alle fall ut før Ragnhild visste om ulykka.

Jaha, der fekk du dasken din, sa han seg ei stund etter. Far din og du fekk han i hovude baa to. Samstundes står han og minnes noko han sa ein gong, til menneske det eller det: Visst alle var like, da kunde du ikkje snakke om *alle*. Var alle fattige, da var ingen det. Javisst var det sant, det høres mest som der er litt bondevett i det, eller kanskje berre litt visdom, men den som seier slikt, ser du, han går i grunnen og ventar på dasken ein. Sia lyt han tie, kan eg tru.

Heile den dagen glømte han breve i lomma, og sia tykte han ikkje det var noko å sende. Han måtte sette i hop eit nytt når han var ein mon friskare ein dag, men for det første var det skralt med kroppen. Og lykke på reisa med den.

Men du veit, det går da å døy ærelaus òg, når du først tek til med det, trøsta han seg.

\*

Det vart Lea som først fekk høre om korles det hadde gått med vrakhandelen, med det ho kalla dei tre svimlingane og skipsulykka deres. Ho fekk det av Periander tidlig ein morgonen, det var einast dei to som var oppe på heile Henningstad. Jorda lyste av rimfrost den morgonen, det var klårver og vakkert all vegen i kring, men da kom det.

Periander var brydd da han bar fram tidna. Javisst gledde han seg oyer det, men det var han [105] ålvorlig lei for, såg ho, han vilde gjerne ha vore litt meir til mann framfor henne. Han hadde fått brev frå Borgny om det. Slik og slik stod det til; ein måtte rekne både den eine og den andre av dem for ferdig mann, som dei sa.

Dei hadde møttes midt på tune, den eine kom frå stallen, den andre skulde til eldhuse. Lea stod still og augefór Periander. – Ho Borghild tykkjer vel ho sitt i klemma ho òg no? sa ho. – Ja, smilte han, no får det syne seg kva ho vil og ikkje. – Du veit, trøsta Lea, at når kjæresten treng henne, da blir han henne kjær. – Har du den trua du òg? sa han. Han vart glad, gamle farshjarte hans skjena i veg i hellig lykke, syntes ho sjå, herregud rett!

Og sjøl stod ho her steins dau, ho var ingen ting til. Ho tok seg på tak og gjekk.

Dagen skreid på eit vis. Lea visste at Periander og ho hadde eit ord usnakka med einannan enno. Ut i mot kveldinga skikka Periander kjøkentausa til handlaren, og drengen og den andre gutslaven var ute med plogbeite. Han kom og bad henne inn til seg i stua der han hadde kontore sitt. – Hjelpe oss no, Lea! sa ho til seg sjøl, men elles tørka ho rolig av fingrane sine og steig inn.

Han bad henne sette seg. Litt etter sette han seg sjøl òg, midt i mot henne. Lea måtte le innvendig, for slik sat kattane somtid og såg på einannan. Men Periander var ein overmann når han først vilde vera det.

[106] – Som du sa, Lea, tok han til ords, så er det rimelig at ho Borgny giftar seg no. Morsarven sin har ho, og litegrand meir blir det kanskje å få. Vonlig har ho det vette at ho tek seg særeige.

– Ho er fødd med særeige, påstod Lea, – det ser du da på henne. Men sei meg heller, kvifor kjem ho ikkje heim att?

– Det seier ho ingenting om. Nyborg har sett i veg på sildsalting, hører eg.

– Det har visst 'n Håkon òg, eg snakka nokre ord med 'n Hallvard ein dagen han kjørte framom her.

Periander såg tungt på henne. Han las visst alle tankane hennes, og meir til.

– Han Håkon? Han skal halde til vesti Ursvågen han. Men eg skjønner ikkje kva han gjer der, no på den her årstida?

– Er du galen, er han *der*? Lea glømte seg og stirde på han: – Er han òg der ute?

– Han òg, seier du. Han er der då visst åleine. Periander såg på fingrane sine og likte seg kleint.

– Nei, sa Lea best ho sat. For dette var ikkje sant, tvi vøre deg, Håkon var ikkje den at han laupte etter frammandt kvinnfolk, kven han så var for resten. Ho

syntes ho tok han og skapte han til att, til den han skulde vera, så han i alle fall kunde gå skamlaus framgjenom kirka; – det er ingen småting det, la ho han på hjarte. Ho sette auga i Periander att: – Nei, seier eg. Eg trur ikkje på det, og det får ikkje du lov å gjera heller.

[107] Periander såg på henne. Han skjønna visst ikkje kva ho tenkte på.

– Han har rømt i reddhugen, sa ho. Han *har* det, hører du, og det er mykje verre enn noko anna. Og kva skal eg gjera, sei meg det!

Periander sitt og ser på henne. Han er stor og mild, og han blir større og mildare etter kvart, der er ingen du kan likne han i hop med.

Han smiler og flyttar på seg og seier: – Det blir vondt for fleir enn oss to dette. Og litt etter seier han sjølv orda sine til henne: – Det fekk da bli ein utveg for 'n Håkon bror din òg. Visst han var så pass til kar at han lystra deg. For di skyld kunde ein finne på mangt, Lea.

Ho sat mållaus og stirde på han.

– Eg veit knapt korles eg skal seie det, heldt han fram. Men for di skyld kunde eg hjelpe fienden min. Men eg tykkjer det er finare, eller naturlegare, å hjelpe *deg*.

– Er det sant det du forteler no? får ho endelig sagt.

– Er du så vantruen? seier han, og da snakkar han til eit barn dei har missfare seg i mot.

Da gret Lea. Ho visste ho vart stygg av det, og enn så dumt da, og så kjerringslig – berre han ikkje vart skræmt før ho vann seg til att! Men ho kom seg ikkje i veg med å snu seg bort.

Korles det elles gjekk for seg eller ikkje det strauk ho eit strek over, men ho sat på fange hans til slut, og da var det enda kleinslig nok med [108] henne, men ho var i himmelen, og for Håkon skulde der bli ein utveg, han skulde bli berga, idioten!

Dei sat slik. Tak og anna lo ho inne hoss seg sjøl, ja ho ottast englane lo dei med, visst dei vart vår dette pare her. Men Periander var overmannen i denne stunda òg. Han tok til og snakka like vislig som før. Dei snakka seg einig om ymse ting, men dagen for giftinga let dei stå ut til så lenge.

– Berre eg ikkje vaknar i morgo og har drømt heile himmerike mitt, sa ho. Ho

reiste seg og stod nede på golve att. Berre eg ikkje må til å gråte att, tenkte ho.

– Du er ein liten gjentunge er du! sukka Periander.

– Det må du ikkje lite på, bad ho han om. Men, sa ho og vart seg sjøl att: Håkon han lyt eg i veg og finne og få heim med all som først. Eg skal halde eit *muntlig foredrag* åt han! Eller må eg sende Ragnhild av stad, trur du?

– Det sett eg i ditt skjønn.

Lea tok i hop hendene og stod og såg blankt på han. Så sa ho:

– Veit du kva eg syntes i kveld da du sat og snakka til meg? Eg syntes du openberra deg. At du var Vårherre ja, han sjøl, personlig. For det var du. Men var det gale av meg det da?

– Større gale kunde det vel ikkje vera, trøsta han henne. Men lat no det vera godt.

[109] Om kvelden da ho hadde lagt seg tenkte ho: Det er vondt at eg har gitt opp kveldbønna mi, no som det snur seg til. Skulde eg freste, tru? Nei. Eg er redd dei tek det ikkje for god fisk der oppe, nei, Lea, du har da sømd i sjæla. Enn om det bar i fliren både med deg og med dem?

*Det var synd det.*

Så blir det å gå av stad og kjøre kniven i Ragnhild. Eller: det er no gjort det da, men du må i veg og rydde opp. Du skal ikkje gruve, det er med hjelp i hendene du kjem til gars.

Ho snakka nærmare med Periander før ho la i veg. Der vart mangt eit om og men, for han var ikkje den som let pengane sine gå ut på raus, og Håkon var Håkon, det måtte han dessverre slå fast; slik og ikkje slik fekk vilkåra bli. Det heldt på å ryke sundt millom dem. Harmen fór i Lea før ho fekk sukk for seg, og der med sa ho det verste som kunde seiast til den mannen:

– Men at du, Periander, vil gjera deg så liten. For dette blir da hemn det, sa ho.

Han vart ståande og tvistirre på henne. Ho hørte visst det murra inni han. Som ho sa da ho fortalde det til Ragnhild: Sint? sa ho. Det hørtes som når du stikk brennande kvisten ned i kaldvatne. Det var godt han ikkje kunde snakke den stunda, for elles hadde han banna bort sjæla si med ein gong.

– Eg kan gå min veg utor det, eg, sa han endelig.



[110] – Ja, trask og gå! let ho, men da vart ho iskald over kroppen.

Ho fekk han da blid att, men noko lettarbeid var det ikkje. Han kom om sider til å skjønna at ho var som andre menneske, ho tenkte vondt, men det var den der dumheita hennes, ho tenkte høgt, kvar ein smitt og smule, – dumheita var ein *last*! Ho gret over den. Det var ei hard stund for dem baa to. Men dei var vaksne menneske, så det gjekk da. – Eg skal aldri gjera det meir, lova ho, kork forpligga! At eg skulde vera Lea i den grad! – Lat no det vera godt, sa *han*.

Periander baud seg enda til å skyssse henne da ho skulde austover til Stavsund. Det kunde ho umulig ta i mot, det fekk vera måt med all låt. Det var det òg, at ho vilde høre innom dokteren med det same, ho var berre så passlig frisk, ho naut ikkje maten som ho skulde, og no her etter ønska ho ikkje vera veikhelsug, det vilde vera urett mot Periander òg det.

Dokteren bar herne ikkje noko god trøst, men ho trudde ikkje på han, noko større da, og gjekk like glad der i frå. Ho trudde ikkje eingong på desse vêrprofetane som heldt på og forkynte vêre for folk. Jau, pla ho seie, Vårherre skulde visst lystre dem! Men han er for tålmodig. Nei eg skulde ha vore i hans stad – da skulde dei ha fått vêr. Ho gjekk og smått lo og smått skjemdest over vegstolpane. Dei hadde *gått opp* for henne i dag. Det var sjølve krossen folk hadde reist opp ved [111] vegstykke sitt. Kvar stolpen stod der og missbrukte Guds namn, dagandes dag. Ja ja, menneske må vel få lov å vera menneske, det var det.

\*

Ragnhild såg litt på Lea før ho svara helsinga hennes. Lea smilte så godt ho kunde, at ho var ikkje farlig, ho kom ikkje med noko slag vondt. Ragnhild var ikkje mindre mann, gudskjelov, ho tok etter smilen ho òg.

– Jaså, du er ute og går i godvêre.

– Ja ha, svara Lea, så verdig som nokon bondekone. Ja han vart da fin i dag, det gjorde han. Verkelig eit sympatisk vêr. Ja du flirer du, men vêre er ein viktig ting det, på ymse måtar.

Ragnhild måtte le: – Nei no trur eg det er 'n Periander sjøl som sitt her.

– Eg veit det, eg veit det du! Men kven skulde eg ta etter, når eg vil lære å snakke som folk, skal eg ikkje ta etter den som kan det? Ja for eg er ikkje Lea no meir, det er eg ikkje. Du trur meg da vel?

– Ja da. Så langt det let seg gjera.

– Ja for eit menneske kan da omvende seg?

– Ja da, ja da. I mengdevis. Men at det skulde bli eit anna menneske for det?

Nei.

– Du dømmer meg til å vera Lea, hører eg.

Dei greip seg i det båe to: Sat dei verkeleg og snakka slik? Lea tykte det hadde vore bedre like vel om ho hadde lagt i veg med erende sitt straks ho kom over dørstokken, ho burde ha vore Lea. [112] Det same ønska Ragnhild òg, – kva sat dei her og heldt att auga for?

Lea sat ikkje yttest på stolkanten som vise hennes var, ho fresta sitte som ei anna kone.

Ja for ho sat her jamgod med kven du vilde nemne av dem, ho vog opp ei madam visst det kneip. Men det veg ingen ting her, åtvare ho seg, ikkje i dag nei. Der ser du Ragnhild, du ser korles ho har det. Ja no forherdar eg meg og snakkar til henne, *så!*

– Ja her kjem eg igjen, som du ser. Eg syner meg ikkje, utan når eg spår ille, eg er visst ein millomting millom kråke og fugl.

Kvifor snakkar ikkje menneske ut? tenkte Ragnhild. Ho var elles ikkje viss på om ho fann seg i at folk kom her og snakka om nøda deres, om ulykka deres. Kva vilde Hallvard ha sagt til det? Han såg fiendsk på mor si stundom, på alle han møtte, visst, han bar ikkje denne skamma stort lenger. Men sjøl stod ho og såg fiendsk på Lea, utan ho visste av det.

– Eg vil berre du skal ut og hente heim mannen din, sa Lea. Du veit vel kor han er?

– Jaså, veit *du* kor han er?

– Ja. Han Periander fortalde meg det. Det er så å seie han som har sendt meg hit. Ja flir ikkje åt det du. For her sitt vi, du og eg. Kan du hjelpe 'n Håkon? Eller kan eg det? Det spørers berre om at det blir gjort. Du veit kanskje ikkje korles det har gått med storspekulasjonen hans?

[113] Ho fortalde det ho visste, fort og hardhendt, og til slut let ho det lyse fram, at ho hadde ei von i bakhanda. Ho hadde snakka litt med Periander, men nok om det, no skulde rømlingen Håkon ha seg heim. –Du er andsvarlig for han,

sa ho. Kom i hug det! Ho såg strengt på Ragnhild.

Det var just det Ragnhild hadde gått og pint seg med, i dagar og netter, ho tålte ikkje høre det av andre.

Lea heldt fram: – Du er andsvarlig ja, både for han og horna og heimen og alt i hop. Og enn skamma da, menneske!

Først vart Ragnhild sittande steins still ei lang stund. Da lysna ho i andlet og auga, tok til og såg på Lea. Det var nær på ho lo. Ho reiste seg.

– Og dette kjem du og forteler *meg*, sa ho. Ho vilde sagt meir, men det var for bakvendt.

– Ja ja, Ragnhild, eg kan inga råd for det. Du har ikkje gjort så stor ein gjerning at du er løfta ut or live. Og kan du ikkje berge 'n Håkon, da har du vore eit misstak. Ja eg gjer meg vond og seier det som det er. Å lide for andre er stort nok, jøss ja, men eg for min part, eg lid det ikkje, eg er ikkje slik skapt. Det er større å hjelpe dem når det trengs, – du blir aldri ferdig med det.

Ragnhild vart ståande med ein tom liten smil.

– Du forteler meg rettelig nytt du, sa ho.

– Eg veit da du veit det før, klaga Lea seg. Herre gud kor eg veit det! Men du må vera snild, Ragnhild, og tåle det.

[114] – Du ser da eg tåler det.

– Ja. For *du* veit det, at så sant du har eit hjarte, da skal der stå eit sverd gjennom det.

– Seier 'n Periander det?

– Du er ei kjerring er du!

Dei lo baa to.

– Men det var det eg skulde sagt deg, kom Lea på, at ser ikkje du råd for å reise, og eg undres ikkje på deg, da lyt eg fara i veg. Ingen legg større merke til det, veit du.

Ragnhild syntes det var eit godt ord. Dei la over nærmare om ferda. Der var mangt elles å snakke om, men det vilde ikkje til i dag. Lea kom seg ikkje ein gong til å spørre om kva Håkon sa da han fór. Ho spurde berre om Ragnhild hadde hørt noko frå han. Det rista Ragnhild på hovude til.

Da Lea stod på gonga heim spurde Ragnhild: – Men kva seier Borgny til at du

sett av slik?

– Ho er der ute ho òg! datt det utor munnen på Lea. – Hoss kjæresten, skyndte ho seg og la til, ho sa farvel og fór – det var ein ulykkeskjeft ho hadde fått, men her etter skulde han få lystre.

Det skulde Håkon òg få, han skulde få feitt på fothyre sitt i heimvegen, lova ho. Ho glømte visst å nemne at der fanns hjelp for pengenøda deres? Sjøl veit kva ho sa og ikkje, men eit gledesbud kom aldri for seint. Berre ikkje ho sjøl kom for seint! – Men lat no det vera godt, formana ho seg.

## IV

[115] Ragnhild gjekk inn att. Ho sakna Tale, men gjentungen hadde fått lov å gå bort og leike med granneborna. Ho var glad ikkje Hallvard var her no, for når han såg på henne, da først tok det til og sveid. Så farlaus ein skapning vil ein nødig sjå.

Best ho stod der sa ho etter Lea: – Da har du vore eit *misstak*.

Ho smilte. Ho kom i hug ord for ord som Lea sa. Det var same orda ho hadde sagt seg sjøl i det siste, i ei lang rad med netter og dagar. Dei var da sanne nok.

Nei men pina er den, at Håkon er ikkje Håkon. – *Han var ikkje verd det!* seier ho. Ja. Slik står det til. Ho kjøpte live hans ugudelig dyrt, og så var det fånytt.

– Eg har ein blodpris å verje! sa ho og såg fram for seg.

Det var ikkje dei orda ho vilde sagt, men ho stod ved dem. For sjøl laut ho stå til svars for gjerningen sin no her etter. For eit manndrap. Det var meir levande og forferdelig enn nokon gong før. Ho måtte gjera det oppatt i tankane [116] gong på gong, kanskje vart der aldri nokon ende på det.

For Håkon er ikkje Håkon, og det har han aldri vore. Kvifor sa ikkje Lea det?

Ja ja, så var det denne ugreia her med pengetape, med ruin og kva det no kunde bli. Ho fekk gudskjelov det å tenke på. – Og så er det 'n Hallvard, må du komma i hug. Ho sa det høgt til seg sjøl, der var eit slag sellskap i det. Som snarast såg ho ein Håkon i Hallvard òg, og ein Didrik der bakom: For somme menneske finns der ikkje von skapt. Men ho tvistirde på det til det veik unda. Der hadde berre falle ein skugge på tankane hennes.

Ho sette seg ja, men ho syntes ho stod like bein for det, nei ho gjekk, gjorde ho, til møtes med elende. – Du tåler det, sa Lea, du er sterk du. Ja sterk? Ja. Men gud hjelpe oss for ein styrke! Det var uminnelig gammalt no, at her gjekk ei Ragnhild på Stavsund, ho gjekk og song, og det var ikkje som når dei andre song. – Eg finn meg vel ein stad eit himmerik, song ho.

Dagen etter måtte ho og Hallvard til byen, ho skulde klæ han opp til konfirmasjonen, og det var ikkje ein dag for tidlig no.

Da dei gjekk om bord i dampbåten kom Borgny Henningstad i land. Ragnhild syntes sjå den andre kvakk til da dei møttes, men det var ventelig berre innbillning, Borgny var ikkje den. Med det same undrast ho at namne Borgny hadde stukke [117] henne nokon gong. Ja men det var det, at den tida var Håkon dyrverdigare for henne enn alt anna i verda, og det som er dyrt det mister du før du veit orde av. Det var den tida det. Ho drømte seg at han var både den og den.

Stund og anna fór nyfikna i henne: Tru om Håkon aldri hadde visst at han gjekk og bar Borgny inni tankane sine? – – Kven reiste først utover, han eller ho? – Var det berre hennes eige tull, dette?

Hallvard og ho vart ueinige i byen. Det vart dei stundom, og dette var berre om ein hatt, men det var vondt nok for det. Han sette opp det andlete ho minst tålte sjå. At han såg ned på henne, det fekk gå, men han var såra, han leid urett, gav seg til å stå mo åleine midt i verda og lide ein useielig urett. Ho kunde ha skrike til det. Og no vart det ikkje anna råd, ho laut ta han for seg i fullt ålvor, så fekk det gå så godt eller gale det måtte gå. Men det let seg ikkje gjera her.

Om kvelden vart ho sittande ved vindauge i losjie og sjå på sjøen. Der var mykje hjelp i det. Han låg der reint åleine og var til. Sia kom månen og stod over dei frammande åsane. Han var halvslitt no og dugde ikkje stort, ho kom til å tenke på ei bortsynda sjæl. Han var velkommen han òg. Han hadde ingen mild lagna, kom ho i hug.

Vesle Tale sov for lenge sia. Kanskje ho gret litt før ho sovna, for det mor var borte. Ragnhild [118] merka ho kunde ha gråte sjøl. Enno kunde ho det ja. Det var langt att enno til det vart fullgale.

\*

Da dei kom heim låg der brev frå Håkon. Det var ikkje stor brevlappen. Ho stod med han i handa eit tak før ho tok til og las.

– Eg er sjuk og ferdig med live, skreiv han, eit uverdig menneske. Eg trudde sjølufta skulde rette meg opp att, men nei. Det er slut no. Og no vonar eg at det går like bra for dykk andre enten eg er til eller ikkje. Eg var ikkje den du venta eg skulde vera, men det ser eg sjøl, og korles du og dei andre dømmer meg, det når meg ikkje. Men eg vil døy ståande, eg vonar du veit kva eg meiner med det.

– Tøv! sa ho, det var første tanken hennes. – Men *er* du sjuk da! sa ho. Ja men i all verda, kvifor har du rømt! – Rømt har du i alle fall, sa ho til slut. Siste orda las ho ikkje, ho syntes ho kunde dem utanboks. Ho såg på breve der det låg, og sa til det: – Der ligg merkelappen hans. Han har sjøl skrive han.

Ho samla seg og gjekk til dokteren.

Dokteren sat litt og såg på henne da ho hadde fortald og spurd. – Var mannen virkelig så nervøs, sa han. Fortalde så at der var lite grand i vegen med nyrene hans, og med hjarte, aldri så lite, litt for tidlig gammalt og slitt, kunde ein seie. Og elles: Berre nervøsitet, frue! Han hadde eit anna namn på det òg, det skulde vera som ei trøst. [119] – Reis av stad og få han heim, sa han. Så skal vi få han frisk att. Dokteren følgde henne til døra.

– Men at han rømte! gjekk ho og sa i heimvegen. Kvifor rømte ikkje far hans heller, kvifor rømte ikkje *Didrik* sin veg? Kvifor ikkje, seier eg!

Spørsmåle kunde ta vette frå ein visst det fekk tak. Det skulde ikkje få noko tak. Ho viste det frå seg: – Du vart ikkje mindre tullut om du fekk svar på det. Gå heim og snakk med 'n Hallvard du. – Eg går, eg går, svara ho.

Det vart kvelden. Stjernene synte seg. Dei sprang fram som skire kaldsveitten på himmelandlete. Men så kom vinden, han var venlig å møtast med: ho trudde vel ikkje han slepte henne fram denne vegen? Og litt etter opna det seg vestover så ho hørte sjøbord-duren, det var grei forteling det òg, og slikt eit truverdige mål. Der er somme ting ein kan lite på.

Bakom havduren syntes ho der steig fram eit enda djupare mæle, men det var langt unda, det måtte vera krigen som vilde fram i tankane, for det var grovt kor dei drap kvarandre no. – Å ja da, vi er mange i verda, svara ho. Men dei som trur det er verre å vera mange enn ein som har det vondt, dei skulde ha gått her no, i staden for meg.

Og der var Stavsund. Kjøkenvindauga lyste vonoms finare mot henne.

Tale hadde ein liten gut nedanfrå Stranda hoss [120] seg, ho hadde tinga på det da ho let mora gå bort frå seg. Han var der enno da Ragnhild kom heim, dei heldt til i kjøkene og førde ein farlig sjau. Tale forkynte at 'n Birger hadde gråte, han vilde gå heim frå henne, men no var han snild att, for først måtte ho blåhalde han, og sia kom tauså med kavring med sukker på, og da så; – men eg slo han ikkje, kunde ho fortele, og var lykkelig over alt andlete for det. – Men korles skal vi få han heim, så mørkt som det er? undrast ho. – Vi får ta han i millom oss, trudde Ragnhild, og så gjorde dei det.

Hallvard var ikkje heime. Ingen visste kor det hadde vorte av han. Ragnhild sat oppe og venta på han til det vart natta.

Ho måtte snakke med han før morgondagen rann, for da kom Lea framom her og skulde ta båten utover. Ragnhild måtte vita kor ho hadde han, og kven han var; han måtte vera *hennes*, – visst ikkje, da kunde Lea vera heime, da reiste ho sjøl. Da vilde ho seie farvel med all ting her, ho tok gjentungen med seg og fór *langt* da. Det var nifst kor nær på å skje det var.

Ved midnattsleite tok ho på seg og gjekk ned i kvennhuse, enda ho visste det var fåfengt. Det var gamle Mikal som var mølnar i natt ja. Han vart ikkje vår henne, gudskjelov.

\*

Ein times tid etter kom Hallvard. Ho opna døra ut til gangen og bad han komma inn i stua.

[121] Ho hadde venta han vart litt klumsa når ho kom over han slik, men han såg berre eit grand forundra på henne og steig inn. – Er du oppe enno? sa han.

Ragnhild visste at å tape no, det var ikkje berre skade og skam, det var ei synd. Ei synd ho ikkje var skyld i ja, men det hjelpte ingen ting.

– Ja eg vart litt lenge ute, sa han. Da ho ikkje svara på det, sa han hånlig: – Skulde eg gå her og vente på at 'n far kom heim, kanskje?

Ragnhild sette seg. – Veit du kor 'n far din held til da?

– Korles kan eg vita det, når ingen forteler meg det? Men kva er det som står på etter som han ikkje kjem heim? – – Du fekk brev, såg eg.

– Ja. Det er derfor eg må snakke med deg. Han har reist i frå oss.

Hallvard forandrast i andlete, vart meir og meir fattigslig. Men han hardna til



att.

– Har du jaga han? slengte han mot henne.

– *Hallvard!*

Ho la all si makt i orde, ho treiv etter det i nøda, og vann seg opp over han. Han tagde. Det same gjorde ho. Da tok han nytt mot for seg:

– Ja eg står no her og spør. Eg veit korles det har gått med skipshandelen hans, det fekk eg høre i kveld. Men det skulde ingen av dykk bry seg om å laste han for. For hadde det gått rett for seg, hadde dei halde på skuta – –

– Nei no blir du litt for vaksen, Hallvard!

[122] – Det er eg snart nøydd til å vera. Folk kjem og spør meg kor 'n far held til. Han er ute og kjøper sild, svarar eg, og når dei vil vita meir, så hører eg det ikkje, eg spyttar berre og undrar meg på korles det blir med silda og prisane i haust.

– No skal du høre på *meg*. Det er meg han har reist i frå. Du veit kven eg er for ei. Det vart han for tungt i lengda, og så kom dette andre til. Ikkje er han frisk heller. Når du er så vaksen som du er, da vil eg snakke reint ut til deg.

Ho bia litt. Men no lyt eg våge det, sa ho seg.

– Og no spør eg deg, Hallvard: Kven av oss veljer *du*? Eg må vita det til i morgo-tidlig.

Som snarast isa det frå blikke hans: han kom hug kven ho var. Meir torde han visst ikkje tenke, eller meir våga ikkje ho å sjå. Enda syntes ho sjå i andlete hans, at ho skulde vinne.

Han fresta å smile: – Skal det gå så storveges for seg da?

Ho såg på han og venta. Da klara han det ikkje lenger. Han vart berre barne, dei vilde ta i frå han både far og mor. Han visste seg ikkje eit ord å svara.

– Du treng ikkje svara, sa ho. Du kan tenke over det til ein annan gong.

Meir kunde ho ikkje seie til han. Til seg sjøl sa ho: Her finns ikkje noko val for nokon av oss. Faren skal heim til borna sine. Han skal heim til bygda si og live sitt og alt i hop. Det *er* slik det. Ingen av oss har fått retten til å rømme.

[123] – Elles får du stelle deg som du tykkjer det høver seg for deg, sa ho til Hallvard.

No vilde han gjerne ha vore vekk her i frå, såg ho, vore oppå lofte sitt. Men det

*vilde* han ikkje, det måtte ingen tru. Han smilte og vann seg til att, og kom til å tenke på noko.

Ho spurde, som for moro skyld, kva dei hadde å fortele han dei han var i lag med ute i kveld.

– Ja, det var just det eg vilde høre. Nei eg måtte vera med 'n Frans austover, ho Karen var ventande den vegen. Han er ikkje mørkredd av seg, men han tør ikkje møte henne åleine; han vart stam enda eg helsa godkveld for oss båe to. Men han let meg da vita eitt og anna for det eg følgde han. Han nemnte enda at eg trong ikkje kalle meg Dale, eg kunde ta namne Stavsund eller berre Sund. Eg sa berre jasanya eg. Eg kunde flire til alt i hop. Men eg gir develen i det, gjer eg! – – Men eg kan da halde meg heime om kveldane.

Ragnhild hadde reist seg. Ho tok han over neven. Ho klemte hardt. Neven hans svara ikkje kleint.

– Men Dale-namne lyt vi lide, sa ho. Vi har ikkje lov til å vera frikarar og slike store ting. Vi er ikkje så små. Men no er eg trøytt for i dag.

Da ho stod i kammerse, lyste der opp av eit lyn vesti have; elles var det mørkt og stilt ute. Litt etter gliste det til av enda eitt. Tanken på Håkon blakra opp med det same, at han var ute i sjøen og vêre. Men det var ikkje der han var.

[124] Lea gjekk innom Stavsund da ho fór. Der vart ikkje sagt mange orda millom henne og Ragnhild, det hørte ikkje stunda til, og båten var ventande no straks. Ragnhild gjekk med eit lite stykke nedetter sjøvegen. Da dei skulde skiljast sa Lea med ein liten lått:

– Det er så at du vil ha han heim da? At eg skal komma dragandes til gars med han?

– Hit skal han ja, svara Ragnhild i same tonen.

– Men kva i all verda skal eg *seie*? No først kom eg til å tenke på det. Eg kjem ikkje vel i frå det! For i slikt erend har da ikkje eit kristenmenneske vore ute før?

– Kva du skal seie? Nei det veit ikkje eg. Eg gjekk min veg ein gong eg òg. Det skulde ikkje falle meg tyngre å gå no. Eg burde visst rømme både lande og live; men eg *bør* det ikkje! Du kan fortele han at eg òg har set folke i kring oss. Andleta deres har fortald meg det somme gonger, at den som triv til sverde, han – – ja og dei andre orda dei kan om det. Det gir meg ingen rett til å rømme. Kan hende du burde nemne det òg, at *enno* ser Hallvard opp til far sin; så det er ikkje for seint å

snu.

– Eg skal lokke vakkert på han. Men no fer eg.

– Ja du må ha lykka med deg. Men du: du må sjå etter korles det er med husromme og med maten for han, ja og korles er det med klæane hans, tru?

Da lo Lea, slik ho gjorde i gamle dagar.

[125] – Ja det er sant! Ragnhild tok seg over panna og smått lo, – han skal heim no, er sant. Som sagt, du må ha lykka på reisa. Blir du borte du òg, da kjem eg. Nei da sender eg 'n Periander ut.

– Der er båten, no tek eg tråve!

Så var den stunda overstått. Ragnhild såg det, det var låttelig som live: Ein gong fór Tale i veg og henta meg heim, og no fer Lea i veg etter han. Stod ein slik til, da kunde ein få seg ein god lått over det som er eller hender, om det skar ein i kvik aldri så mykje.

Det same hadde Lea tykt mest all sin dag. Ho hadde gjort det òg, gud bedre; – men eg kan da ikkje tru det er oppskrive? fór det i henne stundom. Det fór i henne no òg, da ho la ut på denne ferda. Ho var just ikkje mykje verdig til å ha lykka med seg.

Men det var syndsamlig ho fekk slikt fint ferdavêr. I grunnen var det eit grin-vêr, med småregn og med snøkast i fjella, men like vel, det kunde vore vêr til ei likare ferd, til skikkelig arbeid.

Båten gjekk og tuta og stogga frå nes til vik, og bra var det, fann Lea ut, for så vart det morgonen før dei kom ut til Sandbogen. Hus var der, og folk budde der, same korles der såg ut. Det såg ut som dei likte seg der dei var. Og kvifor ikkje.

Ut på natta kom ho i snakk med ein mann som heller ikkje fresta å sova. Han såg henne ut [126] som bort i mot bymann, som ein halv storkar, men ho fekk snart vita han var frå eit utvær. Han kunde fortele henne at båten gjekk ikkje om Sandbogen første venda, dei laut gå i land på Finnsvoll og bie ein tre fire timar, til han kom att frå den og den fjorden. Lea fann seg i det. Ho prøvde å forhøre seg om Håkon. Nei, mannen hadde ikkje hørt om nokon Håkon Dale. Men dette vrak-kjøpe visste han greie på, – det var synd dei selde for tidlig! Han hadde snakka med folk i byen om det.

Å gå på Finnsvoll og vente var ei hard straff, det visste Lea frå før. Men ho

vart vår dei hadde rådd seg dokter der òg no. Den eine dokteren eller den andre, tenkte ho, og der med gjekk ho inn til han og klaga seg sjuk. Han tok det grundig, og såg mindre og mindre glad ut.

Ho bad han seie henne det beint i andlete kva han meinte, elles betalde ho ikkje. Han sa som den der heime, at han *visste* det ikkje, men ho burde vera budd på noko av kvart, ho måtte på sjukhuse med all som først, og meir slikt. Ja ha, det kunde vera magekreft. – Ja vel, sa ho og betalde. Lite grand mjo i knea vart ho, men det vart dei vel alle i ei slik stund, same kven dei var. Ho takka dokteren og tala enno nokre ord med han, – vislig manns snakk, tykte ho.

Så var ho ute og åleine med kunnskapen sin. Denne magen har elles vore meg ein skarvlaup all sin dag, trøsta ho seg. Ho tenkte på eitt om senn, [127] og det var rart nok, og utrulig, det eine som det andre, men mest urimelig var det å tenke på Periander, ja nei slikt tenkte ho *ikkje* på, kork forpligga! Men det er merkelig å vera menneske, tykte ho, om du så berre er Lea.

Om sider kom båten att og la i veg med henne, så kom dei til den utverda som heitte Sandbogen, og der i frå bar det i traskinga vestetter. – Nei hund' ta kor stygt her er! sa ho, ein gong og ein gong til. Og her bur der folk? Ja eg skulde gjerne ha gjort meg bufast her, var det om det å gjera, eg skulde ha vorte bra glad i snauhaugane mine her, – gi meg så sant helsa og levedagane!

Ho dreiv på og gjekk. Ho vart uliklig trøytt, for ho hadde ikkje smakt mat sia ho fór heimafrå, berre ein kaffedrope om bord, ein gruddskvett. Med ho kvilte stod ho og såg seg i kring. – Nei her blir eg mørkredd midt på lysan dagen, sa ho, og så gjekk ho att.

Og der såg ho bustaden hans Håkon. – Nei men at stakallen er så tullut da! sa ho.

\*

Håkon låg bortpå senga med klæane på og las i eit blad. Han såg på henne som ein sømndrukken ein. Tok så pipa til hjelp, slik gamle kallar kan gjera det.

– Så kistetrøytt du ser ut da mann! sa ho. Har du tannverk, eller kva er det som gneg deg?

Ja ja, ho burde ha sagt noko anna, det var meininga òg det, men det kom no denne vegen.

[128] – Er det du som er ute og fer, sa han.

– Du hadde gjerne venta at ho Ragnhild kom sjøl-seg. Men det let seg ikkje godt gjera det, ser du. Du lyt vera nøgd med meg denne gongen. Ragnhild ho sitt heime på Stavsund og styrer huse og garen så godt ho kan det. Ho går der og ventar deg ja, det er hennes arbeid.

Men sei meg: fann du slett ikkje uhugligare avhol å gjømme deg i?

Ja ja, Håkon, vi kann finne på mangt. Men no går ikkje dette her lenger. Du lyt komma og bli med heim no. Og så skulde eg helse frå a Ragnhild ja, det treng eg ikkje fortele deg. Ho glømte for resten å be meg om det, kom Lea i hug.

– Er det erende ditt?

– Ja. Eg rikkar meg ikkje før du kjem, så mykje du veit det.

– Her er ikkje husrom for to.

– Nei, men båten er i Sandbogen ved middagsleite i morgo. Han har da rom åt oss båe.

– Lat oss snakke ut og få ein ende på det, sa han; men han vart sittande på sengkanten og tie.

Romme var ikkje reint verst, såg ho, hadde det berre ikkje vore so snaut. Der var seng og omn, der var eit bra bord, og to stolar, ja voggestol og hengelampe og eit byfint vaskestell, og to vindauga, om dei no ikkje var av største numre. Men der var fire nakne vegger kring ein, og heile [129] romme var nake. Det var vonlaust å bu her, som eit slag sjølmord, om du så fekk live for å leva her.

– Eg har ikkje komme hit og skal snakke ut med deg, som du seier. Eg har ikkje ein gong tenkt å spørre deg om kvifor du rømte hit; det må bli di og Vårherre si sak. Men du er eit menneske, må du komma i hug. Og er du det ikkje, så lyt du bli det no snart. Du må vera snild no, Håkon!

Han såg venlig på henne, tykte vondt om henne. – Har du komme eins erend og skal seie meg det der?

– Eg har det ja. Eg har tålmod til å bie på deg òg.

– Du burde vel ha litt mat først, kom han på. Og kaffe? Så kan eg følge deg på vegen austetter, det blir ein høvelig kveldstur; så kan du lette hjarte ditt med vi går?

Ho rista på hovude og såg på han. – Men *kvifor* har dette komme over deg,

Håkon?

Han såg på henne, og han såg i golve; han plystra litt med seg sjøl. Lea venta.

– Eg er utstøytt, sa han.

– Tullbukk! Ho lo han opp i andlete: – Berre dikt og forderv, som alle tankane dine i det siste.

– Eg måtte gå min veg, om eg så åtte helsa til å bli, til å ta striden opp.

– Har du hørt nokon gong før at ein mann laupte av frå heimen sin og gjømte seg bort i eit avhol?

[130] Han smilte og reiste seg, la hendene på ryggen og dreiv på golve eit tak.

– De kan halde meg for kven de vil, sa han, men den mannen er eg ikkje, at eg spør om slikt. Eg spør ikkje om lov til å døy slik det fell meg rettast. Døden er vår eiga sak, har eg funne ut. Det kan du helse frå meg. – – Men det var vakkert at du kom her. Det er rart å høre eit menneske att. Enno ein gong, så å seie.

– Døy, seier du? Nei *eg* skal døy eg, og det snart òg. Det er i feigda eg er ute og fer. Dette er det siste eg bed deg om. Ja det er gjerne det største òg. Du må komma heim no, om du er aldri så nedfor.

– Kva er det du forteler? Han vart ståande og stirre hardt på henne. – Skal *du* døy?

– Eg skal det ja. Eg har vore hoss to dokterar, og det er same dommen hoss dem baa to. Det er magekraft det, utan prutingsmon. Du er første skapningen eg forteler det til. Du er no bror min, same kor eg finn deg. Du ser så på meg? Trudde du eg var udøyelig? Eg er ikkje så seigdrepen som folk held meg for; eg er snart utrydda no.

Ho sa mangt anna, ho bad og ho la ut for han, og nemnte enda at pengehjelp og den ting det visste ho råd med, enno vanta det mykje på at det var svart framfor dem. Han hørte det berre halvveges; han stod og såg ut. Kveldskya seglde med raudgylte kantar, som ein gong før, mest som tida kom og skulde bli levd ein gong til. Han snudde [131] seg og hørte bedre etter kva Lea sa. Enno gret ho ikkje, gud skje lov.

Da spurde han korles det stod til på Stavsund. Snakka ho med Hallvard før ho fór? Og kva sa Tale-ungen til godt?

Det stod berre bra til med dem, kunde ho fortele, men dei undrast vel på om

ikkje far deres kom heim snart, og Hallvard skulde konfirmerast no til næste helg; ho fortalde det ho kom på i farten. Men best det var sa han:

– *Trur* du at du skal døy snart?

– Nei. Men eg veit det. Det er avgjort; dess verre, må eg seie. Men berre du vil komma heim litt snart – – eg vil ikkje tenke på meir enn eitt om senn. Men det seier eg deg: Live er det viktigaste vi har for oss!

Merkelig kor slåpen i andlete han vart ved dei orda, undrast ho. Der gjekk ein smil over det etterpå, men det var rettelig ein dauing-glis.

– Skal eg bli dømt til å leva *no*, mumla han, No når alt i hop har ramla for meg. Det var ein budskap det.

Han seig stilt ned på ein stol.

– Nei men Håkon, du må ikkje bli så bleik! sette Lea i, ho fór bort og ruska i han.

– Eg skal komma! svara han, unødig høgt. Dei skal få meg att. Dei skal da få meg.

Da Lea kom seg så vidt ho kunde snakke, sa ho: – Ja såg du ikkje ut slik du gjer no, da vart eg for glad, da ropte eg! Men kan du ikkje sjå ut [132] litt meir som eit menneske da, Håkon? Når vi bed deg så vakkert om det alle i hop?

– Ingen har vore meg i den her stunda! sa han og bråreiste seg. Litt etter lo han og såg på henne: – Og du, du skal få døy i frå det? Du som ikkje treng det, som ikkje ønskjar det!

Lea manna seg opp og bad om kaffe. Det vart der ei råd med, og lite grand mat fekk ho i seg attåt. Håkon stod bortved glase og såg ut.

Da han følgde henne aust til Sandbogen var det mørkt for lenge sia, men der var klår himmel og stjerner. Lea fresta å snakke med dei gjekk. Ho såg og såg i kring seg, der landslage kom fram utor mørkre etter kvart.

– Noko så syndarfattig skulde du aldri ha set! sa ho. Kvifor synes folk det er vakkert det som er stygt? Dei kan gjerne ikkje noko råd for det, men like vel –

– Eg var lykkelig her. Før du kom med budskapen din.

– Fysj skamme deg! Men det er denne ormen inni deg, at du støtt skal vera slik ein – ja slik ein overhendig firkant millom folk. Du må slutte med det; da får du det mykje bedre, skal du kjenne. Elles blir det orm av heile deg.



– Du har aldri vore meg du.

– Å jau, jau da. Mange gonger. Men eg mana det i frå meg. Eg *gav* meg på det. Det er einaste råda det. Ja eg har eit *ord* eg skulde sagt deg før eg gjekk i molda, men eg får det ikkje til. Det [133] er berre det eg har set, at alle må slå av på seg og sitt, elles blir det *sant* dette helvete dei forkynner for oss. Men det er kanskje sagt før. Og da vilde ingen høre på det.

– Eg hører det i alle fall, sa Håkon. Det kjennes da at eg hører det, sukka han med seg sjøl.

Men det var det han skulde sagt henne, at no for det første laut han i veg og snakke med Nyborg, han låg der og der med fartye sitt, og sia måtte han kanskje til byen ein sving, før han gav seg til å lide sjølv heimvegen, som han sa.

– Ja ja, Håkon, eg trur deg, svara Lea.

Det same sa ho til farvel. Da såg ho at han vilde komma.

\*

Det skya over med Håkon gjekk heim, stjerne for stjerne gjekk under, *dei* hadde vitna det dei skulde. Vinden var sur, og han var evig den same. Håkon gjekk rolig gjennom han, med hendene på ryggen. Det hadde vore eit langvarig og utidig småvêr, ein vond manns grin, ja for den som er motlaus han er vond han, kva anna skulde han vera? og der er ingen ende på tilvære hans heller. Han syntes han hørte Lea bakom seg, eller live, rettare sagt: – Det er eit framifrå sjølmordar-vêr. Du likar deg no, i slikt vêr og med slikt eit fedreland i kring deg?

Han avgjorde det stutt men sant: Nei ta live mitt sjøl, det torde eg ikkje. Den utvegen finns ikkje for meg, umulig.

[134] Elles gjekk han her etter denne vegen, i denne stunda, og visste at det *var* slik no: Det var ikkje han som skulde døy. Der hadde vorte kasta ein stor draum over han, og den hadde han gitt seg til å leva i. Da helsa gav etter, da tok alt inni han til å gi etter, der med bar det ned og ned. For resten skjønna han ikkje det grand av det enno, men det kom han tids nok til.

Han sa det høgt, same orda han sa til Lea: – Men skal eg til å leva *no*? No når alt i hop har ramla for meg? Det var ein budskap det! Ja ja, enno såg han gudskjelov ikkje kor umulig det var, men det heldt på og vakna i han. – Dei skal få meg, sa han.

Ragnhild ja. Blikke hennes tok til og vart levande. Det var mildt men sterkt, slik og slik. Ja visst skulde han møte det. Ho venta på han no, på eitt eller anna vise.

Det var ho som hadde sendt han hit. For det var han som sendte henne på tukthuse. Og det kom av det at ho drap far hans. Men det gjorde ho, det skjedde, for di Håkon ikkje var meir til mann enn at han trong det. Og det kunde han ikkje vera, for di far hans var den han var, han brente svart i kring seg og gjorde dei andre andsvarlig for det. Og slik bortetter. Menneskevegen hitgjenom tida.

Menneske er ingen meister til å leva, slo han fast. Det har aldri havt stunder til å lære den konsten.

[135] Heile dagen etter vart han liggande. Kona i huse kom og såg til han. Henne fann han på å skræme med snakke sitt, det plar ein slik fåne gjera, kom det for han. – Eg var oppe klokka 8, fortalde han. Men no vil eg ligge i 12 timar, slik, eg undres om eg ikkje skulde få døy da? – Døy? – Ja ha. Lat oss no sjå. – De skræmer meg, klaga ho seg. – Det kan hende eg lever over det òg, lat oss sjå. Kva er klokka no? Tolv, ja vel. – De skræmer meg mest! – Eg er redd sjøl òg.

Kona gløtta på døra fleire gonger utetter dagen. Da låg han og stirde i take. Ho såg dit klokka 8, men da var ho redd. Da sat han på senggavlen. – Nei, Vårherre har forkasta meg, sa han. Og det er hardt for ein Håkon Didrikson Dale. Han hadde ikkje venta seg det slik den mannen, det kan De lite på. Nei han blir vist attende til live.

Det vart ei langvore natt, for sømnen kom ikkje. Han venta den store pina skulde komma over han, *skamma*. Ho kom ikkje ho heller nei, ho vilde slå ned på han når tida hennes kom. Det måtte da bli helvete? Når han skulde til å sjå seg sjøl, her han hadde gått og pusla med døden sin. Og så alt det andre ja, – kva *tenkte* Ragnhild om han? Kva driv ho på med no i denne stunda? Ja ja, ho har no denne misstanken sin å trøste seg med, å styrke seg på. Tru korles det blir å gå Hallvard i møte?

Morgonen etter sa han farvel med Ursvågen.

– Skal eg virkelig komma heim att da, ein [136] angergiven syndar? undra han seg. Den fortelinga har eg lese før, ho var meg litt for svart. For meg vart ho sann likevel, til slut. Ja ha, når du trassar verda, da er du låttelig, og når verda trassar deg, da er du òg låttelig, det er det som er helvete med å vera for Uten. Og

likar du deg kleint i det, da blir du låttelig til gagns.

Han la i veg og skulde finne Roland Nyborg, han hadde fått ein brevlapp frå han og visste han låg i Dragsunde med fartye sitt.

Ursvågen var mest ingen ting i verda, når ein stod og såg på han og skulde seie farvel, berre eit rart lite skaparverk, som truligvis var forkasta. Sola var fram og skjein på det, ei lita stund, Håkon syntes ho tok det i handlóven sin og heldt det fram mot han: det var da merkelig, på sitt vis?

Slik tok live og synte fram eit menneskekrek stundom. Da skilde det mykje kven du *var*. Håkon smilte, uhuglig djupt, tykte han. Ein arming gjekk her og var på tomannshand med evigheita, så vart han teken i luggen og flytta heim att og sett ned der, som den ein var, ventelig: Der! Der har du evigheita di.

At ikkje folk rømmer sin veg gong og annan, hadde han undrast da han kom hit. Nå ja, eg har no ikkje teke i meg det enno, svara han seg med han gjekk. Farvel heile evigheita, til så lenge!

Verda det er eg, hadde han tenkt. Ansles var han ikkje skapt. Verda det er eg, og vil dei ting som er i kring verda føye seg etter henne, så er [137] det bra for dem. Det var da. No hadde verda gjort han til idiot. Men somme idiotar var da lykkelige? – Enno er du ikkje ulykkelig du heller, svara det i han.

\*

Langt innpå vegen møtte han ein mann som kom kjørande. Han kom kjørande med hest og med vogn, var ute og kjørte seg ja; han sat på ei fjøl over vognkista, unaturlig høgt ovom snaulande i kring dem. Hovude hans dingla og slong, hit, dit, etter som vogna skumpla på det hjule eller det. Det friska opp i Håkon, han helsa med fullt liv i måle; han var ikkje åleine som dingla og slong. Han kunde ha missunt mannen eller ønska han fekk bytte med han, men han brydde seg ikkje om det. Lat han kjøre.

Kvifor bruker ikkje menneske den trøsta at det blir ikkje verre enn gale? Det skulde da vera tåpelig nok det? Han sat på ein stein ved vegkanten og kvilte stund og anna. Eit par stader var han innom og spurde seg veg. Det var vonoms hyggeligare i huse der han kom. Så gav han seg i gonga att. Han hadde vore ein hardkar til å gå den tida han var på eksisen. Enno var han ikkje for katten når det bar til.

Ein staden måtte han ha skyss over eit sund. Berre kona og ei halvvakse dotter

var heime, men dotra skulde skysse han, det var ei smal sak. Men småbåten var ikkje heime, kom mora på. – Pytt san, eg stel Svanøyfæringen, let dotra, [138] han står ved naustveggen her. Håkon spurde om Svanøya var på denne kanten. – Nei, det var eit stykke dit, men dei skyssa ei frøken her i førre veka, men så rauk han opp, og så laut dei legge att båten og gå heim. Ho skulde vera kjæresten hans Roland, den frøkena.

Gjenta sette han over sunde i ein fart. Han vilde gi henne ei krone, men ho berre lo til han: ho var ingen sundmann. Det var himmelsk utrulig at ho der hadde vakse opp her ute, syntes han, ho hadde slike kvikke auga, ho var slikt eit menneske alt med seg. Han fekk aldri vita kva der vart av henne.

\*

Så hadde han sunde attanfor seg. Han hadde live sitt attanfor seg. Det som var framfor han, det gjekk han i møte så rolig som kua mot økshammaren.

Her gjekk han, ein unaturlig fri mann, trong ikkje live og trong ikkje døden heller. Stundomtil gløtta sola fram, nokre strålar stod på ein mosehaug, på ei tørvmyr langt ute, eller på ein liten våg som hadde forvilla seg inn i audna her. Det var ingen konst å sjå det var vakkert. Han gjekk og såg det siste gongen, og undrast på kvifor det var skapt. – Men eg veit enno ikkje om eg kjem til Stavsund, sa han.

– Fan hente! svor han straks etter.

Nei det var berre det at det stakk så umenneskelig med det same tanken fór over Stavsund og det [139] som venta han der. Men, han gav seg sytten om det, og gjekk like kald som før. For elles måtte han ha gått til krig mot det, mot heile lagnaen sin, og da bar det Didrik i vald, som Ragnhild sa. Eller kanskje det var Lea som sa det.

Her hadde Borgny fare, etter denne sandvegen her. Maken til rangsnudd menneske. Enda innbilte ho seg ho var ei særlig fri sjæl. Nei men ho skulde havt ein mann som herska litegrand over henne!

Han fekk ende på vegen før det vart mørkt, og kom med dampbåten til Dragsunde seinkvelds. Det låg ein flåte med farty der, det lyste som av ein by. Det var jamgodt med at han helsa på live no. Så blankt var det ja, og så nattsvart utomkring. – Eg må ha sove? sa dauingen da han vart vekt opp.

Roland Nyborg smilte trygg som vanen hans var. Det var eit smalt og beinhardt andlet på han. Auga var ikkje store, og ikkje særst blanke heller, men der var eit sterkt liv i dem. Han hadde mest ikkje hår på hovude, så ung han var, og slett ikkje skjegg. Umulig å sjå noko vakkert på han, men han *var* ein vakker mann. Litt mindre høg kunde han gjerne vore; han var over 3 aln. Han såg ut til han kunde tukte nokon kvar, men han smilte heller og let det vera ugjort. Borgny var eit toskhovud at ho ikkje vilde ha han i morgo den dag. Håkon fresta ein toddi, men det laut han gi seg på. Roland retta seg opp og kremta best det [140] var, og da gjorde Håkon det same: Dei fekk til å tale om handelen sin. Ein kom utor live og ein frå andre kanten og tok for seg ulykka si. – Ja ha! sa Roland. – Stemmer ja, sa Håkon. – Og no er vrake seld att til høg pris. – Ja. Til Blokks med det. – Det er enda godt du tek det slik, Håkon. – Det var eg som narra deg oppi det. – Enno har ingen narra meg oppi nokon ting, svara Roland. – Nei nei. Du er ikkje gift enno heller du. – Roland lo ikkje, men han vart stjerneblank i auga: – Eg har kanskje ikkje vore hardt nok fresta?

Håkon måtte opp i frisk luft. Roland kom etter.

– Du flyt vel over fallitten du? spurde Håkon.

– Denne skuta her, sa Roland og kakka med støvlehælen i dekke, ho er så nedlasta med pant, eg ventar tid for tid ho søkk under meg.

– Du har ein sterk mann i bakhanda.

– Eg likar ikkje å ha nokon i bakhanda. Det kan eg helse dykk alle saman med.

– Ja ja, eg skal heim eg. Eg skal til å bannlyse all slag vågna og galenskap, eg for min part.

– Vågna. Galenskap. Der er eitt sant ord i Norigs land, og det er: *våg vinst, våg tap!* Det er halve mannen det, og bort i mot heile live hans. Utan vågna lever du da ikkje.

– Prat, prat! sette Håkon i. Har du aldri døydd nokon gong?

– Gå ned og ta deg ein munn av glase ditt, du er sjuk no. Ja kva er det for resten som feilar [141] deg? Her var nokon som meinte at du var ikkje frisk. Når det gjeld deg da er eg virkelig vitansjuk. Ja nei eg spør berre, du treng ikkje svara. Vel, vi går over til teksten vår.

Dei vart einige om at dei skulde skrive på for einannan enno ein gong, utan å blunke, så går det, sa Roland, eit par tusen på kvar, så dei stod første støyten. Roland vona elles på sildlasten sin, og på meir enn ein last. Dei skulde vel alltid baute seg framgjenom det, meinte han, – live er grunnlagt på lån, veit du, på lån og voner. Og ein liten fallitt er no heller ikkje noko å døy av, la han til.

Dei stod på dekke i stille natta. Der var stjernehimme over dem, ei botnlaus dypt med nattblåna og eldblensk, men snart etter let det seg att. Skodda var der.

– Eg trur her blir tider for den som har mote, sa Roland. Eg kjenner det greinlig på kroppen min.

– Berre loppa, far, trøsta Håkon han. – Det er uverdigg å lite på slumpelykka, sa han om ei stund.

– At du er så flatføtt, Håkon, det er her ikkje mange som veit. Reis heim til kjerringa di du.

– Ja ha. Eg bytta ikkje kjerring med deg, om eg så fekk bytte. Men først må eg ha namne ditt på eit papir. Det er eit sterkt namn, og sterkare blir det. Er du eigande for aksept-blankett? Så aksepterer du meg på ståande fot. Og så skal eg sova. Du kan vel hyse meg her?

[142] – Ja da, det har ligge finare folk enn du her om bord. Her har ligge damer nyst, i den køya du får.

– Takk, du er no vel så rundhendt med meg no, tykte Håkon.

Bortpå eit av fartya var der ein som slutta med dragspele sitt, Håkon hørte det først da det ikkje let lenger. Tonen vakna i han, og da såg han Ragnhild for seg; det måtte vera den tonen som drog han til henne ein gong. Han hadde spela han sjøl ein gong i tida, ja herre gud. Han såg mangt anna i same stunda; – ein ser ikkje live før ein er utanfor det, isa det i han. Til Stavsund kom han visst aldri meir.

Roland kremta friskt i det same, han skaut på at Håkon vart med i overmorgon når han fór til byen med fartye. Håkon takka og var glad til. Det var ein god støna i denne stunda.

\*

Håkon heldt seg i køya det meste av dagen etter. Han kjente seg halvdrepen etter all denne gonga. Resten av makta hans kraup i hop til ingen ting, når han

kom i hug at han skulde til å leva på nytt. Men når han tenkte litt meir på det, så var han i grunnen ein lystig kropp her han låg, og slikt slag når han var oppe på dekke og såg på sjauen der. For det var ikkje så om å gjera å vera Håkon Dale, slett ikkje, lat den mannen sitte på skjære der han har rodd seg opp. Ein kunde berre klemme på og leva slik ein var, snipp og snau.

[143] Han sa det med Roland, han vilde heim og syne folk ein liten ting: at det var ikkje større vondt å ha det vondt, det var berre ei tru dei hadde gjort seg.

Roland såg mangdubbelt på han. – Ja ha, sa han. Eg minns ein mann frå vintervære, han låg uti sunda og andøvde dagandes dag, i all slag vêr, han skulde passe opp båtane som kom inn, – han kjøpte lever for herren og husbonden sin. Ein grisivêrskvelden spurde vi han om han leid vondt. – Nei det har eg slutta med, svara han. Det er eit lite knep med live, ser De: Du skal ikkje vera så svinaktig nøye på tilvære ditt.

– Sjå der! sa Håkon.

– Nei. Det var eit liv for *han* det. Vi andre er ansles. Vi synes vi er pliktige til å vera folk same korles det går oss. Ein kvar lyt leva etter sitt eige hovud.

Håkon smilte tomt. Det var rart å møte orda sine slik, ein burde helse og takke for sist. Ja ja, enno trong han ikkje tenke nærmare over dette. Han skulde til byen først; ein fekk sjå korles det tok i veg der. Sia bar det til å kjenne etter, og ta ei avgjerd. Det var langt til Stavsund enno.

Dagen etter var Roland oppe hoss kjøpmannen og telefonerte, til Borgny ventelig, og da han kom att fór dei. Da var det alt noko daglide, men det kom på eitt ut, sa Roland, ein såg leia bedre om natta enn om dagen. – Fyrllys og kompass, resten [144] gjer seg sjøl, sa han som var motormann og kokk om bord.

Motoren trødde takten og smått song attåt, og fartye gjekk så stillvatne brusa frammed sidene på det. Vêre var grått og stilt; kan hende det venta regn og kan hende ikkje. Det var avdaga da dei nådde sørpå storfjorden. Vind fanns det mest ikkje der heller, sjøen var blank og gjekk i eitt med halvmørkre, men der var ikkje så lite dønning. Skjøyta tok seg ikkje nær av den, enda ho var tunglasta, ho duva godslig og gammalklok og heldt farten sin, tok den alda slik og den slik, ein kunde ikkje vissare gå om ein gjekk i sømnen.

Her ute, ei halvmil lenger vest, fór Håkon da han skulde til Ursvågen å døy, – kor lenge sia var *det*, tru? Han var sannelig ikkje vonlaus mann den gongen. Var



det ikkje for motorduren, da hørte ein gjerne brake av Flygrunnsfalle her i frå.

Ja vel. Han var heimsendt no. Det var det einaste som var visst.

Han sette seg til mastra og stødde seg mot den. Han skulde snart ned og sova, dei greidde seg like godt utan hans hjelp. Der var fleir som gjorde det, kom han i hug.

Ei stund etter kjørte dei inn i skodda. Dei hadde trudd, den eine som den andre, at det var ein liten regneling som stod og venta dem. Sia tykte dei ein skoddedott var ikkje noko å nemne, og dei nemnte det heller ikkje. Dei hadde bein [145] lei og heldt full fart. Ja, dei kom ut av den dotten, men der var fleir att. Enno hadde dei like vel fyrlyse blankt atter om styrbord.

Roland såg tvilrådig i kring seg eit par gonger. Straks etter hørte Håkon at motortakten spakna aldri så lite; han sat og såg på at skodda kom rennande frammed fartye, slik lande fer når ein segler nær det. Motorduren minka enno litt. Roland studerte både kart og kompass.

Det var så vidt Håkon merka at skuta tok grunnen. Det gav eit nogg i henne, ein liten svikt i farten, ho løfta seg over det og var i gonga att, men da hogg ho i berg og rente baugen opp, sjøen grunnbraut over dem i same augeblinken og hivde fartye over, og Håkon kjente han fór. Han syntes han vart hivd oppetter le vant, og tenkte rasande at dette var ikkje *rett*, det var ikkje slik han skulde døy! og heile live hans susa gjennom hovude i eitt sekund, ein fortærande urett som vart til ingen ting.

Han kom til seg att. Smått om senn vart han vår at han heldt seg fast i nokon ting, og sia fann han ut at det var vante han heldt seg i, oppved godse på mastra; det var berre masterstubben som var oppe av heile fartye no. Falle baska og braut tak og anna, eit stykke til lovart. Det hadde renska av seg vrake og heldt på med sitt. Nei det var ikkje Flygrunnsfalle dette, og ikkje var Paul her heller. Han var åleine her.

Eg er ikkje død, kom han i hug. Han fresta å rope, men der var ikkje stor lyden i han. Ikkje [146] var her nokon i nærheita som kunde svara heller. Sjøen var så øde som ingen hadde set han før. Dei andre to? Dei var her ikkje. Dei måtte ha vorte med fartye ned. Korles han sjøl hadde komme hit, oppi mastertoppen? Umulig å tenke på det, sjøen lauga han i eitt vekk. Han fresta å klattre litt oppetter mastra, men han kom ingen veg.

Tid for tid heldt han på og skulde sleppe seg, men han kom til seg att og tok seg på tak. Tungalda løfta han høgt med kvart, drog så unda, til han hang i lause lufta. Der gjekk tider. Han såg ymse ting for seg, stundom gjekk der for seg eit heilt liv inni han, men inn i millom var det berre gråe natta, verda var ikkje skapt enno, ho vart det aldri heller.

Men lenge etter skaptas der liv borti skodda. Det rodde. Og så vart der eit farty med segl og med skrog, og så vart der ein båt, og to mannsskuggar i den. Han såg det, dei låg og båtsrodde fartye, skulde slæpe det unda falle her, for der var ingen vind. To levande menneske var det. Den som ikkje har set det, han trur det ikkje, smilte det i Håkon. Han vakna til og ropa for live. Dei stogga i roren og glåmte i kring seg. Så sat dei still og stirde hitover. Dei sat og dømte han til døden, visst; han hørte dei snakka seg i millom. Han ropa på nytt, fresta å få det til så menneskelig som mulig. Da opplevde han redsla for døden. Ho tok mæle frå han. Men så tok ho tankane òg, kjensla og alt i hop.

[147] Da kom dei. Ei stund etter var han inni båten hoss dem, han låg der og levde. Karane festa slæpetauge att og rodde på spreng, for straumen sette ned på grunnen her. Sia skulde dei til å få han om bord i jakta. Han bad dem sjå etter, der skulde vera to mann til. Dei gjorde det, rodde og rodde rundt kring falle, Håkon reiste seg i båten og stod. Nei. Der fanns ikkje likt til dem. Båten, tenkte Håkon. Båten låg kvelvd på dekke og var trulig det første som vart hivd over bord. Nei Roland rodde aldri frå deg, sa han seg. Roland finns ikkje no meir.

Der var ei merkelig skodd framfor han: At han skulde bli hengande fast så høgt oppi vante, da skjøyta retta seg opp før ho sokk. Tvert gjennom døden og blinda hadde han komme og dit.

Havskodda hadde lettna ein mon. Dei skulde for ålvor til å gå om bord i jakta. Da kom der ein dampbåt brusande. Det var ein slæpebåt på veg til byen, men han fór lausreipa no, i eitt eller anna erende. Jaktskipperen praia han, dei tykte denne halvdrukna mannen burde til byen og dokteren med all som først. Håkon vart teken om bord og lagt til køys, og båten fór med han.

Der låg han og var berga mann. Han hadde komme seg laus frå døden. Det sveiv for han at det var rangsnudd, men det var over vettes godt.

Dagen etter, da klæane hans var tørre, krak han seg opp og i land. Dokteren trong han ikkje, for det første. Nei, helselaus var han, men langliva [148] både på

sjø og land. Han fekk gå her og drive i hel tida, til i morgo når rutebåten gjekk utover. Da fekk han kjenne, kanskje han fór til Stavsund? Enno hadde ikkje dei hørt om uferda, det var han trygg for.

– Ja, eg rømmer ikkje, sa han ein gong, da han såg heimen for seg.

Men Roland vart att der ute. No ja ja, *han* gjekk ikkje vanæra utor live. Han fekk ein manns lågna, slik han hadde fortent det.

Håkon fann seg eit losji og gjømte seg bort. Han sat eller låg, etter som det fall han inn. Best det var tok han fram boka si og såg i henne. 50-kroningen var ødelagt av væte. Tusen takk! Det same var aksepten frå Roland, berre namne stod der stort og greit slik Roland sjøl sette det der. Og dette var skinnboka etter far, ho som var utropa vasstett – fan brenne heile boka!

Namne hans Roland stod der ja, eit lite minne om velviljen hans, ein liten rest av ei von. Den andre blanketten, som ikkje var brukt, låg i eit anna rom i boka og var heilt uskadd. Slik var det. Ingen ting å banne over. Han gjekk att og fram på golve eit tak. Da tok han blanketten, og penn og blekk, og skreiv 1000 kroner på, slik det stod på den første, namne Roland Nyborg nedunder til høgre, det vart modig likt seg; det stod der før, på andre papire, og vitna for kven som vilde sjå det. Så, no stod hans eige namn der òg, på langs og på tvert.

[149] Han svor litt inni seg, tok papire og gjekk i banken med det. Dei kunde umulig ha hørt om forlise enno, dei? Og slett ikkje at det var Roland som fór. – Nei, dei åtte ikkje misstanke, slik. Dei granska papire, og fann det var godt. Da stryk eg sørover i kveld, tenkte han. Men det var eit høgt tal, sjefen sjøl kom og la ut for Håkon, at det der fekk dei kjenne på, der var krig og utrygge tider, Håkon skulde få høre frå dem fortast det let seg gjera.

Håkon gjekk til losjie att. No slapp han da tenke på kva veg han skulde ta i morgo, det vart til Stavsund det. Han var skjelven i all sin kropp, og sjæla var same armodstinge ho. Han la seg, og sov til det var svarte natta. Sia sat han i senga og bia på det skulde bli dagen. Han venta hardt på slutten, han syntes han var nok tynt for det første.

Dagen vart det, og så bar det ut fjorden, utover til Stavsund ja og der i kring. Så fekk han sjå korles der såg ut. Sia fekk han leva og sjå korles det gjekk med det eine og det andre. Han var åskodar no her etter. – Leva og sjå, hadde Roland sagt. Straks etter tok han dautake sitt. Det skulde i alle fall bli Håkon forunt å

seie Borgny eit sant ord, både om Roland og om henne sjøl.

Om ho vilde stå ved namne til mannen sin, på papire i banken, stå ved det siste han gjorde, det fekk bli hennes sak. Håkon hadde slege frå seg dei pengane, han fekk dem aldri, og kva skulde [150] han med dem? Dess utan var det ulovlig det han hadde gjort med aksepten, visst dei vilde krangle på det. Men Roland, som sagt, han var Borgny ein mon for god. Det skulde ho få høre.

Det var Ragnhild han sa det til, han såg henne så klårt i det same. Augebrunene hennes tedde seg særst tydelig, dei var smale og beine, to mørke strek som aldri blykta for nokon ting. Under dem stod blikke hennes forunderlig fritt imot ein; det var så sterkt for di det var så mildt. Slik ja, just slik var den vesle darringa ho fekk ved munnvika, der smilen kom og gjekk. Ho var ei smilande makt heile menneske, ein syndhard motstandar.

Nei det dugde ikkje å seie ho var rettferdig, ho hadde ikkje den synda på seg heller. Men krevde ho han skulde vakne opp og bli menneske som før, da var ho meir urettferdig enn ti rettferdige til sammen.

Straks etter var Hallvard der, han skulde konfirmerast no til helga. Men ein slik gutskapning, kva kan du seie til *han*?

De veit ikkje, de, kva live har vore for meg, sa han til dem. De anar det ikkje, alt det har lova meg, og alt det har rana frå meg.

Dei smilte til det, syntes han sjå, den eine slik og den andre slik. Og om ein halvtime no, da skulde han møte dem for ålvor. Smil ikkje, godt folk, det går aldri verre enn gale med meg.

## V

[151] Det såg ikkje ut til at Lea skulde komma att meir ho heller. Dagane kom og gjekk, dei snudde andlete mot Stavsund, kvar sitt tomme andlet; ein fekk enda vera glad at dei *gjekk*. Men endelig ein dag kom Lea oppetter sjøvegen.

Det var same dagen som Håkon kom heim, ho var berre ein halvtimes tid føre han. Ho kom med båtskyss tvert over fjorden.

– Kjem du virkelig att? sa Ragnhild.

Lea såg på andlete hennes. Det hadde fare ille i det siste. Det hadde vorte mykje smalare, men særleg var det vondt å sjå auga hennes, – dei stod på

fattigdommens rand, tykte ho.

– Han kjem, han kjem, skyndte ho seg og sa. Du veit ikkje av før han er her, han er her i morgo den dag!

Ho vart så oppjaga, ho la i veg og fortalde om heimferda si. Der var ein ungdom som heitte Jorg, han hadde fria til henne ein gong, i fullt ålvor, men ho var ikkje anna god til, ho berre lo åt han. Han tok seg nær av det og flytta utor tenesta. – Det var på harde dasken at eg ikkje sa ja til han da, let ho. Sia hadde ho hørt han skulde [152] vera der og der, og no da ho var på dei kantane like vel, så hadde ho leita opp han, ho spurde seg fram og fór, ein dag og ein dag til, landveg og sjøveg for tvert, det hadde vore eit eventyr til ferd. Ein kunde ha ledd til det. Og sluten på det, den lo ho til før ho fekk fortald om han.

Jau, han Jorg hadde vore so truverdige i sorga si, ho laut sjå att han no og be han tilgi henne, og *manne seg opp!* Ho vilde gjera ein god gjerning, for ingen veit kor gammal ein blir, og så måtte det da komma sjølve erende hennes til gode? Og da ho endelig fann han og fekk snakka med han, da flirte han til henne og ferda hennes: Han stod på giftande fot, kunde han fortele henne, han skulde ha ei blømande unggjente. – Men han gjorde sælebot og skyssa meg over sunde att, sa ho og lo på nytt.

– Du ser ut som du treng både mat og kaffe etter det, sa Ragnhild.

– Eg treng snart ikkje nokon ting, ban. Eg er over den plaga. Men korles ser du ut sjøl, trur du?

Ragnhild sa ho hadde snart middagsmaten ferdig, ho snudde seg og vilde til kjøkene.

– Men at du ikkje gjer oppreist! sette Lea i. Det var sagt før ho sansa seg.

Ragnhild snudde seg og såg på henne, vilde til å svara, men brydde seg ikkje om det. Ho let blikke gå mot vindauga og langt ut. – Der kjem dampen, sa ho. Frå byen. Ho gjekk bort til vindauga og [153] stod, liksom ho vilde halde auga med dampbåten austpå fjorden.

Det var ikkje vise hennes å stå slik. Lea likte seg kleint.

– Når båten kjem att utanfrå, da er 'n Håkon med, trøsta ho.

Ragnhild hørte det ikkje. Men litt etter snudde ho seg og kom i mot Lea.

– Jaså, du fann han der ute? sa ho. Korles stod det til med han?

Lea vart glad og fortalde. Ragnhild stod still og hørte på.

– Ja eg skjønner meg ikkje på han, sa Lea til slut. Han er ein tullbukk, det veit vi, og det fortalde eg han, men det blir vi ikkje klokare av. Han må vera sjuk nokon-stads, innvendig? Han hadde visst innbilt seg han skulde døy snart? Ja men slikt har han ikkje lov til!

– Du skal i alle fall ha takk, til så lenge. For det du har gjort. Ragnhild kom i hug ho måtte til kjøkene, og gjekk ut.

Det var vondt, og det var ei skam, at ho ikkje kunde snakke meir med Lea. Men ho var ikkje i stand til det. Ho gjekk og snakka med Håkon all dagen mest. Med den Håkon som *var* ein gong. Ho spurde, og ho hørte han svara. Slik leikar barne med tankane sine, men lat henne vera barn.

Han som var ventande heim no, visste ho ikkje noko å seie til; om han var aldri så sjuk. Stundom ønska ho han ikkje kom heim meir. Ikkje så at [154] ho stunda etter ein ny mann; – det er eg ikkje skapt til, sa ho, gud gi eg det var!

Kva nytta det at ho hadde levd igjenom noko før? Ingen ting. Ho var eit anna menneske no, ein blir stadig eit nytt menneske, eit barn framfor det som hender ein.

Det var i går. Da såg ho i auga til Hallvard, at han måtte ha far sin heim same kven han så var. Det lova ho han med seg sjøl, det var avgjort det. Ho helgaklædde seg og gjekk på auksjonen i grannegaren. Ho åtte ikkje erend dit, men ho måtte sjå folk. Ho vilde vera menneske i lag med andre menneske. Ho snakka med både den og den. Det gjorde henne lite at dei tenkte eitt og anna hoss seg sjøl, der fanns mest ikkje vondt i det. Det nogg ikkje i henne ein gong, da nokon spurde etter Håkon. – Han? smålo ho. Han har sitt å bale med, og eg mitt. I morgo kjem han heim, la ho til.

– Lat han komma når han kjem, sa ho no òg, da ho gjekk inn att til Lea.

Lea vilde ikkje vente på mat, ho skulde berre ha litt mjølk. Ho stod på gonga vestover. – Dei tykkjer kanskje eg blir lenge borte no, sa ho, både kyrne og dei andre. Kven kunde ha spådd *meg* noko slikt? Det er skire lykka er det.

Ho stod slik at ho såg ut gjennom eine vindaug, og best det var sette ho i: – Nei så Herren forynge meg, der kjem han!

[155] – Kven da?

– Han sjøl, veit eg. Han Periander; han kjem og leitar etter meg. Der står han, med Torghatten på hovude.

Og rett nok, Periander kom inn. Han vart litt dått med da han såg Lea der, hadde nær glømt å ta av seg stivhatten. Han smilte og vart brydd som ein unggut. Ragnhild fekk dem til å sette seg baa to.

Periander fortalde, at når han kom hit no, da hadde det ein *grunn*. – Skjemmes du ikkje! lo Lea. Men Periander var ålvorsam og spurde henne ut om ferda hennes og om Håkon, og før ho fekk skikkelig svara, spurde han om ho hørte noko til Roland Nyborg, om ho visste kor han heldt til no? Nei det var det at Borgny var så urolig: ho hadde venta han ringte henne opp frå byen i går, det var avtala det, men det gjorde han ikkje. Så ringte ho dit, til kjent folk, men han var der ikkje. Sia hadde ho telefonert nordover dit der han låg og salta sild, men han hadde reist der i frå. I dag hadde ho ei samtale med Finnsvoll, og der skræmte dei henne. Dei hadde ikkje set han der, men dei fortalde om ei skjøyte som hadde forlist sørpå, somme sa at ein mann var berga og andre at ingen var berga; av fartye var der berre mastertoppen oppe.

– Berre ikkje 'n Håkon var med der! datt det ut av Lea.

[156] Da såg dei på einannan alle tre. Ragnhild var den første som friska seg opp att. Ho drog på smilen.

– Bli ikkje forfæld, formana Lea dem.

– Her er ingen som blir forfæld, svara Ragnhild. Enno er ikkje 'n Håkon feig.

\*

I det same bles dampbåten, og da reiste Periander seg. Han vilde ned på brygga og snakke med kapteinen, om *han* hadde spurd nokon ting, det var erende hans hit. – Det er ho Borgny som er så urolig, sa han, halvt med seg sjøl.

– Eg synes ikkje du skulde undrast på det, meinte Lea.

Ragnhild tykte dei var to born som skapte seg til. Det som var visst, det var at Håkon han laut nok leva, arme skapningen, og ho laut leva i lag med han.

Da Periander var vel ute att, sa Lea: – Å nei, her er da eit anna menneske som lyt døy. Det er eg det.

Ragnhild såg vantruen på henne.

Lea fortalde korles det stod til med henne, og kva dokterane hadde sagt.



Vegen var da viss nok, trudde ho. – Det argaste er at eg kjem til å *svelte* i hel, etter som eg forstod dokterkallen der ute. At eg ikkje åt litt meir med tid var til!

Ragnhild sette seg. Ho sat og såg på Lea og sa ikkje noko. Sjøl forandrast ho i alt andlete, merka ho, og det var ikkje fritt ho skalv kring [157] munnen. For dette var ikkje vanlig vondt. Der fanns ikkje ein gong eit lite ord å seie til det.

– Du trudde eg gjekk i giftartankar du, sa Lea. Ho var Lea den same der ho sat.

Ragnhild spurde om ho hadde fortald Periander det.

Lea rista på hovude. – Eg får ta meg ein dag og gjera det òg, sa ho. Eg veit berre det at eg kunde gjera mykje for *han*. No vil eg først sjå kor mykje han vil gjera for meg. For 'n Håkon bror min og deg.

Ragnhild måtte ut i kjøkene att. Ei stund gjekk der, da kom Lea og gløtta på kjøkendøra.

– Du må komma inn, Ragnhild! bad ho.

Ragnhild sette frå seg fate ho stod med, flytta ei gryte til rettes på komfyren, og gjekk inn. Da stod Lea bortved vindauge. Ho bad Ragnhild komma dit og sjå. Ragnhild gjekk dit.

Der såg dei Periander og ein til kom oppetter sjøvegen. Den andre var Håkon. Han gjekk med hendene på ryggen.

Lea tok over handa til Ragnhild og klemte henne: – Ser du der du!

Ragnhild hørte kor gleda tyta opp i Lea, som dei hadde gitt henne live og helsa att og vel så det. Dei to nedpå vegen kom nærmare og nærmare. Ragnhild såg Håkon var uhuglig skrin i andlete. Som snarast fór rådløysa i henne, det var Hallvard som skulde ha teke i mot han, men han var ikkje heime, han burde ha stått ute no og snakka første [158] orda med far sin! Men han var nede ved sjøen og ekspederte båten. Dei hadde alt helsa på einannan, *dei*. No fekk ho bie her til karane kom inn; så sa ho det ho hadde tenkt å seie.

Håkon opna døra og baud Periander stige inn først, men det vilde ikkje han, ikkje i dag nei, han kom etter og såg ut som han hadde gjort einkvart gale. Håkon såg beint på Ragnhild, men blikke hans var litt skoddut. Han drog på smilen da han helsa goddag.

– God dag, Håkon! Og velkommen heim! Du vart lenge, meiner eg?

Ho sa det lyst og lett, som til ein kjenning ho råkete på. Det var ikkje slik ho hadde tenkt å ta i mot han, langt der i frå, men etterpå syntes ho det var einaste rette tonen.

– De må ver-så-god å henge dykk nedpå alle samem, sa ho, her blir snart mat å få. Det er lang veg til Henningstad, om de så er to om han; over middagstid er det òg – sitt ned, seier eg!

– Ja takk, svara Lea, men no trudde eg jamenn du vilde vera fri oss ei lita stund. Trur du ikkje det, Per, at vi gir oss i traskinga heimover? Ja eg kallar han Per eg, ein slit ut levetida si med dette endelause namne. Er du hardt svolten, Per?

Ho vart vår Periander, at han stod der bortgitt i gudsnamn.

Men *han* såg på Håkon, spurde liksom, eller bad.

Håkon hadde gjort seg ein sving bakom dei andre. [159] Han stana og såg ein gong på Ragnhild og ein gong på Lea, snudde seg så til Periander.

– Nei, det må bli De som forteler det, sa han.

Periander sukka og smått kremta, men han såg ikkje all verst ulykkelig ut. Han fortalde det han hadde hørt av Håkon, at Roland var bortkommen, slik og slik. – Slik er no det, sa han til slut. Det blir ei tungvore tidn å komma heim åt a Borgny med.

Båe kvinnfolka snudde seg og såg på Håkon.

– Som de hører, eg var da med ja. – Men, eg vart berga eg, la han til.

Sia fortalde han med nokre få ord litt nærmare om tilborden.

Ragnhild stod og såg ein annan veg.

Lea tok i armen til Periander: – Vi får gi oss i veg da. Og så sa ho det slik ho såg det framfor seg, ho var ikkje anna godtil: – Vårherre veit han korles det *no* blir!

Ragnhild snudde seg og såg på henne; blikke hennes vart meir og meir levande, Lea vilde helst ha gjømt seg for det. Enno mindre likte ho seg da Ragnhild smilte.

Håkon hadde ikkje hørt noko meining i det Lea sa.

Periander sa farvel, og Lea måtte gjera det same. Så gjekk dei. Ragnhild følgde dem utom døra, etter vanlig folkskikk. Ho stod litt og såg på kor truverdige

dei vandra i breidd bortetter vegen. Men det var ikkje der ho skulde stå. Ho skulde inn att.

[160] Håkon hadde sett seg da ho kom inn.

– Korles står det til med deg? spurde ho.

– Ja, det var no det. Han smilte: Det får vi kanskje snakke om seinare.

– Ja ja. Det kan du ha rett i.

Ho gjekk åt kjøkene. Maten var ferdig, og no kom dei inn frå kvar sin kant og sette seg til bords. Håkon sette seg i romme sitt, snakka nokre ord med Hallvard og med einkvan av dei andre, spurde om slikt som husbonden må spørre om når han kjem heim frå ferd, men elles var han litt nattvakande og ferdatrøyt av seg.

Hallvard sat utrulig vaksen ved borde, han var ikkje brydd, og ikkje glad heller, han skulde ha mat, og snakka når han såg seg tid til det.

\*

Dei var slik bae to, Ragnhild og Håkon, at det som no måtte komma det vilde dei ha overstått med all som først, ha det oppgjort så langt det let seg gjera. Den eine visste det om den andre.

– Skulde vi gå ein sving? spurde Ragnhild da dei hadde drukke kaffen.

– Ja lat oss gå ut og sjå på landskape, svara Håkon.

Og så gjekk dei. – Dette blir kanskje siste gongen vi går slik, tenkte Håkon. – No *spørs* det om, sa Ragnhild med seg sjøl.

Det var kvelden alt. Skymminga kom sigande inn på dem, kveldvinden susa tak og anna kring [161] dem og tagde att. Dei var så åleine som dei kunde ønske seg det.

Der var ein trefire ting Ragnhild hadde for seg, og som ho fresta å halde ut i frå einannan.

Der var no for det første det, at det var rart å sjå att Håkon, sjå han så tynn og så nedfor. Ho syntes ho måtte vera god med han, som med eit sjuklig barn, om ikkje anna så måtte ho få litt hold på han att.

Det andre var det, at han var ikkje Håkon. Han var ein person som hadde svike henne, slik ho aldri drømte at det eine menneske kunde svike det andre. Han var ikkje verd det ho hadde ofra for han, det var snudd om til vanære for henne, til synd. Ho torde knapt sjå seg sjøl i ein spegel etter ho vart vår det.

Men det vilde vera tåpelig å hemne det. Ho var fattig nok før. Ikkje let det seg hemne heller, umulig ting.

Det ho laut tenke på, det var dette: Skulde der bli skapt som ei von for dem, da måtte han så langt ned at der fanns ikkje Håkon att i han. Han måtte sjå det sjøl kven han var. At Lea vilde hjelpe dem å berge garen, var vakkert av henne, og godt å vita, men det var ikkje *det* her spurdes om no. Dei måtte ta til frå nytt med all ting. Kanskje der var ein smak av hemn i den tanken like vel? Kan hende det, og gjerne det. Det var einaste vegen deres i alle fall. Ho hadde ikkje lov til å gi etter.

[162] Håkon var for utsliten til å ha nokon tanke nett no. Han skulde ventelig ha det enno litt meir vondt, og det fekk ha sin gang. Det var elles bra vondt da han såg att Stavsund, da han såg Hallvard og henne. Det blir ho som får ta til ords, gjekk han og tenkte.

Dei gjekk sommarfjøsvegen oppover gjorde, og sia tok dei av austetter frammed skogkanten. Dei kom heilt ned til kvennbekken. Der stana dei. No har ho leidd meg hit, tenkte han. Her skal det skje. Der hadde komme eit missmot over Ragnhild, ho visste ikkje om ho kunde seie nokon ting til den mannen som gjekk breiddmed henne. Noko måtte ho seie like vel, og det straks.

– Du burde gå til Henningstad, sa ho. Eg tenker Borgny vil høre litt nærmare om siste ferda hans Roland.

– Det kunde eg godt gjera, svara Håkon. Men var det ikkje vel så rimelig at ho kom hit?

– Det var for resten ikkje det vi skulde snakke om.

– Nei.

– Men eg kan visst ikkje seie det som skal til. Eg er ikkje så pass til menneske lenger.

– Nå-å, meinte han.

– Men det kan eg seie deg, at vi let garen gå til auksjons utan konster og prut.

– Så?

– Ja. Eg går ikkje med på anna. Eg ser ikkje meining i noko anna.

[163] – Er du så hard? Kven er du så hard i mot da?

Ho stod og såg på han. Da sa han det som just fór henne i tankane:

- Det er inga sak å tukte *meg* nedåt. Slik som eg har stelt meg. Driv på.
  - Eg trur ikkje du skjønner kva eg snakkar om.
  - Nå, du skal ikkje vera for trygg på det.
  - Eg tenker på framtida for både deg og borna; eg tenker på heimen vår.
- Han såg ut i vøre og smilte: – Det tenker *du* på.
- Ja eg tenker på heile bygda, på *folke*. Vi er ikkje åleine i verda.
  - Bedre og bedre!

Han såg i kring seg, tenkte på å sette seg tvert ned, men vøre var for kaldt til det. Han var litt skjeiv i andlete da han snudde seg mot henne. Hennes var heller ikkje slik det pla vera, enda det var rolig nok.

– Eg veit kva du vil seie, heldt ho fram: at det er det same du har tenkt på. Ja, men du har ikkje *tenkt*. Skjønner du ikkje det no, da skjønner du det aldri.

– Garen skal dei ikkje få ta, sa han, halvt med seg sjøl. Den skamma hastar det i alle fall ikkje med. Eg skjøtar han over på deg. Eller på Hallvard. Men det du vilde seie er vel det, at eg er ein tosk til kar. Det kan vi bli einige om. Eg vart enda for dum til å døy.

Ragnhild stod og såg ned. Og han vart ståande [164] og sjå på henne. Ja, her stod han, det var visst òg det. Ho stod og dømte han, og han stod og skreiv under på det, og vart eit anna menneske av det. Han let det skje. Det var ikkje stort hardare det enn å døy med kroppen sin.

Jaugu var det verre!

Da knippa han med fingrane i lufta framfor andlete hennes:

– Så! No har eg både skjønna det og sagt det. Eg har gitt deg rett så eg burde døy av det!

Ho festa blikke på han, men ho hørte knapt kva han sa.

– Og no står vi ikkje her lenger og frys, sa han. Kva veg vi skal ta heimover, det sett eg i ditt skjønn. Det same gjer eg med resten, ja du skjønner kva eg meiner med det. Eg snakkar fullt ålvor, om det ikkje høres slik. Kom no!

- Eg kan da komma, sa ho. Eg kan da komma. Ho snakka halvt med seg sjøl:
- For eg bryd meg ikkje om å ha det meir vondt enn eg er nøydd til.
- Går vi her eller der? spurde han.
- Her, avgjorde ho.

Der med gjekk dei, nedetter frammed bekken.

Håkon visste at om han tok handa hennes no, da var det ei pine for henne, ja kanskje ei synd. Ansles kom det aldri til å bli.

Ragnhild hadde litt vondt for å tru at det var dei to som gjekk der. Men det var det, på eit vis.

Det heldt på og regna så smått. – No skvettar han vatn på gåsa, sa Ragnhild da ho merka ho [165] vart våt. – Eg meinte eg hadde vore i vatne nok no snart, sa Håkon. Men, det skader ikkje med ein attpåskvett.

\*

Dagane gav seg til å gå, den eine levedagen etter den andre.

Håkon syntes han hang bakpå dem og kjørte med. Han nytta høve stundomtil og såg i kring seg, han let undringa gå seg gjennom hjarte, den og mangt anna, og da hendte det han sa at dette det er deg! Det var kaldvore å oppleva seg sjøl som eit namnlaust krek. Jamvel da er ein ikkje vonlaus, merka han, ikkje da meir enn når du skal døy.

Konfirmasjonshelga gjekk over ho òg.

Ragnhild hadde fått ei ny bør av andsvar på seg. Det var ei god tyngd å kjenne på. Mot Håkon fresta ho vera som før. Det fall ikkje lett, men enda fall det naturleg, tykte ho. Ho fraus litt når ho kom i hug korles han gjekk der no, så avsett og einslig, ein vaksen mann utan von for seg, utan gjerning for seg, og dette var til og med *han*.

Han la fram for henne kvart eit papir han hadde eller som kom, heile elende med kravbrev og andre trugsmål. Auksjonen nemnte dei ikkje meir, dei hadde han i huse like vel, svarte tvangsauksjonen. Dei såg han i auga på kvar sitt vis.

Ragnhild var nær på å bli rasande stund og anna: At folk kunde bera seg åt slik! *Når* skal folk lære å stelle seg som folk? Det argaste var, at når ho tenkte seg om og kjente etter, da gjekk [166] ho med på åtferda hans, ho kunde ha trive til same galenskapen sjøl, ein er da ikkje skapt menneske for ingen ting. Ho kom i hug den og den, som aldri kunde ha våga seg til det. Evnelause edruskapen heile menneske.

Men som ein idiot hadde Håkon fare fram, og slik fekk han gå der til så lenge. Han og lagnaen hans hadde møttes, det har vore fleir som måtte ta den støyten.

Håkon smilte ulykka si beint opp i andlete. Det var ikkje stor konsten det, gud bedre, det same lyt krøplingen gjera, og kva *anna* skulde krøplingen gjera? Pengesorger er ei rikmanns-sut, dømte han. Slikt kan fattigmannen ta seg fri for. Han smilte til det òg, at der var Ragnhild, ho var umistelig for han, og han hadde mist henne for evig tid. Men at eit menneske kunde bli så lite jordisk som han var no, det var eitt av dei sju vidundera i verda. Slik var det å vera dau mann.

Men så ein dagen synte det seg at dette hadde han berre drømt.

Periander Henningstad ringte opp og vilde snakke med han. Han var nede ved kvennbruke da bude kom. Han undrast ikkje ein gong på kva Periander vilde han, for det skilde han ikkje minste grand. Like vel, med han gjekk oppover rann tanken bort på Lea, ho hadde visst ymta om eit hjelpetak i knipa. Dei fekk gå til Ragnhild med slike plager. Og så tenkte han på andre ting.

Han kom til å minnast at Periander og Borgny [167] fór framom Stavsund ein dagen her, dei gjekk om bord i båten og reiste utover. Dei skulde kanskje i veg og spørre om Roland slett ikkje var å finne i live, kven veit kva folk tenker ut somtid. Dei måtte ha komme att no da, ein eller annan vegen. Borgny var svartklædd; ho sørge med klæane ho som ei anna enke.

Periander spurde korles det stod til, og meir slikt, nemnte så at han og Borgny hadde vore ute og reist. Dei hadde lagt heimvegen over byen, der var somt å ordne opp etter Roland, og Borgny tykte det fall på henne å gjera det; – ja du veit, du var med i eitt og anna av det du òg, sa han, men han sa det godslig, med smil og kremt.

Og så kom det:

I banken hadde han komme over eit papir som Roland hadde skrive ut, ein aksept for Håkon, han kom vel i hug den? Ja, no hadde han det her, papire, Borgny vilde ha det, ho tok det beint fram, for det var det siste Roland skreiv, var det ikkje det, tru? For det var det òg, at om banken tok papire for godt eller ikkje, det stod no på henne det, så å seie; ho måtte vel sette sitt namn der da, attåt Roland sitt. Det var det han vilde snakke med Håkon om, der var eit par småting han måtte ha greie på, men det kunde dei ikkje stå her og gala i telefonen om. Håkon laut komma utover.

Håkon leita litt før han fann måle sitt. – Eg gir meg sytten om heile papire, sa han. Eg vil [168] ikkje ha ein skilling på det. Han hørte sjøl der var ei darring i



røsta.

– Så. Periander kremta tørt og tenkte einkvart. – Nei nei, sa han. Det er no den sida av saka. Men, som sagt, du får komma hit. Eller òg må eg til deg. Det er noko eg vil vita. Det var best Borgny òg var til stades.

– Nei, murra det i Håkon. Han kom i hug dei fekk bjørnen til å danse når dei elda under labbane hans, – ein kunde da skjønna det. Vekselen var falsk han. Han krevde tukthus over syndaren.

Periander kremta på nytt. – Vi får da snakkast ved. Det var berre eit lite spørsmål dei kom med i banken. Ein liten merkna; det er fort overstått.

Håkon mumla noko om at han skulde sjå kva tid han fekk, og at papire var verdlaust for han. Der med kom han seg frå telefonen og ut.

Han stana eit par gonger på vegen ned til kvennhuse og spurde seg: – Skil no dette meg, i grunnen? Det kunde han svara nei på, men kva hjelp var der i det? Fanns ikkje, fanns ikkje. Reddhugen hadde fare i hjarte på han, det vilde jaga han på vatne. Han fresta smile, og roa seg med at i vatne hadde han da gått seg bra nok, både på det eine og det andre vise.

Men kva gjorde dei no, kva kom dei til å gjera, dei der ute på det fordømte Henningstad? Kva vilde banken gjera – – kva skulde ein trive til?

Eitt stod fast: han rikka seg ikkje før dei kom [169] og henta han. Visst han da ikkje rømte, for det har ein tukthuslem rett til. Men nei, han hadde alt rømt nok; han dugde ikkje til det. Redsla kviskra i han, at rettno tok han renne vestetter og kasta seg ned for både Periander og Borgny og bad om nåde, dei var da menneske?

Til kvennhuse var det umulig å gå i dag, det strøypte han når han tenkte på det. Han snudde om og gjekk oppover att.

\*

Han møtte Ragnhild ute, ho stod og mata kaninane. Det var ein lagna at ho stod der just no. Ho *var* der, slik hjelpa er der ein hende gong.

Ragnhild kjente seg meir modig den dagen enn ho hadde gjort på lenge. Ein kunde leva og ikkje vita kven ein er, syntes ho, men så ein dagen ser ein det, verda i kring deg forteler deg det.

Ho syntes vêre vart vakkert berre ho såg på det, enda regnelingane risa jorda

tak for tak; og lande vart vakkert det med, der er ingenting meir finskapt enn strendene, ja og somme haugane, når ein kjem til å sjå dem rette dagen.

Ho såg for seg nyheimen deres, han låg der uferdig og levande i vika si, det var å slite med han og like seg. Å vera lykkelig, trudde ho, det er å sjå verda, men da må ein sjå henne slik ho skal bli, og skape henne til der etter, så du kjenner du er menneske, og eit medmenneske for andre.

Hallvard ja, han fór kanskje sin veg, men det var ein god ting det òg.

[170] Håkon tok ikkje til å leva før dei hadde ranga av seg Stavsund og alt som til hørte. Han måtte få ta til *på nytt*. Nokon mild kur vart det gjerne ikkje, men kven hadde spådd han mildare for dem?

Ho sa til han i same gode dagstunda, han kom just og stod attmed henne: – Og så du da, som la i veg og vilde døy i frå oss?

Han stirde tomt på henne. Ho såg ho hadde sagt eit gale ord, derfor la ho til:

– Eg kom berre i hug at så vondt hadde du det.

– Det var 'n Periander som telefonerte i sta, sa han. Han krevde at eg kom dit.

Ragnhild vart raudlett med det same. No var det ho som stirde på han.

Endelig sa ho:

– Men *kunde* du ta i mot hjelp av andre?

– Ikkje nåde ein gong. Og det er det det spørers om no. Nåde.

Han stod og plagdes før han kom seg i gang med å fortele Ragnhild om vekselen, men det gjekk når det først bar til. Han fortalde så sant han kunde. – Uskadelig gjerning for alle sammen, sa han til slut. Uskadelig ja, men straffskyldig. No *har* dei meg. Dei sitt der og kan bruke han i morgo den dag.

– Kven da?

– Kven? Han Periander, veit eg.

Ragnhild såg på han og tagde.

– Eg veit ikkje kva *du* tenker på, sa han. Og med det same var han maktlaus av sinne så [171] han dirra i måle og alt med seg: – Tru det du vil tru, det skil ikkje meg! Han spakna snart att. – Det kan bli det same no ja. For no er eg da ferdig? He? Ja men enn 'n Hallvard, skal han måtte lide at far hans er på tukthuse, at far hans har vore på straff?

Ragnhild blir underlig i andlete. Ho smiler og ser på han; så ser ho ned.

– Det er no så ja, seier ho. Litt etter seier ho i ein annan tone: – Ja dette var for godt åt dem. Det må ikkje få hende.

Ho var sjølve berginga da ho sa det. Ho visste ei råd der ho stod. Ho visste råd for all ting. Han såg på henne og tenkte same tanken om att. Så tenkte han ingen ting.

– Du har da ikkje tilstått det? spurde ho

– Ikkje enno nei. Nei det kan eg ikkje. Eg kan ikkje det.

– Nei kva skulde det vera godt for? Det vilde vera *urett*, beint fram. For kva skil det dem?

Ho sa enno fleire gode ord. Han stod still og var glad. Han såg regnelingen piska i veg innover fjorden, med strie grå vass-strimer på skrå nedgjenom lufta. I det same kosta han med eine vengen over Stavsund òg, dei skulde ikkje vera glømt, han la full tyngd i det. Mest som det kom nokon ved her i garen. Vestover bygde der seg opp ei neling til, ein grå vegg ute i klårvêre, han buka seg som eit segl i stormen, og kom.

– Nei vi har da havt straff nok, sa Ragnhild. [172] Og når du enda var frisk, sa ho. Ja og visst det ikkje var borna det gjekk ut over.

Det sveiv for han at dette, eller noko liknande, hadde hendt før, ein gong langt att i gråe glømsla. Men da var det ikkje *slik*? Ja ja, det skilde han ikkje no, – det kunde ikkje hjelpe han no.

– Det skal no bli eit sveittetak for 'n Periander å få det på meg, sa han.

Og det skulde det bli. Han syntes han var menneske att, som i gamle dagar.

Da kom han i hug det, bert og tydelig: Det var Ragnhild som hadde forgått seg ein gong, og da var det han som skulde berge henne frå – ja frå det som no var over han sjøl. Frå øvrigheita. Frå undergangen.

Regne hadde jaga Ragnhild inn. No strødde vêre nokre haglkorn over væta og gjekk sin veg det òg.

– Ja men der er skilna! sa han. Herre gud, de ser da vel *skilna*! Eg har ikkje teke liv eg, eg har ikkje gjort noko gale. Elles skulde eg vel gå og gi meg opp sjøl eg òg, i denne dag.

Han sa det høgt. Han hørte det sjøl, det var tvilen i han som ropa slik, så elendig var det med han.

Ragnhild kom i hug den gongen ho òg. Men det var ikkje noko å tenke på no, det hørte ei anna tid til, no gjaldt det å sette stål i Håkon, så han var mann til å gå framgjenom dette som venta han.

[173] Men ho vart redd da ho hadde tenkt på det ei stund. Ulykka har sju andlet, og no snudde eitt av dem mot henne: Skulde Håkon for retten no midt i armoda og elende, da veit ingen korles det går, men gale går det. Arme kroken, han brytes i hop når dei tek til og handfer han, dei legg han i *strek*, gjer dei, rettferda kan ikkje gå ansles fram.

Ho var ikkje huga på å snakke med han, det gjorde vondt nokon stads, men uroa vann på henne, det var knapt ho kunde bie til dei vart for seg sjøl. Det vart ikkje før dei andre hadde lagt seg.

– Eg har tenkt litt meir over det vi snakka om, sa ho.

– Du òg? Han såg vonlaust på henne. Ja eg veit kva du vil seie. Og det kan eg da føye deg i; eg skal da gå. Men da blir det ikkje til Henningstad eg går. Eg går beinvegen da. Til lensmannen.

– Nei da, du vasar no. Ho sa det lystig, der var ingen ting som stod på. Nei det er just lensmannen vi skal undgå. Du må gå til 'n Periander og fortele han korles det *har* seg. Og be han vera nådig ja, be han vera stor mann. Det blir einaste råda. Bed Lea hjelpe deg! Ho har overtake på han, ho.

Håkon stod still. Han såg grått og dødt framfor seg.

– Det verste var det, sa Ragnhild, at du gjekk i banken med papire når du visste korles det hadde gått med Roland. Men du veit – –

[174] Han tok seg til panna da ho sa det. Rettno tumla han over ende, trudde ho.

– Du veit det går for det same det. Når du herre legg det fram for han, heile sanninga, heile vonløysa, så vinn du på han. Det kjenner eg på meg. Ja og så har vi a Lea, som sagt, det måtte vera derfor ho kom dit.

Håkon sette seg. Han stirde meir og meir hjelpelaus på henne. Det kom som eit stønn:

– Eg burde gå ja.

– Dess før dess bedre

- Eg kan det ikkje!
- Det skal vi snakke om i morgo.
- Du skjønner det ikkje, klaga han seg.
- Nei nei. Men kva triv du så til?
- Du ser på meg, sa han. Ja vel. No kan du sjå meg no. No ser du meg slik eg er. For slik er eg – du har visst det lenge du!

Og det såg ho, at lenger ned kunde han ikkje komma. Han har godt av det, fresta ho å seie seg; det må til. Men ho tykte det ikkje, det var for vondt å sjå. I same tida voks reddhugen i henne, det tok til og vart liv eller død om å gjera for henne òg, for korles *gjekk* det visst dei ikkje kom seg heilskinna utor dette? Kor ofte har eg ikkje tenkt at no er eg redd, kom ho i hug. Eg har aldri vore redd før no.

For dette klara ikkje Håkon. Aldri. Nei, herre gud, det var ikkje å vente heller. Og da?

Men litt var det, så visste ho det. Det var det [175] umuligaste som fanns, men like vel vart ho glad. Det fekk skje ja.

- Eg veit ei råd enno, sa ho.
- Råder nyttar det ikkje med no lenger
- Det er eg som skal gå. Jau, det er ålvore mitt det. Det er eg som må i veg. Ja visst skal eg det – kva kan ikkje eit listig kvinnfolk klare, når det gjeld å be for seg, å snakke ein stormann rundt?
- Skal eg lide det òg, meiner du?
- Vi lyt lide det baa to. Men først skal vi sova på det. Vi *skal* sova, hører du. Du lystrar da vel? smålo ho.

Han gjorde det. Han syntes han datt til sengs. Ho kunde ha svævd han som dei gjer med barne. Han datt og tumla bort i frå all ting.

\*

Morgonen etter var jorda kvit av hagl, men han var spak i vêre.

Ragnhild kom i hug da ho såg ut: Ein har set morgonen slik gong og annan, han ligg der uventa kvit i gråmørkre, ein frys og blir glad i same stunda. Og så kjem dagen over det, over likt og ulikt, og den eine av oss skal hit og den andre dit, men haugane og fjella dei står kur still mot himmelen. Slik som dei står der

no.

Håkon hadde ligge vaken lenge, skjønta ho. Men ei tid på natta sov han til gagns. Ho snakka ikkje med han før etter frukosten. Da kom han sjølmint, og ho såg han kjente seg fordømt til det.

[176] Hallvard hadde set frå den eine til den andre da han reiste seg frå borde. Ein vaksen mann, men alt for liten enno. Ho sa for gap ein gong, at born dei veit alt, men dei skjønner ingen ting. Ein seier ikkje vondare sanning enn når ein snakkar slik.

– Du tenker deg ut å gå da? sa Håkon.

Ho gjorde da det. Når ho fekk rydda opp litt i kring seg.

– Skulde vi ikkje heller la det vera? Vi gjer det. Lat det gå som det vil, det er bedre det! Han bad for seg.

– Skjemmes du ikkje, snakke slik?

– Å nei; eg skjemmes ikkje for nokon ting meir.

Ho såg lystig på han, rettelig skadeglad. Da fresta han å smile han òg:

– Du har rett i det som i alt anna, – eg burde ikkje nemne orde skam eg.

Ho stelte seg ferdig fortaste ho vann. Han gjekk og slong eller stod bortom stueveggen.

– Du må ha lykke på reisa da! helsa ho til han da ho gjekk. Så slapp han å seie det, om han hadde tenkt på det.

Det var fint nok å gå, vegen var hardfrosen, vêre var lyst og lett. Der var litt stillare enn vanlig i garane ho kom framom, syntes ho, men sjøduren stod i mot henne vestanfrå, og han var kjent og god; han var slett ikkje unådig i dag.

Og erende sitt skulde ho få utretta, ho var ikkje ute og gjekk i må-få.

[177] Men *når* skulde ein bli ferdig med slike vandringar? – Aldri!

Hadde det enda vore si eiga skam ho skulde be om nåde for! Ei kjerring som er ute og tigg for mannen sin, er armodslig nok. Har de set henne? Ho er ute og tilstår for bygda, at ho har den mannen ho fortente å få. Ja. Men når ho, når Ragnhild Stavsund måtte på bygda og be for sin mann, da var det dyrisk medferd, det sa ho beint ut. Det kunde dei kalle å tilstå, det.

Den første ho møtte i Henningstad-tune var Lea. Ho måtte ha vakta på henne frå vindaug. Ragnhild såg det straks på henne at ho visste om tilstande. Ho

skulde elles ikkje leva lenge, sågs det.

– Er det *du* som kjem? sa ho.

Ragnhild smilte: – Det vart til det ja.

– Men det er da ikkje sant? Han har ikkje gjort det?

– Det hender det er sant det som er gale òg, veit du.

– Herre gud! Nei eg trudde det ikkje da eg hørte det. Trudde ikkje orde av det, nei ikkje ein bokstav. Eg kan ikkje tru det enno. Eg kunde før trudd det vart kjeltring av *meg*.

– Så ille er det ikkje. Noko gale har han ikkje gjort.

– Det er vekselfalsk, om du vil vita det

– Seier 'n Periander ja.

– Snakk ikkje utidig no, Ragnhild. Det er ålvor.

[178] Ragnhild seier, i same smilen: – Er 'n Periander så rettferdig av seg? Da vil eg gå inn og be han om nåde.

– Ja gjer det. Bed vakkert, Ragnhild.

– Kunde ikkje du gjera det?

– Eg er ikkje lik meg lenger. Eg maktar ikkje nokon ting. Eg tør ikkje ein gong bli uvenner med han.

– Kva seier a Borgny da, er ho like glohatsk ho òg?

– Ho har reist sin veg, radt til hovudstaden. Ho var ikkje å snakke med; ho vilde ikkje sjå oss, langt mindre svara. Men, ho må da fram og vitne, visst det ber laust.

– Ja ja, sa Ragnhild, eg måtte ta på meg staskjolen og ut og gå, eg.

– Ja. Det har seg slik. Du blir aldri ferdig med ein god gjerning. Aldri. Det må gjerast om att og om att, live til endes. Det har eg ventelig fortald deg før, eg var ikkje meg sjøl utan det.

Dei gjekk inn. Men Periander var ikkje i stua. Lea fann han ikkje i heile huse. Ho kom og sette seg i benken breiddmed Ragnhild. Som dei skulde svara for same synda, fall det Ragnhild inn. Lea sukka.

– Eg snakka da med han, kan du vita, det litle eg var god til. Men enno har eg ikkje fortald han at eg er sjuk. Nei eg er ikkje mann for det, ikkje menneske til



det, vilde eg seie. Eg er så glad i han som eg skulde ha gjort han ei stor glede.

[179] – Kan hende du har gjort det òg, meinte Ragnhild.

Lea såg i take. Ho smilte ørande lite grand med seg sjøl. – Han er da snild nok, heldt ho ved. Du kan trøstig tala med han. Men vi har no ein gong lov og rett i lande, det er det.

Jaså, er det det som plagar han, sa Ragnhild med seg sjøl.

\*

Da gjekk døra opp, og Periander steig inn. Der fór ein smil gjennom Ragnhild: Den gode mannen Periander Henningstad vart ikkje så lite støkt med det same han såg henne. Men han kom seg tålig fort og såg henne i auga. Han spurde og svara seg sjøl, syntes ho.

Han sette seg, og snakka om vêr og vind og korles det stod til, same tomsnakke i dag som ein annan dag. Ho fekk hjelpe han før det slapp opp for han. Berre ho kunde vera stø nok i måle no.

– De skjønner visst kva erend eg er ute i.

Han tenkte seg om før han svara. – Var det mannen din som kom, da skjønna eg det.

– Det er for han eg er ute og går.

Periander hadde skjønna det ja, han smilte så opp i under som han berre kunde.

– Ja men han kjente seg ikkje helse for å gå sjøl. Han er ikkje frisk, det er det.

– Hm. Hm. Ja det var noko eg vilde ha spurd han om.

– Eg veit det.

[180] Periander såg på Lea og smilte brydd og lykkelig: – Det var det, at om vi skulde hjelpe han ut or verste uføre, så vilde eg høre – ja det var eit papir.

– Ja. Nei, som sagt, han var ikkje mann for å gå. Ikkje til Dykk nei. Før let han det gå til botns med seg og med oss. Eg er ute og bed om godt vêr for han.

Periander såg ned og smått rista på hovude – Det var vel ikkje meg du skulde be, om det.

– Eg bed dykk baa to.

Ho såg på Lea. Men Lea var liksom ikkje til stades. Ho var så reint undergitt

han, så handgitt til han, som Ku-Jon var det, bror hans, han som let han arve seg i levande live og som døydde av skire velviljen mot han og kom seg unda vegen. Lea, stakar, ho sat og berre såg på han, ho vart kuvåt i auga av det, og hellig i andlete, – ja ja ja, vi er da menneske heile smelta av oss, på det vise! Nei, det var Periander ho måtte gå på.

– De treng ikkje melde 'n Håkon for dette tullstreke hans. Det har ikkje valda nokon skade.

– Skade og ikkje skade, sa han og retta på seg. Vi har noko som heiter lov og rett i lande. – – Eg tenkte å skrive på papire eg òg, under namne hans som fall bort. Borgny var einig med meg, men papire vilde ho *ha*, eg skulde skrive ut eit nytt, sa ho. Men så kom ho til å sjå litt nærmare på namne. Ja, du veit sjøl.

[181] Ragnhild fortalde korles det hadde gått til. Slik var det, no visste han det, og da vilde ho han skulde tru det. Ho sa ei heil mengd da ho først kom i veg. – Og no vil eg høre kor pass hard mann De er, sa ho.

Ho venta i kald ro på svare. Vilde han sende henne heim med eit nei, da skulde han få lov til det. Det var å hemne seg på han. Håkon kom kanskje til å gjera seg einkvart gale, det gjekk gale med alt sammen da, men nokon skal lide det òg. Og Periander vilde bli ulykkelig av det.

Det vart Lea som svara, men ho skalv i måle.

– Må 'n Håkon òg på straff, da kjem eg til å døy *fort*.

Periander såg hastig på henne, ikkje alt for mildt. Auga hennes brann i mot han.

– Ja eg kan like snart fortele deg det. Eg er sjuk og har ikkje så fælt lenge att. Så eg har ingen rett til å kreve noko av deg. Eg har fare med svik i mot deg – eg er døyande menneske. Du kan vise meg døra i denne dag og stund.

Han såg vantruen på henne. Der etter såg han på Ragnhild. Ho nikka til han, og sa: Kreft. Da kvakk det i han. Etter kvart forandrast han i andletsdraga. Ragnhild kom i hug orde å bli lang i andlete: slik vart ein da. Ho tagde ho som dei andre to.

Lea beit seg i leppa, kanskje ho streid mot gråten. – Det raknar som saumen, som draumen, sa ho, bort frå dei andre.

[182] – Du skulde ha sagt meg det før, sa han endelig.

– Ho blir da frisk att, tok Ragnhild frami.

Han såg tungt på henne. – Trur du det?

– Ja eg gjer det. De fortener det i alle fall. De gjer snart ein god gjerning no, og det kan da umulig bli utan løn? Dei opererer for slikt fort vekk no, dei skjer bort av oss og sett inn nytt så det er eit under. Nei her er da god von enno, verre er det ikkje.

Periander lysna litt. Han sat og tenkte eit tak. – Gud han veit om gjerningen er god, sa han. Men eg kan da gjera han. *Eg* skal ikkje sende nokon i straff. I grunnen, ser du, så vilde eg berre snakke eit ålvorsord med Håkon.

Han reiste seg og dreiv bortover golve, kom att og stod framfor dem.

– Eg tek det på meg, så ulovlig det er. Og ikkje trur eg Borgny legg seg borti det heller. Og dei i banken, mumla han med seg sjøl og gjekk åt andre stua, dei spurde no berre – –

Han kom att med papire i handa. – Her er dokumente, sa han og heldt det fram for seg, og gav det så til Ragnhild: – Ta det med deg heim. Det blir du som gjømmar det til eit minne.

– Så har eg da eit minne eg òg ja, sa ho, og gjømte det utan å sjå på det.

Men Periander hørte ikkje det, han hadde snudd seg til Lea. Ragnhild reiste seg, ho vilde heim. Dei bad henne bie, bad både sterkt og vakkert, [183] men ho kunde ikkje føye dem i det. Ho takka for det eine som for det andre, og var snart i heimvegen.

\*

Ragnhild såg ikkje noko til Håkon da ho kom heim. Han kan da ikkje ha rømt? fór det i henne. Så gale stod det vel ikkje til med han? Ho spurde Hallvard, da ei stund hadde gått, han kom slengande i veggen hennes. Han stana og såg litt på henne før han svara.

– Vi har han da heime enno, sa han. Eg såg så vidt i han, ikkje lenge sia.

Han hadde visst einkvart meir han vilde sagt, men det vart til at han heller gjekk sin veg. Det var ho glad for, i denne stunda. – Håkon, den usælingen, han torde ikkje høre korles det hadde gått.

Ho fann han bortpå låven. Han stelte med hakkelsmaskina, det var så vidt han gløtta opp da ho kom.

– Jaså? sa han.

– Ja ha. Og velkommen att! svara ho. Da ho hadde venta litt, sa ho: – Det er overstått no, med Guds og Leas hjelp. Knappt nok at han hadde tenkt å gjera oss noko vondt. Eg har papire her, – ho la handa på barmen.

Da såg han opp. Han smilte, med auga på handa hennes:

– Ja da har det komme dit det skal.

Han vart ikkje glad, men det hadde ho ikkje [184] venta heller, han var for langt nede til det, enno. Ho var glad nok sjøl, for han måtte da kjenne grunnen under seg no? – Så glad i han som eg skulde ha gjort han ei stor glede, hørte ho Lea sa om denne gullbosten sin.

– Ja ja, sa ho. Men no skal du inn til nóns.

– Ja vel. Litt skal da eg òg gjera.

– Du snakkar stygt no! smålo ho, og før ho tenkte seg om hadde ho teke i hårfлисene på han og lugga.

Ho fór sin veg. Ho tålte ikkje sjå auga hans, kor umulig det var for dem å møte hennes i dag, det var som du plaga eit verjelaust dyr.

Gjentungen kom skvettande fram om nova og støyte til henne med eit illrop, skulde livskræme a mor, og vart stuss med da mora berre smilte. Men så var det glømt, og no fór ho, ho heldt eine foten i handa og hoppa på den andre, til ho datt; ho spratt opp igjen, og fresta om det gjekk bedre når ho bytta om fot.

Ein slik gjentunge er noko av det friskaste Vårherre har funne opp, syntes mora.

Håkon kom til å smile der han stod, ei stund etter ho hadde gått. No endelig kunde han det ja, men det var beistelig vondt. Det var til seg sjøl han smilte, men han smilte til verda og heile herligdommen med det same: Dette, godt folk, det var siste uretten som gjekk over meg!

Han stod still og såg det, kunde ikkje ha set annan ting om så låven brann ned over han. Eg [185] står som eg skulde fått nyserot i nasen, kom han endelig til å bli vår. – Ja men dette var siste uretten. Eg legg han der. Eg går i frå han. Så går eg inn og får meg mat, etter fattig evne.

Han gjekk inn. I dag som i går, som i gamle dagar. Og same menneske som før, for dei andre.

Og slik gjekk han dagar og folk i møte, same menneske som før men enda eit heilt anna eitt. Det kom for han at han hadde reist seg opp og gjekk på to. Det var berre det, at han heldt hovude ovom det som hadde vore retten eller uretten for han. Slik reiste Ragnhild seg, ein gong og all tida, og gjekk vegen sin. Ingen ting er større enn menneske da, der er ingen som har målt kor stort det er, såg han. Resten vilde han tenke over når han fekk helse til det.

Han møtte seg sjøl i spegelen når han raka seg. Ein såg same menneske der òg. Auga i han var gule som avundssjuka, men det var kanskje berre eit vitnemål for han sjøl: han var ikkje skapt til å vera ein av dei store og missnøgde åndene, dei som driv verda i veg. Han blunka til mannen i spegelen og var hjartans einig.

Han såg det same da han møtte Kasper Kiran ein dagen. – Veit du snart kven du er? spurde auga hans. K. K. var ein åndelig mann, han hadde trøsta si ute i den andre verda. Det fekk han ha, når han trong det, berre han ikkje mana åndene *hit*. Han såg i åndelig ro ned på den han snakka [186] med. På Håkon såg han ned i eit slag medkjensle. Han skjønna tilstande i garen. Han, som ikkje var av denne verda, han skjønna seg fram i henne rundt og godt, hadde skjønna seg fram til jordisk velstand.

Håkon såg stilt og djupt på han, slik ein lykkelig skapning ser på nokon kvar. Han glømte å høre etter kva den andre sa, – så svara han på må og få:

– Menneske har stadig levd i ei overgangstid, og det same kjem det til å gjera her etter. Det er ikkje nøgd minders det har noko å vera missnøgd med; det er ikkje til utan det. Ei anna sak er det, at hadde det ingen nakke å bera fan på, da hadde det ingen fan heller. Meg tok dei han i frå med makt. Det letta, skal du tru. Men størst er menneske når det må reise seg opp og vera berre menneske. Det har ikkje du røynt. Ja far vel da!

Dei gjekk kvar sin veg, så ulike som dei var. Håkon gjekk ikkje heim til Ragnhild, han hadde ymse å pusle med ute. Ho hadde sitt å pusle med. Det var denne auksjonen dei laut bu seg til.

Ho hadde det nær ved seg alt ho stelte med. Det hørte henne *til*. Men enda tenkte ho kanskje på langframmande ting ho òg? Ho tenkte på framtida deres om ikkje anna. – Du *veit* du tåler ikkje fryse på føtene! hørte han ho sa. – Den tingen her kjøper eg, han kan da ikkje bli så dyr?

Han stana i undring over klårvêre i kveldinga: Botnen hadde falle utor vassdeplane på vegen, og ei himmelshøgdedunder dem såg ein blåhimmelen og kvitskyene, og store gule stjerner; dei var [187] så himmelsk store, men så var det berre gulna lauvblad nedpå sølebotnen, – slik var det. Dei kunde da vera stjerner gode nok for det.

Ein dagen fór han til byen, åt dokteren der. Han vart formana om å vera varsam, slik og slik, men elles stod det så nokon lunde til.

Ein dag seinare kom så Periander og Lea framom Stavsund, no skulde *dei* i veg. Han hadde endelig overtala henne at ho skulde freste ein operasjon, og sia var det ho som hadde overtala han, for når den eine våga det, da veik den andre unda. No vilde dei høre kva sjukehus-dokteren meinte; så fekk *han* ta andsvare.

Lea var still av seg, men ho såg lykkelig ut. – Eg undres på korles det går eg, var mest alt ho sa. Periander kom knapt i hug han hadde havt noko med Håkon å gjera, han var meir ålvorlig ute i det enn som så. Han sa til Ragnhild, det hørtes som han retta handa i vêre og svor det:

– Går det vel og bra dette her, da – ja da skal der bli ei råd med andre ting òg!

Han såg slik på henne, at det vart tydelig kva han meinte: han vilde hjelpe dem. Ein ørliten smil gjekk over andlete hennes. Håkon kjente godt den smilen: Der stod ein kjempe framfor henne, men kjempen var eit barn som trong hjelp, Vårherre skulde høre denne lovnaen, var meininga. For henne vilde det vera synd å le til eit barn.

– Kunde eg det, da vilde eg vera med dykk, svara ho.

[188] Periander telefonerte til Stavsund dagen før operasjonen skulde gå for seg. Der var god von. Ragnhild fekk snakke eit par ord med Lea. Dagen etter ringte han opp at det var overstått. Det hadde gått bra. Ragnhild tenkte alt på å reise til byen, og Håkon vart huga på å bli med. Han vilde gjerne snakke med folk, han hadde havt nok av sitt eige selskap no for det første. – Når menneske gir seg ut i einsemda, tenkte han, da må det vera enten profet eller fe. Elles går det i berg. Men den dagen telefonerte Periander at Lea var død. Ho hadde døydd om natta.

Dei hørte seinare at ho hadde døydd åleine, og stilt, ingen merka det før ho var kald.

Periander kom til Stavsund med like. Det vart gravførd der i frå.

Periander vart gåande på Stavsund og tusle dagen etter likferda. Han såg på Håkon eller Ragnhild somtid, skulde visst ha sagt einkvart, men kom seg ikkje i veg med det. Ingen av dem kunde hjelpe han på glid. Først om kvelden tok han seg for og kjørte heim.

Nokre dagar seinare stod tvangsauksjonen over mølnbruke på Stavsund utlyst i blada. Dei hadde venta at garen vart ophengt først, det var på den at meste og eldste renta stod for. Håkon hørte seg for i banken. Dei svara at renta på det pantelåne var betalt. Han spurde ikkje om meir, det var Periander som hadde vore fram.

Han snakka med Ragnhild om det, og same [189] dagen tok han på seg og gjekk utover. Han fortalde korles det var, at dei vilde gå i frå heile stasen, dei kunde ikkje anna gjera. Periander tagde til det. Litt etter slo han frampå om at kvennbruke kom til å bli billig, Håkon kunde kjøpe det att, og leva av det? Håkon rista på hovude: Det kunde vera bra nok, men *han* var ferdig med det, og det skulde vera tilstått i både ord og gjerning. Han fekk gå i frå det slik han hadde stelt det. Og da Periander berre såg på han, sa han:

– Torde De hjelpe meg til å kjøpe eit lite rom, så vidt der var berging for ein to tre menneske, da skulde eg takke Dykk. Eg er ikkje for stor til det nei, la han til og smilte ned mot golve. Periander spurde kva der så skulde bli av Hallvard.

Han skulde ut og arbeide for føda på eitt eller anna vise. Sia kunde han komma heim og arbeide, om dei da hadde nokon heim til han. Kan hende han fekk helsa og hugen, så han tok att Stavsund ein vakker dag. Det kunde vera litt å arbeide for. Det stod på kva slag ty der var i han. – Eg kjem knapt nok til å døy gjeldfri mann, sa han til slut. Den draumen har eg òg drepe no, i lag med andre draumar, men eg kjem da i alle fall til å døy.

Periander tykte ikkje det var høvelig sagt, og såg ned på hendene sine.

Håkon hadde heller ikkje meir å seie, han vilde gå som det høver seg ein slegen mann. Periander var med utom døra, og der sa han at litt hjelp [190] skulde der bli råd med. Håkon hadde vonsvike han meir enn ein gong, og ikkje minst i dag, – men kanskje det er no først eg lit på deg like vel, sa han.

Dei fekk kjøpar til Stavsund same dagen mølnbruke vart seld. Det var bygdefolk som kjøpte det, jamnaldringar med Håkon, og garen vilde dei ha attåt.



Dei tenkte stort, kunde ein skjønna. Pengane hadde dei sikra seg på einkvan måten, dei såg oppgangstider framfor seg og måtte skynde seg, og dei betalde så bra at Håkon stod der med berre ein smaltvoren restgjeld. – Den vil eg ha på nakken, til eit lite minne, let han.

Periander løyste av dei gamle kausjonistane, og glad var *dei*.

Tidlig om våren flytta Stavsundfolke til Leaheimen, som folk kalla det. Det var romme som ho og mannen hennes hadde rydda seg. Solstrand hadde *ho* døypt det, og det fekk det heite, enda der var i knappaste lage med sol. Noko stasrom var det ikkje, men så hadde ein den vona at dei kunde få seg eit likare rom sia. Det var Periander som så endelig vilde ha dem dit. Den heimen skulde ikkje stå øde, tykte han. Og når han var så stort eit barn, da laut dei føye han. Så dit bar det med dem ja, og lat no det vera godt.

Hallvard var alt i tenest på ein gar i grannebygda. Han tok lagnaen som eit vaksemenneske, så vidt dei kunde sjå.

Da dei stod på gonga frå Stavsund, sa Håkon til Ragnhild:

[191] – Vi får seie det er sjølgjort, om det ikkje er velgjort.

– Det hastar ikkje med å seie nokon ting, svara ho. Eg er redd det er ikkje så snarsagt. Kom no!

Ho nugga borti han. Siste flyttelasse hadde alt fare i veg.

Vesle Tale var den som tok det tyngst i dag. Katten hennes nekta tvert å flytte med. Sist på sprang han og gjømte seg for henne. Dei fortalde henne at katten er ein rangsnudd skapning, han kan ikkje flytte frå garen.

Så gav dei seg i veg da. Det var om føremiddagen, ein vårdag med nysnø. Sola stod som ho var blinda av sitt eige lys. Ein kunde kalle det solstrand all veg frammed fjorden i dag. Det er hugna i vakkert vêr, særlig når ein skal flytte. – Himmelen smiler til oss i dag, hadde nokon sagt ein gong.

Som snarast undra dei seg både Ragnhild og Håkon, kva folk meinte om denne flyttinga, dei som balar med synd og straff og slike ting. Kan hende folk var glad at dei slapp å tenke det til endes? Men det var det. Dei to gjekk med smågjenta millom seg, og skyndte på gonga så dei nådde att flyttelasse før det kom fram.

**Noter:**

[n1.](#) Ragnhild] *rettet fra:* Ragnhold

[n2.](#) ho.] *rettet fra:* ho

---

Olav Duuns *Siste leveåre* er lastet ned gratis fra [bokselskap.no](http://bokselskap.no)